

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XI. 176.



JORDBRUKSSTATISTIKK  
1953

Agricultural statistics 1953

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO 1954

## Norges Offisielle Statistikk, rekjkje XI.

*Norway's Official Statistics, series XI.*

### Rekkje XI.

### Prenta 1953.

- Nr. 132. Norges kommunale finanser 1948/49 og 1949/50. *Municipal finances.*
- 133. Norske skip i utenriksfart 1949 og 1950. *Norwegian vessels in foreign trade.*
- 134. Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1952. *Population in rural district and towns.*
- 135. Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1952. *Municipal debt and cash balance etc.*
- 136. Telegrafverket 1951—52. *Télégraphes et téléphones de l'Etat.*
- 137. Alkoholstatistikk 1951—1952. *Alcohol statistics.*
- 138. Syketrygden 1950. *Assurance-maladie nationale.*
- 139. Norges Brannkasse 1950—1952. *National fire insurance office.*
- 140. Veterinærvesenet 1950. *Service vétérinaire.*
- 141. Sinnssykehusenes virksomhet 1951. *Hospitals for mental disease.*
- 142. Norges handel 1951. *Foreign trade of Norway.*
- 143. Nasjonalregnskap 1900—1929. *National accounts.*
- 144. Statistisk årbok 1953. *Statistical yearbook of Norway.*
- 145. Folketellingen 1. desember 1950. I. Folkemengde og areal i de ymse administrative inndelinger av landet. Hussamlinger i herredene. *Population census December 1. 1950. I. Population and area of the various administrative sections of the country. Agglomerations in rural municipalities.*
- 146. Folketellingen 1. desember 1950. II. Folkemengden fordelt etter kjønn, alder og ekteskapelig stilling. *Population census December 1, 1950. II. Population by sex, age and marital status.*
- 147. Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1950. *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*
- 148. Folkemengdens bevegelse 1951. *Vital statistics.*
- 149. Norges fiskerier 1951. *Fisheries statistics of Norway.*
- 150. Norges elektrisitetsverker 1950. *Electricity plants.*
- 151. Skolestatistikk 1949—50. *Instruction publique.*

### Rekkje XI.

### Prenta 1954.

- Nr. 152. Økonomisk utsyn over året 1953. *Economic survey.*
- 153. Folketellingen 1. desember 1950. VII. Trossamfunn. *Population census December 1, 1950. VII. Religious denominations.*
- 154. Skogstatistikk 1952. *Forestry statistics.*
- 155. Folketellingen i Norge. 3. desember 1946. VI. Yrkesstatistikk. *Recensement du 3 décembre 1946. VI. Statistique de professions.*
- 156. Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1951. *Medical statistical report.*
- 157. Husholdningsregnskaper for høyere funksjonærer april 1952—mars 1953. *Family budget studies for salaried employees in the higher income groups.*
- 158. Skattestatistikken 1951—52. *Tax statistics.*
- 159. Telegrafverket 1952—53. *Télégraphes et téléphones de l'Etat.*
- 160. Syketrygden 1951. *Assurance-maladie nationale.*
- 161. Norges private aksjebanker og sparebanker 1952. *Commercial and savings banks in Norway.*
- 162. Norges bergverksdrift 1952. *Norway's mining industry.*

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XI. 176.



# JORDBRUKSSTATISTIKK 1953

Agricultural statistics 1953

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1954

Utkomen før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127.

Jordbrukstellingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholtet m. v. XI nr. 40.

Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.

Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det serskilte jordbrukssteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketelljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av serskilte etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndernes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

## **Føreord.**

Dette heftet inneholder resultata frå ei representativ jordbrukssteljing pr. 20. juni 1953. I Statistiske Meldinger 1953, nr. 12, gav Byrået ei førebels melding om desse resultata. Omfram oppgåver over areal og husdyrhald, vart det også henta inn oppgåver over korleis bruken ligg til, driftstilhøva, bygningane, vassforsyninga og omsetnadstilhøva. Ein har også med resultata frå ei serskild representativ husdyrteljing pr. 31. desember 1953. I dette heftet vil ein elles finna oppgåver over avkastninga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn også eit oversyn over verksemda til Jordskifteverket og fjøsrekneskapslaga.

I 1949 var det fullstendig jordbrukssteljing. Då vart det henta inn ein heil del oppgåver som ein ikkje har med ved dei årlege teljingar. Oppgåvene frå 1949-teljinga er prenta i tre tabellhefte. Dessutan er det eit fjerde hefte med oversyn over alle teljingsresultata samanlikna med tidlegare oppgåver.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo 3. april 1954.

**Kaare Petersen.**

---

**Paul Barca.**

## Innhald.

	Side
<b>Oversyn.</b>	
Det statistiske materialet .....	7
Areala .....	7
Maskinar og reiskapar .....	11
Jordskifte .....	12
Avlinga, jordbruket og hagebruket .....	12
Bruken av kunstgjødsel, kraftfør og fôrkonserveringsvæske .....	20
Husdyrhaldet .....	23
Fjøskontrollen .....	30
Husdyrprodukta .....	31
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m. ....	37
Lønene i jordbruket 1953/54 .....	48
Korleis bruka ligg til, driftstilhøve, bygningar, vassforsyning og omsetnadstilhøve .....	51
Korleis bruka ligg til .....	51
Driftstilhøve .....	59
Reiskap og trekk-kraft til ymse jordbruksarbeid .....	64
Driftsbygningane .....	71
Vassforsyninga .....	75
Omsetnadstilhøve .....	77
<b>Tabellar.</b>	
I. Jordbruksarealet i 1953. Dekar .....	86
II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1953 .....	88
III. Avlinga i jordbruket 1953 .....	90
IV. Avlinga i hagebruket 1953 .....	95
V. Jordskifte 1859—1952 .....	98
VI. Oppgåver frå fjøskontrollaga 1905—1952 .....	99
VII. Lønene i jordbruket. Menn .....	100
VIII. Lønene i jordbruket. Kvinner .....	102
IX. Lønene i jordbruket 1953/54 jamfört med 1952/53 og 1938/39 .....	104
X. Korleis bruka ligg til .....	106
XI. Driftstilhøve .....	111
XII. Brukstalet delt etter bruken av trekk-kraft, reiskap o. a. ....	114
XIII. Driftsbygningar og vassforsyning .....	118
XIV. Omsetnadstilhøve .....	120
<b>Vedlegg.</b>	
Rundskriv og skjema .....	122

## Contents.

	Page
<b>General survey</b>	
The statistical material .....	7
Area .....	7
Machinery and equipment .....	11
Redistribution of intermixed holdings .....	12
Crop, agriculture and horticulture .....	12
Use of commercial fertilizers, feedstuff, silage conservatives .....	20
Number of domestic animals .....	23
Dairy accounting units .....	30
Livestock products .....	31
Prices for agricultural products, producer goods, etc. ....	37
Wages in agriculture 1953/54 .....	48
Location of farms, conditions for farming, agricultural buildings, type of water installation on farms, and marketing conditions.....	51
Location of farms .....	51
Conditions for farming .....	59
Use of farm equipment and traction-power for agricultural work.....	64
Agricultural buildings .....	71
Type of water installation on farms.....	75
Marketing conditions .....	77

### Tables.

I. Agricultural area in 1953. Decares.....	86
II. Number of domestic animals, June 20th 1953.....	88
III. Agricultural production in 1953.....	90
IV. Horticultural production in 1953.....	95
V. Redistribution of intermixed holdings 1859—1952.....	98
VI. Dairy accounting units 1905—1952.....	99
VII. Wages in agriculture. Men.....	100
VIII. Wages in agriculture. Women.....	102
IX. Wages in agriculture 1953/54 compared with 1952/53 and 1938/39.....	104
X. Location of farms .....	106
XI. Conditions for farming .....	111
XII. Farms by use of traction-power, farm equipment, etc.....	114
XIII. Agricultural buildings and type of water installation on farms.....	118
XIV. Marketing conditions .....	120

### Appendices.

Circulars and questionaries.....	122
----------------------------------	-----

## Oversyn.

### Det statistiske materialet.

Den representative teljinga pr. 20. juni 1953 er gjennomført på same måte som i åra 1946—1948 og 1950—1952. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. Alle herad og bruksklassar var representerte i utvalet i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

Den fullstendige jordbrukssteljinga i 1939 låg til grunn for utvalet av representative bruk i 1946—1948. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1953 byggjer på oppgåver frå 22 808 bruk. Dette er 10,69 prosent av alle bruken over 5 dekar. Desse bruken hadde i alt 1 098 332 dekar jordbruksareal i 1949. Det svarar til 10,70 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk over 5 dekar.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1953 ved dei bruk som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg attarst i boka.

### Areala.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealet i åra 1939 og 1945—1953.

Tabell 1. Åker- og hageareal. Bygdene i alt.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Dekar.						
1939.....	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1945.....	1 843 576	646 333	250 360	71 615	293 484	3 105 368
1946.....	1 704 527	623 853	199 006	401 708		2 929 094
1947.....	1 501 036	568 589	175 561	424 710		2 669 896
1948.....	1 496 493	648 830	171 844	384 945		2 702 112
1949.....	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950.....	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951.....	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952.....	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
1953.....	1 744 361	561 483	173 268	64 467	363 599	2 907 178
b) Relative tal. 1939=100.						
1939.....	100.0	100.0	100.0		100.0	100.0
1945.....	100.4	127.5	111.1		97.0	105.4
1946.....	92.8	123.1	88.3		106.7	99.4
1947.....	81.7	112.2	77.9		112.8	90.6
1948.....	81.5	128.0	76.2		102.2	91.7
1949.....	82.8	114.9	68.5		117.9	91.7
1950.....	85.4	116.3	73.7		104.7	92.3
1951.....	87.9	115.4	73.5		111.0	94.5
1952.....	91.9	114.3	73.1		112.7	97.0
1953.....	95.0	110.8	76.9		113.7	98.7

For åra 1940—1944 viser ein til tidlegare utgåver.

Akerarealet vart auka under krigen. Det var størst i 1942 med 3 388 000 dekar. I 1945 hadde arealet gått noko tilbake, men var framleis større enn i 1939. Nedgangen heldt fram eit par år etter at krigen slutta. Sidan har det stort sett vori auke, men enno er arealet mindre enn i 1939. I 1953 var samla areal åker og hage 1,3 prosent mindre enn i 1939. Nedgangen har vori sterkest for rotvokstrane. Også kornarealet var mindre enn i 1939, men det vart nytta større areal til poteter og grønsaker i 1953 enn i 1939.

I tabell 2 finn ein meir detaljerte oppgåver over jordbruksarealet for åra 1949, 1952 og 1953. Tabell I bak i boka viser arealet i 1953 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

*Tabell 2. Bruken av arealet i 1953 samanlikna med 1952 og 1949.*

	Arealet i dekar			Brigde 1949–53		Brigde 1952–53	
	1949	1952	1953	I dekar	I pct.	I dekar	I pct.
Haustkveite .....	7 133	4 751	8 379	+ 1 246	+ 17.5	+ 3 628	+ 76.4
Vårkveite.....	301 142	200 569	164 541	÷ 136 601	÷ 45.4	÷ 36 028	÷ 18.0
Haustrug .....	5 634	2 792	4 226	÷ 1 408	÷ 25.0	+ 1 434	+ 51.4
Vårrug .....	4 264	2 449	1 942	÷ 2 322	÷ 54.5	÷ 507	÷ 20.7
Bygg .....	399 563	640 279	812 675	+ 413 112	+ 103.4	+ 172 396	+ 26.9
Havre .....	758 499	801 565	723 325	÷ 35 174	÷ 4.6	÷ 78 240	÷ 9.8
Blandkorn .....	38 982	32 732	26 420	÷ 12 562	÷ 32.2	÷ 6 312	÷ 19.3
Erter .....	4 872	3 573	2 853	÷ 2 019	÷ 41.4	÷ 720	÷ 20.2
Korn og erter i alt...	1 520 089	1 688 710	1 744 361	+ 224 272	+ 14.8	+ 55 651	+ 3.3
Grønför .....	163 607	118 728	109 038	÷ 54 569	÷ 33.4	÷ 9 690	÷ 8.2
Potet .....	582 410	579 473	561 483	÷ 20 927	÷ 3.6	÷ 17 990	÷ 3.1
Fôrnepe .....	47 453	43 224	43 870	÷ 3 583	÷ 7.6	+ 646	+ 1.5
Kålrot .....	71 802	78 922	91 329	+ 19 527	+ 27.2	+ 12 407	+ 15.7
Fôrbete .....	23 861	26 390	17 979	÷ 5 882	÷ 24.7	÷ 8 411	÷ 31.9
Fôrmergkål .....	11 263	16 247	20 090	+ 8 827	+ 78.4	+ 3 843	+ 23.7
Grønsaker .....	43 012	62 328	64 467	+ 21 455	+ 49.9	+ 2 139	+ 3.4
Andre vokstrar på åker og i hage <sup>1)</sup> ...	199 338	213 013	214 604	+ 15 266	+ 7.7	+ 1 591	+ 0.7
Brakk .....	38 178	30 153	39 957	+ 1 779	+ 4.7	+ 9 804	+ 32.5
I alt åker og hage...	2 701 013	2 857 188	2 907 178	+ 206 165	+ 7.6	+ 49 990	+ 1.7
Eng {	Eng på dyrka jord .....	4 864 775	4 721 889	4 708 778	÷ 155 997	÷ 3.2	÷ 13 111
Eng							
til							
slått							
Natureng {	Natureng på innmark .....	1 097 301	985 079	964 649	÷ 132 652	÷ 12.1	÷ 20 430
beite							
Kul-							
tur-	på dyrka jord på overflate- dyrka jord ...	258 997	280 254	257 987	÷ 1 010	÷ 0.4	÷ 22 267
beite							
I alt jordbruksareal..	10 455 631	10 367 907	10 385 958	÷ 69 673	÷ 0.7	+ 18 051	+ 0.2
Av dette: Dyrka jord	8 123 272	8 199 736	8 215 616	+ 92 344	+ 1.1	+ 15 880	+ 0.2
Innmark ..	10 077 168	10 106 321	10 139 172	+ 62 004	+ 0.6	+ 32 851	+ 0.3

<sup>1)</sup> Jordbær og bringebær rekna med.

Kornarealet i 1953 var ca. 56 000 dekar større enn i 1952. Det er ein auke på 3,3 prosent. Det var auke i arealet også i åra 1949—1952, slik at samla areal korn og erter til mogning var ca. 224 000 dekar eller 14,8 prosent større i 1953

enn i 1949. Kornarealet auka siste året i alle fylka på Austlandet og i Rogaland. Auken sidan 1949 var størst i Hedmark og Vestfold med 25—30 prosent. I dei andre fylka på Austlandet, med unnatak av Telemark, var det 12—17 prosent auke, og i Rogaland var kornarealet ca. 8 prosent større enn i 1949. I Trøndelag var kornarealet knapt så stort som i 1952, men vel 10 prosent større enn i 1949. I resten av landet har kornarealet gått tilbake. Nedgangen har vori relativt sterkest i Hordaland, Sogn og Fjordane og Troms. Her var kornarealet i 1953 berre halvparten så stort som i 1949. Også i visse delar av Austlandet har kornarealet gått tilbake. I nordre Østerdalen, Valdres, Hallingdal og øvre Telemark har det vori heller sterkt nedgang.

Arealet til vårkveite har gått tilbake med ca. 36 000 dekar siste året. Sidan 1949 er det ein nedgang på ca. 137 000 dekar eller 45,4 prosent. Haustkveitearealet har også noko. Det er nokon auke i arealet til haustrug òg, men det er framleis små areal som blir nytt til haustsæd. Byggarealet har også auke kvart år sidan 1949. Siste året var det ein auke på 172 000 dekar eller 26,9 prosent. Det har vori auke i alle strøk, der korndyrkinga spelar noko større rolle. I 1953 vart det dyrka bygg på ca. 813 000 dekar. I 1949 var byggarealet knapt halvparten så stort. Auken av byggarealet har i første rekke gått ut over kveitedyrkinga, men det har også ført til nedgang i havrearealet. Denne omlegginga kjem sterkest til syne i Hedmark. Her vart ca. 20 prosent av kornarealet nytt til bygg i 1949, men ca. 60 prosent i 1953. Byggarealet har også relativt sterkest i Østfold og Vestfold, der det vart dyrka heller lite bygg i 1949. I heile den tida ein har statistikk for (frå 1835) er det havre som har vori dyrka på det største arealet. Bygget har stort sett vori nummer to, men i 1944 og 1945 var kveitearealet større enn byggarealet. I 1953 vart det dyrka bygg på eit større areal enn det som vart nytt til havre, medan kveitearealet var mindre enn nokon gong tidlegare i dei siste 20 åra. Havrearealet gjekk siste året tilbake med vel 78 000 dekar eller 9,8 prosent. Arealet er no 5 prosent mindre enn i 1949. Berre i Østfold, Akershus og Vestfold var det nokon auke i høve til 1949. Arealet til vårrug, blandkorn og erter til mogningskjøring gjekk siste året tilbake med ca. 20 prosent.

Potetarealet har synt litt nedgang dei siste åra. Frå 1952 til 1953 var nedgangen ca. 18 000 dekar eller vel 3 prosent. Nedgangen var sterkest i Hedmark — knapt 12 prosent. I dei fleste fylke var nedgangen svært liten. I Buskerud, Aust-Agder og Rogaland var det ein liten auke i arealet. I høve til 1949 har potetarealet gått tilbake med knapt 4 prosent. Det har vori nedgang i alle fylke på Austlandet. I Hedmark er det 18 prosent nedgang og 2—8 prosent i dei andre fylka på Austlandet. Elles i landet har det sort sett vori litt oppgang i høve til 1949.

Arealet til rotvokstrar og fôrmergkål auka med ca. 8 000 dekar siste året. Det var noko meir kålrot og fôrmergkål, men mindre forbete enn i 1952. Storparten av auken i dyrkinga av rotvokstrar fall på Austlandet. I Trøndelag og Nord-Noreg var det nedgang både siste året og i høve til 1949.

Også grønsakarealet var noko større i 1953 enn i 1952. Det har også med om lag 50 prosent sidan 1949.

Samla areal åker og hage var ca. 50 000 dekar større enn i 1952. Auken skriv seg serleg frå kornarealet. Sidan 1949 har åker- og hagearealet auka med 7,6 prosent. Det var auke i alle fylka på Austlandet, Vestlandet og i Trøndelag.

Engarealet har framleis gått litt tilbake. Samla slåttengareal var knapt 50 000 dekar mindre enn i 1952. Nedgangen har vori relativt sterkest for utslåttene, som har gått tilbake med 12,1 prosent siste året og med 47,5 prosent sidan 1949. Arealet av slåtteng på dyrka jord gjekk berre ned med 0,3 prosent siste året, og det var 3,2 prosent mindre enn i 1949. Beitearealet på dyrka jord gjekk tilbake siste året, men det var auke i kulturbetitearealet på overflatedyrka jord. Samla beiteareal har også noko.

Både arealet av dyrka jord i alt, innmarksarealet og samla jordbruksareal har auka litt sidan 1952.

Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og samla åker- og hageareal.

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1953 i høve til 1949 og 1952.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949=100.					
Østfold .....	115.7	92.2	112.6	102.4	110.8
Akershus .....	117.3	93.3	114.9	84.7	108.6
Hedmark .....	129.4	81.7	103.4	75.7	111.4
Oppland .....	112.0	96.2	101.2	75.0	103.6
Buskerud .....	112.7	92.8	114.2	118.0	110.8
Vestfold .....	124.8	96.5	108.3	98.3	114.4
Telemark .....	104.5	98.4	122.9	114.0	106.1
Aust-Agder .....	87.5	104.5	133.1	105.6	99.8
Vest-Agder .....	74.3	100.1	135.7	89.1	89.1
Rogaland .....	107.5	100.2	131.7	130.0	112.1
Hordaland .....	59.6	96.1	142.5	121.4	105.1
Sogn og Fjordane.....	43.8	100.8	154.7	122.1	101.5
Møre og Romsdal .....	88.4	103.8	136.0	110.5	102.3
Sør-Trøndelag .....	111.1	103.6	90.3	81.5	105.0
Nord-Trøndelag .....	112.1	104.3	98.5	81.5	107.2
Nordland .....	90.8	102.0	66.4	80.7	91.7
Troms .....	53.8	105.3	70.2	91.9	98.0
Finnmark .....	—	81.6	34.5	79.4	79.8
Bygdene i alt .....	114.8	96.4	112.2	96.4	107.6
b) Relative tal. 1952=100.					
Østfold .....	103.4	97.4	104.3	116.0	103.8
Akershus .....	103.9	99.5	110.4	101.5	103.3
Hedmark .....	109.3	88.3	109.5	98.0	104.6
Oppland .....	101.9	98.8	133.5	88.4	100.5
Buskerud .....	102.2	100.5	109.4	109.6	103.7
Vestfold .....	108.7	96.7	105.7	103.5	105.7
Telemark .....	105.4	99.4	109.1	116.9	106.7
Aust-Agder .....	95.7	101.3	104.2	94.8	97.7
Vest-Agder .....	92.2	98.3	87.6	86.9	92.4
Rogaland .....	103.7	101.2	104.6	101.7	102.8
Hordaland .....	98.2	93.9	106.4	108.1	101.6
Sogn og Fjordane.....	71.0	96.7	102.3	99.9	95.9
Møre og Romsdal .....	91.1	97.0	102.8	101.0	96.7
Sør-Trøndelag .....	97.3	97.9	92.7	91.7	96.6
Nord-Trøndelag .....	99.1	95.3	97.4	97.0	98.1
Nordland .....	95.3	98.2	84.1	88.0	93.9
Troms .....	83.7	97.2	71.6	89.3	93.5
Finnmark .....	—	89.0	66.7	108.6	101.8
Bygdene i alt .....	103.3	96.9	105.1	100.9	101.7

Tabell 4, som gjeld oppgåver frå Landbruksdepartementet, syner kor store areal som vart *nydyrka* (fulldyrka) og *overflatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grafta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1945—1952.

Tabell 4. Dyrking og grøfting med tilskot og lån 1945—1952.

	Fulldyrka	Overflatedyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1945 .....	23 693	9 982	26 534
1946 .....	27 269	11 794	24 992
1947 .....	28 330	16 090	17 494
1948 .....	31 136	18 639	17 757
1949 .....	32 732	19 403	17 915
1950 .....	34 831	27 597	19 626
1951 .....	30 823	26 637	15 217
1952 .....	33 043	26 055	19 280

Tabell 5 gjev dei same oppgåvene fylkesvis for 1951 og 1952.

Tabell 5. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1951	1952	1951	1952	1951	1952
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold .....	113.1	190.7	59.3	76.6	2 872.0	4 399.9
Akershus.....	488.3	492.3	31.0	33.0	347.7	837.0
Hedmark .....	4 570.6	5 894.8	857.2	487.9	1 130.7	2 198.8
Oppland .....	2 325.1	3 241.7	1 767.8	1 577.3	704.3	1 256.5
Buskerud .....	632.2	684.8	606.2	789.1	322.0	608.1
Vestfold .....	74.3	186.4	186.0	112.9	2 014.0	2 467.1
Telemark .....	401.4	412.3	1 196.0	1 231.4	558.2	548.6
Aust-Agder.....	318.0	305.0	300.3	373.1	483.9	621.8
Vest-Agder .....	668.9	724.8	1 106.1	1 287.9	455.4	474.0
Rogaland .....	1 090.2	1 206.3	3 372.8	3 447.8	483.4	391.4
Hordaland .....	1 216.8	1 198.1	2 828.3	2 907.2	326.5	387.0
Sogn og Fjordane .	1 689.0	1 871.0	4 150.6	4 599.3	210.1	249.8
Møre og Romsdal .	2 368.4	2 358.7	4 009.7	2 642.1	772.3	698.9
Sør-Trøndelag ....	2 000.9	1 754.3	1 421.2	1 653.8	1 343.9	1 036.5
Nord-Trøndelag ...	1 973.0	2 061.2	1 379.8	897.9	1 516.3	1 675.1
Nordland .....	4 037.8	3 866.2	2 272.7	2 322.2	1 085.7	896.0
Troms .....	4 454.9	3 997.5	1 033.0	1 508.2	465.7	376.9
Finnmark .....	2 399.7	2 596.8	58.7	107.6	125.2	156.5
Bygdene i alt .....	30 822.6	33 042.9	26 636.7	26 055.3	15 217.3	19 279.9

### Maskinar og reiskapar.

Til vanleg samlar ein inn oppgåver over maskinar og reiskapar ved brukar berre i samband med dei 10-årlege fullstendige jordbrukssteljingane. (Sjå publikasjonane frå Jordbrukssteljinga 1949.)

Tabell 6 og 7 viser innførsla og innanlandsk produksjon av sume landbruksmaskinar og reiskapar.

Tabell 6. Innførsel. Stk.

	Separatorar	Slåmaskinar og sjølv-bindarar	Traktorar	Treskjeverk
1945.....	4 050	3 687	101	402
1946.....	6 561	3 128	672	381
1947.....	4 316	2 873	1 476	398
1948.....	2 239	2 243	2 242	491
1949.....	2 230	3 250	2 133	369
1950.....	2 676	4 206	1 614	299
1951.....	1 449	6 395	4 117	541
1952.....	200	4 222	5 223	221
1953.....	400	2 303	5 424	207

Tabell 7. Innnlandsk produksjon. Stk.

	1946	1947	1948	1949	1950	1951	1952
Vanlege plogar .....	3 039	5 554	5 675	5 076	2 655	1 861	1 999
Traktorplogar .....	..	..	..	..	..	..	2 303
Hypeplogar og andre lette plogar.....	1 717	669	673	281	965	536	445
Fjørhorver.....	3 711	3 682	3 529	3 689	2 033	1 661	1 570
Rullehorver.....	2 854	1 997	2 095	2 300	1 071	1 642	769
Ugras- og mosehorver .....	1 860	2 073	1 244	1 319	191	116	49
Andre horver .....	3 087	2 787	2 813	4 995	7 598	6 638	3 543
Hjulriver og sleperiver .....	2 045	1 962	2 274	3 389	1 785	813	772
Hakkemaskinar .....	371	584	357	424	480	406	326
Potetopptakarar, potetplogar .....	427	1 123	1 250	1 175	2 076	2 740	2 362
Treskjeverk .....	343	299	318	397	404	453	257
Rotrasparar og rottskjærer maskinar .....	850	739	638	1 453	927	877	635
Radreinskarar .....	1 241	1 187	1 241	1 642	2 053	2 435	1 462
Gjødselspreiarar .....	275	1 610	894	1 680	1 632	1 923	2 368
Potetsorterarar .....	..	..	..	..	435	655	590

### Jordskifte.

I tabell V bak i boka er det teki inn nokre oppgåver over Jordskifteverket si verksemd i tida 1859—1952.

I denne tida er det slutta av bortimot 28 700 jordskiftesaker med knapt 187 000 lotteigarar. 34 269 km<sup>2</sup> areal er skifta. Av dette var 4 395 km<sup>2</sup> innmark og 29 874 km<sup>2</sup> utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir dessutan skifta utan oppmåling og kart.

Det har vori i alt 6 826 overjordskiftesaker i tida 1859—1952.

### Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

- I. For kvar månad i veksetida (mai—september) sender Landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvонene for dei ymse jordbruks- og hagebruks-vokstrar. Det blir gjort ei førebels utrekning av avlingsmengda ved utgangen av september.
- II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgåver frå jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).

III. På grunnlag av oppgåver frå hagebruksfunksjonærane reknar Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske Meldinger 1953, nr. 11, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1953 på grunnlag av meldingane frå Landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — stod i Statistiske Meldinger 1953, nr. 12. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i nr. 1, 2 og 3 for 1954.

a) Jordbruket.

*Tabell 8. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1953 samanlikna med 1952 og 1951.*

	Avling			Avling pr. dekar i prosent av medelsåret		
	1951	1952	1953	1951	1952	1953
	Tonn	Tonn	Tonn			
Korn og erter.....	343 893	358 030	433 236	88.7	86.8	102.0
Poteter .....	1 015 023	1 187 491	1 249 013	78.5	93.8	99.9
Förnepe .....	187 626	181 786	231 801	83.3	89.0	106.8
Kålrot .....	290 667	331 393	464 024	85.4	93.4	107.4
Förbete .....	110 438	80 626	99 069	83.6	62.7	104.9
Förm ergkål .....	72 113	81 660	117 631	95.6	92.1	103.6
Høy .....	2 741 009	2 961 768	3 155 262	92.1	100.2	105.9
Halm .....	523 453	516 340	574 166	98.7	93.2	101.5
Grønför (tørt).....	67 578	60 030	58 152	94.3	93.0	98.3
I alt 1000 f.e. ....	1 859 602	1 999 027	2 200 681	89.7	95.9	104.0

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, förbete og förm ergkål, 12 kg förnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønför. Avkastninga frå beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen ovanfor syner. Ein reknar at det frå beita blir teki ca. 850 mill. føreiningar årlig.

Tabellen viser også avlinga pr. dekar i prosent av medelsåret. Når ein skal døma om desse prosenttala, må ein vera merksam på at nemninga «medelsårs» gjeld den avlingsmengd ein rekna med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvognene. Det er berre den mest årsikre voksten, høyet, som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92. For samla avling er prosenten 95. Stort sett aukar kravet til medelsårsavlinga litt frå år til år.

Tabell 9 gjev meir detaljerte oppgåver over avlinga i 1953. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Tabell 9. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1953.

	Areal i 1953 Dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1953		Prosent av medels- år	Kvali- tet <sup>1)</sup>
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite .....	8 379	259.5	2 174	2 174	100.4	3.8
Vårvkveite .....	164 541	223.1	36 702	36 702	102.0	3.7
Haustrug .....	4 226	229.2	968	968	96.9	3.7
Vårrug .....	1 942	202.7	394	394	96.8	3.5
Bygg .....	812 675	254.1	206 516	206 516	101.4	4.0
Havre .....	723 325	247.6	179 114	149 261	102.6	3.8
Blandkorn .....	26 420	258.2	6 821	6 201	103.1	3.9
Erter .....	2 853	191.8	547	547	90.4	3.6
Korn og erter i alt .....	1 744 361	248.4	433 236	402 763	102.0	3.8
Poteter .....	561 483	2 224.5	1 249 013	277 558	99.9	3.6
Förnepe .....	43 870	5 283.8	231 801	19 317	106.8	4.0
Kålrot .....	91 329	5 080.8	464 024	51 558	107.4	4.0
Förbete .....	17 979	5 510.3	99 069	11 008	104.9	4.1
Förmergkål .....	20 090	5 855.2	117 631	13 070	103.6	4.4
Grønför (tørt) .....	109 038	533.3	58 152	23 261	98.3	3.9
Høy { eng på dyrka jord .....	4 708 778	590.3	2 779 620	1 111 848	107.1	3.8
frå natureng på innmark .....	964 649	321.8	310 396	124 158	97.3	3.6
sæterlykkjer .....	128 450	348.7	44 786	17 915	107.6	3.2
utslätter .....	118 336	172.9	20 460	8 184	89.9	3.4
Halm .....	1 744 361	329.2	574 166	140 041	101.5	3.8
I alt 1000 f.e. .....				2 200 681	104.0	

<sup>1)</sup> Kvalitetsgradering: 5 = sers god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = därleg.

Véret var stort sett godt i veksetida. Våren kom heller tidleg. Dei fleste stader var det sers gode vilkår under våronna. Spiretilhøva var gode. Graset tok tidleg til å veksa. I siste helvta av mai fall det meir regn enn vanleg over heile landet, og temperaturen låg under det normale. I Nord-Noreg fall det noko snø. Åkervokstrane vart noko seinka av det heller kalde véret. Dette véret heldt fram i første delen av juni. I resten av denne månaden var det etter mykje gode vokstervilkår i Sør-Noreg. I juli månad var det sterkt skiftande vér. Sønna-fjells var nedbøren langt over det normale, med kraftige lokale regnbyer. Også i august var det meir regn enn normalt. Temperaturen var om lag som normalt, og det vart ikkje meldt om frostnetter i august. I Nord-Noreg var det svært liten nedbør i siste delen av juni, og endå tørrare i juli og august. Også i Trøndelag gjorde tørken seg noko gjeldande.

1953 var eit godt avlingsår, når ein ser heile landet under eitt. Dei fleste vokstrane gav meir enn medelsårsavling. Sume vokstrar gav større avling, rekna i kg pr. dekar, enn noko år tidlegare.

Samla avling (beita er haldne utanfor) er utrekna til i alt 2 201 mill. føreiningar i 1953. Dette er den største totalavling landet har hatt. Det er ca. 200 mill. f.e. meir enn i 1952. Avlinga er utrekna til 104 prosent av medelsår. Så høgt har ikkje prosenttalet vori sidan 1913. Kravet til eit medelsår har auka mykje i denne tida.

Avlinga av korn og erter er utrekna til i alt vel 433 000 tonn. Dette er vel 75 000 tonn meir enn i 1952. Auken skriv seg både frå større kornareal og større avling pr. dekar. Medelavlinga for heile landet var 248 kg korn pr. dekar. Det var 102 prosent av medelsår, mot 87 prosent i 1952.

Det var heller store lokale variasjonar i kornavlingane i 1953, men rekna som medeltal for herad og fylke, gav dei vanlegaste kornslaga jamt over bra

avlingar, serleg på Austlandet. Kornavlinga i dei einskilde fylke ser ein av tabell III bak i boka.

Det vart nytta litt større areal til haustsæd enn året før. Haustkveitein gav full medelsårsavling, haustrugen noko mindre.

Vårkveitein gav jamt over gode avlingar sønnafjells. Fylka på Austlandet fekk mellom 98 og 107 prosent av medelsår. For heile landet var prosenten 102, mot 85 i 1952. Det vart nytta mindre areal til vårkveite i 1953 enn året før. Samla kveiteavling i 1953 (39 000 tonn) var knapt så stor som i 1952.

Bygget gav stort sett bra avlingar over mest heile landet. Det var berre få herad der det vart mindre enn 90 prosent av medelsår, og mange fekk 110—120 prosent. Fylka på Austlandet fekk mellom 101 og 110 prosent av medelsår. I dei fleste andre fylke vart det litt mindre enn medelsår — i Nord-Trøndelag såleis 96 prosent. I medel for heile landet gav bygget 254 kg pr. dekar. Dette er rekna som vel 101 prosent av medelsår. Byggarealet var ein god del større i 1953 enn i 1952. Samla byggavling er utrekna til framimot 207 000 tonn. Dette er nesten 60 000 tonn meir enn i 1952, og det er elles meir enn noko år tidlegare, sidan ein tok til med desse utrekningane.

Også havren gav jamt over bra avlingar — i fylka på Austlandet 99—109 prosent av medelsår og 95—100 prosent i dei fleste andre fylke. Medeltala for heile landet var knapt 103 prosent av medelsår og 248 kg pr. dekar. Samla havreavling er utrekna til 179 000 tonn i 1953, mot 161 000 tonn i 1952, då havren gav vel 83 prosent av medelsår.

Blandkornet gav 258 kg pr. dekar — 103 prosent av medelsår. Erter til mogning gav 90 prosent av medelsårsavling. Det er få oppgåver ein har å byggja på når det gjeld blandkorn- og erteravlinga. Arealet har framleis gått tilbake.

Det var mykje ugras og legde i kornåkrane, og skurden vart sein sume stader. Kornkvaliteten vart heller ujamn. I mange høve var det dårlig haustingsvér, og noko korn grødde under berginga. Kvaliteten var stort sett best nordafjells.

Halmavlinga låg litt over medelsår.

Potetavlinga i 1953 er utrekna til 1 249 000 tonn. Det er vel 60 000 tonn meir enn året før. Medeltalet for heile landet var 2 225 kg poteter pr. dekar — 99,9 prosent av medelsår. I 1952 gav potetene 2 049 kg pr. dekar. Det vart rekna som 94 prosent av medelsår. På Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg og i dalbygdene på Austlandet fekk dei betre avlingar enn i 1952. I resten av landet vart det dårlagare avling.

I Østfold gav potetene berre 83 prosent av medelsår. I dei andre fylka på Austlandet var det noko betre, men berre i Oppland og Buskerud vart det meir enn medelsår. Det er elles stor skilnad innan dei einskilde fylke på Austlandet. Mange av dalbygdene kom opp i om lag 130 prosent av medelsårsavl, medan prosenttala for flatbygdene stort sett skifte mellom 105 og 75. Agderfylka fekk 93—94 prosent av medelsårsavling. I Rogaland gav potetene 96 prosent av medelsår. Resten av fylka på Vestlandet fekk godt og vel 100 prosent.

I Trøndelag vart det stort sett eit uvanleg godt potetår — om lag 110 prosent i høve til medelsår. I Nord-Trøndelag fekk dei 2 800 kg poteter pr. dekar, i Sør-Trøndelag 2 650 kg. Også i Nord-Noreg vart det sers gode potetavlingar, trass i det tørre véret her. I Nordland gav potetene 117 prosent av medelsår, i Finnmark 112 prosent og i Troms 106 prosent.

Potetavlinga var av mykje ujamn kvalitet. I Sør-Noreg var det sterke åtak av tørr-røt på visse stader.

Avlinga av rotvokstrar og fôrmergkål er utrekna til i alt framimot 913 000 tonn. Dette er bortimot 240 000 tonn meir enn i 1952. Det er mange år sidan desse vokstrane har gjevi full medelsårsavling, men i 1953 kom avlinga pr. dekar opp i 104—107 prosent av medelsår. Desse vokstrane gav gode avlingar over heile landet. Fylkesvis ligg prosenten for dei einskilde vokstrar for det meste

mellan 100 og 110. Også innan dei einskilde fylke var avlingane jamt gode. Både fôrnepe og kålrot gav ca. 107 prosent av medelsår, når ein ser heile landet under eitt. Avlinga pr. dekar var 5 280 kg for fôrnepe og 5 080 kg for kålrot. Fôrbetene gav 5 510 kg pr. dekar. Det er rekna som 105 prosent av medelsår. Rogaland, som har meir enn halvparten av heile fôrbetearealet i landet, har sjølv sagt sterkt verknad på medeltala for heile landet. Fôrmergkålen gav 104 prosent av medelsår.

*Grønfôret* gav ei samla avling på vel 58 000 tonn. Det var noko mindre enn i 1952. Avlinga vart relativt god i Sør-Noreg, men dårlig i Nord-Noreg. Grønfôrarealet var noko mindre enn i 1952.

*Høyavlinga* er utrekna til i alt 3 155 000 tonn i 1953. Det er ca. 190 000 tonn meir enn i 1952, trass i at engarealet til slått har gått tilbake. Den rikelege nedbøren gjorde at det jamt over vart store høyavlingar i heile Sør-Noreg. I Nord-Noreg var det for tørt, og her var det mange stader som fekk sers lita avling.

Rekna som medeltal for heile landet, gav eng på dyrka jord 590 kg pr. dekar — 107 prosent av medelsår. Natureng på innmark gav 322 kg pr. dekar — vel 97 prosent av medelsårsavling. I dei fleste fylke sønnafjells ligg prosenttala for eng på dyrka jord mellom 112 og 117. I Østfold, Buskerud og Telemark var det ca. 120 prosent. Tala for natureng på innmark ligg for det meste mellom 107 og 114, og i nokre fylke på bortimot 120 prosent. Relativt sett var avlingane noko mindre i Trøndelag. Eng på dyrka jord gav her 103—104 prosent av medelsår. Avlinga frå natureng er rekna som 104—106 prosent av medelsår. I Nord-Noreg var det sterkt skiftande avlingar — frå vel medelsårsavl til langt under halv avling. Medeltala for fylka ligg mellom 68 og 80 prosent av medelsår for eng på dyrka jord og mellom 65 og 75 prosent for natureng. Relativt dårligast var avlinga i Troms.

Avlinga frå sæterlykkjene er som medeltal for heile landet utrekna til fram mot 108 prosent av medelsårsavling, medan utslåttene berre gav 90 prosent. Nord-Noreg har lite sæterlykkjer, men mykje utslåtter. Dette har verknad på medeltala for heile landet.

Ein må vera merksam på at kravet til eit medelsår aukar etter kvart som utviklinga betrar vilkåra for å få større avling. Når det gjeld høy, har kravet til medelsår auka sterkt dei siste åra. Fylgjande tal syner kravet til medelsår i 1953 samanlikna med 1949 og 1939.

	Eng på dyrka jord	Natureng på innmark
	Kg pr. dekar	
1939.....	481	241
1949.....	526	305
1953.....	551	331

På grunn av vétilhøva under berginga vart høykvaliteten svært ujamn sønnafjells. I Nordland og Troms var høyet jamt over av mykje god kvalitet.

Tabell 10 gjev eit oversyn over samla avling i jordbruket i dei einskilde fylke for dei tre siste åra, og medeltala for 1936—1940. Tabell 11 gjev eit oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar i tida 1925—1953.

Tabell 10. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

	Avling i 1000 f.e.				I prosent av medelsår		
	1936— 1940 <sup>1)</sup>	1951	1952	1953	1951	1952	1953
Østfold .....	146 438	151 427	157 418	177 398	94.9	96.6	107.0
Akershus .....	171 619	157 959	168 607	195 389	89.0	94.2	107.2
Hedmark .....	192 612	204 808	220 087	245 018	92.4	97.3	105.5
Oppland .....	170 604	175 399	184 277	212 590	89.8	94.9	108.6
Buskerud .....	96 736	94 800	86 119	119 645	93.3	83.7	114.1
Vestfold .....	100 250	93 451	104 134	120 017	87.6	95.5	107.6
Telemark .....	62 067	58 925	58 198	70 975	90.6	90.9	112.1
Aust-Agder .....	31 630	29 578	31 747	35 772	86.5	94.8	109.0
Vest-Agder .....	39 591	34 809	45 939	47 151	79.0	105.8	110.4
Rogaland .....	105 719	109 706	121 420	136 967	79.0	96.9	105.2
Hordaland .....	85 756	81 953	97 907	108 304	83.1	101.4	110.5
Sogn og Fjordane .....	73 749	77 174	88 756	100 869	86.7	100.1	111.1
Møre og Romsdal .....	103 019	112 469	126 038	135 963	89.4	98.7	104.8
Sør-Trøndelag .....	140 667	143 879	148 372	158 870	93.5	96.1	102.7
Nord-Trøndelag .....	133 638	135 466	149 274	158 084	88.7	96.3	102.1
Nordland .....	106 447	112 458	121 334	109 001	87.9	94.2	83.6
Troms .....	49 184	68 435	69 734	55 209	90.5	93.2	71.1
Finnmark .....	9 114	16 906	19 666	13 459	100.4	108.6	75.6
Bygdene i alt .....	1 818 840	1 859 602	1 999 027	2 200 681	89.7	95.9	104.0

<sup>1)</sup> Utan grønfôr, forbeter og fôrmergkål.

Tabell 11. Avling i kg pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Poteter	Før-nepe	Kål-rot	Høy frå	
									eng på dyrka jord	natur- eng på innm.
1925—1929 .....	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930—1934 .....	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935—1939 .....	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940—1944 .....	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945 .....	179	170	195	193	203	1 721	3 396	2 884	488	256
1946 .....	209	200	232	222	247	1 931	3 523	2 681	470	252
1947 .....	158	149	207	174	193	1 616	3 383	2 500	432	281
1948 .....	231	220	243	240	254	2 242	4 418	4 023	532	286
1949 .....	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950 .....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951 .....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952 .....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310
1953 .....	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322

## b) Hagebruket.

Utrekninga over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka litt. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før. (Sjå Jordbruksstatistikk 1950, N.O.S. XI 69.)

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde

grønsakslag er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifikasjon har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakarealet som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet. (Lauken er då rekna med.) Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane» og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær gjeld utrekninga det heile, også byane.

Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er det rekna med dei ymse slag i høve til det areal dei blir dyrka på i distriktet. Av tomatane reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje som blir nytta til mat.

Tabell 12 viser utreksna avling i 1953 samanlikna med 1952.

*Tabell 12. Avlinga i hagebruket i 1953 samanlikna med 1952.*

	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m <sup>2</sup> 1953		Medels-årsavling pr. eining	Samla medels-årsavling	Avling i 1953 i pct. av medels-årsavling	Samla avling	
	I pct. av 1949	Utreksna absolute tal				1952	1953
							Tonn
Tre:							
Eple, sumar- og haust- » vinter- .....	106.6	959 739	20	19 194.8	65.1	17 440.6	12 493.2
Pærer .....	119.1	1 726 416	20	34 528.3	56.8	30 627.4	19 623.4
Plomer .....	106.3	382 902	22	8 423.8	46.0	6 911.4	3 873.6
Kirsebær og morellar..	109.4	813 166	16	13 010.7	63.7	11 023.4	8 287.8
Rips .....	101.1	371 153	12	4 453.8	54.2	3 135.5	2 412.8
Buskar:							
Stikkelsbær .....	105.1	1 755 038	6	10 530.2	90.9	9 860.3	9 570.2
Solbær .....	107.3	1 023 811	4	4 095.2	90.0	3 935.8	3 685.1
Jordbær .....	122.0	1 672 660	3	5 018.0	96.4	4 074.5	4 837.0
Dekar:							
Bringebær .....	116.4	11 071	500	5 535.5	102.8	4 963.5	5 692.6
Rabarbra .....	109.7	5 570	450	2 506.5	111.4	2 173.7	2 792.7
Kål .....	132.8	20 341.1	3 200	65 091.5	128.1	51 142.9	83 358.5
Gulrot .....	128.2	11 571.9	2 800	32 401.3	123.4	29 176.2	39 978.8
Bønner .....	129.7	964.4	650	626.9	112.3	268.2	704.0
Hageerter .....	149.9	2 751.7	650	1 788.6	114.5	1 019.0	2 047.1
Matlauk .....	137.5	2 340.6	2 000	4 681.2	102.5	4 164.1	4 799.6
Purre .....	137.2	846.1	2 500	2 115.3	129.6	1 572.2	2 740.3
Selleri .....	120.4	607.0	1 500	910.5	117.8	723.5	1 072.3
Persillerot .....	159.9	271.6	1 200	325.9	119.2	215.3	388.6
Agurkar på friland ...	98.0	516.3	4 000	2 065.2	102.9	2 044.9	2 124.7
Agurkar under glas ...	120.8	1 956.6	500	978.3	122.4	334.8	1 197.8
Tomatar på friland ...	77.2	388.9	1 000	388.9	90.4	99.7	351.6
$m^2$ :							
Tomatar under glas ...	133.9	140 332	15	2 105.0	120.9	2 241.3	2 545.3
Agurkar under glas ...	158.3	568 576	12	6 822.9	110.1	5 911.6	7 510.6

Frukttrea blømde rikt, og det såg ut til å bli eit godt fruktår, men därleg vér i blømingstida førde til at kartsetjinga vart ujamn og lita. Fruktavlinga vart lita, men frukta var godt utvikla og velfarga. Vértihøva var gode for grøn-

sakene, arealet har auka, og grønsakavlinga 1953 er ei av dei største ein har hatt her i landet.

*Fruktavlinga* er utrekna til i alt knapt 47 000 tonn i 1953, mot vel 69 000 tonn i 1952. I 1950, som var eit sers godt fruktår, var avlinga 87 000 tonn.

Avlinga av sumar- og hausteple er rekna til 12 500 tonn, eller 65 prosent av medelsår. I 1952 var avlinga vel 17 000 tonn. Fylka i Trøndelag stod best med 110 prosent av medelsår. Elles var det berre Sogn og Fjordane som nådde opp i medelsårsavling. Avlinga vart dårlegast i Østfold med 35 prosent.

Avlinga av vintereple er utrekna til 19 600 tonn eller 57 prosent av medelsår, mot vel 30 000 tonn i 1952. I Sør-Trøndelag gav også vinterepla 110 prosent i høve til medelsår. Elles var det ikkje noko fylke som kom høgre enn 70 prosent. Møre og Romsdal stod dårlegast med 30 prosent.

Pæreavlinga er utrekna til 3 900 tonn. Det var berre 46 prosent av medelsår. I 1952 var det ei pæreavling på 6 900 tonn. Avlinga var lita i alle fylka. Oppland kom høgst med 80 prosent av medelsår. Elles var det mellom 30 og 60 prosent i dei einskilde fylka. I Møre og Romsdal vart det berre 15 prosent av medelsår.

Plomeavlinga er utrekna til 8 300 tonn — 64 prosent av medelsår. I 1952 var det 11 000 tonn. Plomene slo best til i Aust-Agder, der dei gav 110 prosent av medelsår. Buskerud nådde også opp i medelsårsavling. I Sogn og Fjordane vart det berre 30 prosent av medelsår. I dei andre fylka vart det 40—80 prosent.

Kirsebær og morellar gav i alt 2 400 tonn eller 54 prosent av medelsår, mot vel 3 000 tonn i 1952. Av fylka stod Buskerud best med 80 prosent av medelsår. I Trøndelag var avlinga berre 20 prosent av medelsår. I dei andre fylka skifte det mellom 30 og 70 prosent.

Samla bæravling er utrekna til 26 600 tonn mot 25 000 tonn i 1952. Bringebæra slo serleg godt til og gav 111 prosent av medelsår. Berre i Nord-Trøndelag nådde dei ikkje opp i medelsårsavling, og i Møre og Romsdal gav dei 140 prosent. Også jordbæra nådde opp i godt og vel medelsår (103 prosent). Her var det berre Oppland og Buskerud som låg under medelsåret. I Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal gav dei 150 prosent. Solbæra gav 96 prosent av medelsår. Møre og Romsdal kom høgst med 140 prosent, medan det vart relativt minst avling i Nord-Trøndelag og Nordland (60 prosent). Ripsen gav 91 og stikkelsbæra 90 prosent av medelsår. Fylkesvis skifte det mellom 40 og 110 prosent. Av samla bæravling i 1953 var ca. 9 600 tonn rips, 3 700 tonn stikkelsbær, 4 800 tonn solbær, 5 700 tonn jordbær og 2 800 tonn bringebær.

Avlinga av grønsaker på friland er utrekna til nærmare 139 000 tonn mot knapt 91 000 tonn i 1952. Berre i 1948 var grønsakavlinga større. Som vanleg fall det meste av grønsakavlinga på kål (vel 83 000 tonn). Det var 128 prosent av medelsår. Kålen slo best til i Sogn og Fjordane med 160 prosent av medelsår. Sjølv i Nord-Trøndelag, der dei fekk relativt dårlegast avling, nådde kålen opp i medelsårsavling. Gulrotavlinga er utrekna til 40 000 tonn, 123 prosent av medelsår. I Buskerud, Møre og Romsdal og Nordland gav gulrota 150 prosent. Oppland stod dårlegast, men nådde likevel opp i medelsårsavling. Bønnene gav 112 prosent av medelsår. I Oppland og Buskerud og fylka på Vestlandet og i Trøndelag vart det under medelsår, men bønnedyrkinga spelar lita rolle i desse fylka. Hageerter gav 115 prosent av medelsår. Berre i Oppland og Nord-Trøndelag vart det under medelsår. Matlauken gav 103 prosent av medelsår. Under medelsår var det i Oppland og Rogaland, medan laukken slo best til i Møre og Romsdal og Nordland med 130 prosent av medelsår. Purren slo serleg godt til og gav 130 prosent av medelsår. I Buskerud, Vestfold og Sogn og Fjordane var det 150 prosent, og ikkje i noko fylke vart det mindre enn medelsårsavling. Selleriavlinga var 118 prosent og avlinga av persillerot 119 prosent av medelsår. Rabarbra gav 103 prosent. Avlinga av agurkar på friland er utrekna til 122

prosent av medelsår. Det var berre frilandstomatane som ikkje nådde opp i medelsårsavling. Dei gav 90 prosent. I Akershus, som hadde framimot halvparten av tomatarealet, vart det berre 75 prosent av medelsår. Østfold stod best med 130 prosent og Oppland därlegast med 60 prosent.

Agurkar og tomatar under glas slo godt til over alt. Avlinga av agurkar er utrekna til 2 500 tonn og tomatavlinga til 7 500 tonn.

Tabell IV bak i boka viser avlinga av dei ymse hagevokstrar i dei einskilde fylke.

### Bruken av kunstgjødsel, kraftfør og forkonserveringsvæske.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein no (sidan 1. juli 1947) gjeva opp som prosentinhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemning ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947 om handel med kraftfør og kunstgjødsel, gjeld dette for all offentleg landbruksverksemd.

Tabell 13. Omsetnaden av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939 .....	10 270	6 464	12 305
1945 .....	21 500	567	14 967
1946 .....	18 988	7 327	12 854
1947 .....	20 905	9 890	24 053
1948 .....	23 302	11 754	27 588
1949 .....	25 216	14 108	35 056
1950 .....	36 864	16 171	41 837
1951 .....	30 699	14 949	34 433
1952 .....	33 397	15 490	37 378
1953 .....	36 009	16 558	39 639

Kunstgjødsselforbruket har auka sterkt i åra etter krigen slutta. Ein må elles vera merksam på at tala i tabell 13 gjeld omsetnaden, ikkje forbruket. Omsetnad og forbruk fell ikkje like godt saman i alle år. Pris- og vértihøva og andre årsaker kan føra til at ein del kunstgjødsel som er kjøpt eitt år, først blir nytta året etter. Det er truleg slike ting som er årsak til dei store tala i 1950. Tala for 1953 er noko høgre enn for 1952, og i høve til 1949 er det ein auke på over 40 prosent for kvæve, 17 prosent for fosfor og 13 prosent for kalium.

Tabell 14. Innførsel av kraftfør i tonn (førbygg og fôrkveite ikkje rekna med).

	Mais	Kli	Olje- og eggekvitere- rike	Andre kraft- føremne	Til saman
1939 .....	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1944 .....	—	3 690	13 751	2 493	19 934
1945 .....	37 815	—	20 987	23	58 825
1946 .....	68 178	1 646	9 091	6 013	84 928
1947 .....	101 131	33 257	59 562	10 790	204 740
1948 .....	123 373	23 748	19 467	31 610	198 198
1949 .....	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950 .....	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951 .....	53 074	—	46	36 348	89 468
1952 .....	93 698	—	14 143	48 998	156 839
1953 .....	105 902	—	48 910	24 503	179 315

Dei innførde kraftförmengder har variert heller sterkt i tida etter krigen. Det var sterke økninger dei første åra. I åra 1947—1949 vart det ført inn ca. 200 000 tonn pr. år. Så var det etter sterke økninger i 1950, men sterke nedgangar att i 1951. Dei to siste åra har det vore økning att. I 1953 vart det ført inn ca. 180 000 tonn. Av dette var 106 000 tonn mais. Det er lite kli som er innført dei siste fem åra. Mengdene av olje- og eggekviterike kraftföremnene har ymsa mykje frå år til år. Innførsla av «andre kraftföremnene» var heller liten i 1953. Det meste var durra.

I 1953 vart det ført inn 88 000 tonn råemne til oljemylnene. Det var om lag det same som i 1952. Straks før krigen vart det ført inn 90 000—100 000 tonn årlig.

Tala i tabell 15 gjev eit oversyn over kraftföromsetnaden innanlands etter oppgåver fra Statens Kornforretning for tida 1939/40—1952/53. Samla omsetnad i 1952/53 var om lag som året før. Av det kolhydratrike kraftföret fell ein noko større del på heilt fôrkorn enn året før, medan det var ein noko mindre del av det eggekviterike kraftföret som var sildmjøl i 1952/53 enn i 1951/52.

*Tabell 15. Kraftföromsetnaden til grossist (i tonn).*

	Kolhydratikt		Eggekviterikt		Til saman	För-cellulose
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til fôr	I alt	Av dette sildmjøl		
1939/40 ...	299 219	40 724	173 503	<sup>1)</sup> 26 874	472 722	—
1940/41 ...	45 873	1 912	86 377	70 334	132 250	89 164
1941/42 ...	53 659	—	53 281	50 630	106 940	155 353
1942/43 ...	36 460	—	39 070	30 063	75 530	207 000
1943/44 ...	60 628	15 002	31 822	12 016	92 450	176 428
1944/45 ...	24 115	30	34 248	26 284	58 363	100 402
1945/46 ...	134 574	10 384	114 099	64 369	248 673	2 323
1946/47 ...	177 416	5 573	131 895	53 574	309 311	—
1947/48 ...	252 873	4 000	154 329	92 365	407 202	—
1948/49 ...	217 377	36 463	142 744	74 705	360 121	—
1949/50 ...	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264	—
1950/51 ...	235 854	45 237	112 396	45 483	348 250	—
1951/52 ...	282 482	73 231	139 446	62 959	421 928	—
1952/53 ...	289 878	109 280	138 645	51 536	428 523	—

<sup>1)</sup> Gjeld også fiskemjøl i 1939/40.

Tabell 16. Kraftførromsetnaden til grossist i dei einskilde månader i 1952 og 1953  
(i tonn).

	Eggekviterikt		Kolhydratrikjt		I alt
	Innført	Norsk <sup>1)</sup>	Innført <sup>2)</sup>	Norsk <sup>1)</sup>	
1952					
Januar .....	—	12 965	16 195	6 368	35 528
Februar .....	—	18 969	13 480	6 625	39 074
Mars .....	7 152	19 601	29 551	6 626	62 930
April .....	2 071	12 447	23 956	4 425	42 899
Mai .....	—	14 417	49 704	4 967	69 088
Juni .....	—	9 490	5 688	4 657	19 835
Juli .....	—	3 697	5 074	3 713	12 484
August .....	—	5 484	7 288	4 284	17 056
September .....	—	6 931	16 494	5 195	28 620
Okttober .....	962	6 672	25 075	8 605	41 314
November .....	1 380	10 624	19 197	8 534	39 735
Desember .....	3 984	9 033	25 195	5 119	43 331
Året .....	15 549	130 330	236 897	69 118	451 894
1953					
Januar .....	4 744	8 762	16 095	7 242	36 843
Februar .....	5 663	10 774	23 347	7 099	46 883
Mars .....	9 453	12 559	10 508	5 733	38 253
April .....	3 217	12 007	19 035	5 738	39 997
Mai .....	1 712	8 658	39 972	5 742	56 084
Juni .....	3 061	9 268	10 634	4 957	27 920
Juli .....	4 263	6 170	4 351	3 610	18 394
August .....	2 652	5 758	6 453	5 004	19 867
September .....	2 711	7 903	23 543	8 463	42 625
Okttober .....	2 914	6 987	17 025	9 936	36 862
November .....	3 791	9 949	19 486	10 848	44 074
Desember .....	5 668	10 323	33 382	10 570	59 943
Året .....	49 849	109 123	223 831	84 942	467 745

<sup>1)</sup> Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne.

<sup>2)</sup> Heil kveite, rug, havre og bygg til før er rekna med.

For rasjoneringsåret 1952/53 vart systemet med «utrekna kyr» som grunnlag for tildelinga av ordinære kraftförrasjoner ombytt med føresegner om kva mengder som kunne tilvisast dei ulike dyreslag. Rasjonane ymsar etter storleiken på bruken, og for mjølkekyrne også etter ytinga. Det vart ikkje gjevi ekstra-rasjoner for levert slakt.

For rasjoneringsåret 1953/54 gjeld dei same føresegner som i 1952/53, men med litt mindre rasjoner for einskilde dyreslag.

Omsetnaden av fôrkonservéringsvæske rekna i liter 18 n. syre, var:

1938.....	433 740	1946.....	878 317
1939.....	589 860	1947.....	874 589
1940.....	901 645	1948.....	1 569 555
1941.....	1 406 945	1949.....	1 091 939
1942.....	1 777 499	1950.....	1 310 153
1943.....	1 321 490	1951.....	1 911 603
1944.....	1 026 105	1952.....	2 296 026
1945.....	279 880	1953.....	2 486 000

Desse tala gjev ikkje uttrykk for brigda i samla produksjon av silofôr. Ein sers stor del av silomassen blir laga utan bruk av konservéringsvæske. Oppgåver over silomengda har ein berre i samband med dei fullstendige jordbruks-teljingane i 1939 og 1949.

## Husdyrhaldet.

Tabell 17 viser talet på husdyr i åra 1945—1953, samanlikna med 1939.

*Tabell 17. Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.*

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939.....	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1945.....	231 000	1 220 000	1 760 000	204 000	195 000	1 200 000
1946.....	237 974	1 266 980	1 706 801	177 666	256 660	1 432 690
1947.....	224 545	1 225 024	1 698 026	154 956	258 635	2 046 575
1948.....	206 121	1 175 089	1 629 463	144 862	248 345	2 725 487
1949.....	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950.....	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951.....	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952.....	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953.....	167 748	1 150 035	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
Relative tal. 1939=100.						
1939.....	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
1945.....	113.3	83.8	100.9	82.0	53.9	35.1
1946.....	116.7	87.1	97.9	71.4	70.9	41.9
1947.....	110.1	84.2	97.4	62.3	71.5	59.8
1948.....	101.1	80.8	93.4	58.2	68.6	79.6
1949.....	97.2	84.1	99.5	58.9	115.7	108.4
1950.....	93.4	85.0	103.9	52.2	116.6	114.3
1951.....	90.1	84.6	110.6	47.7	106.7	97.0
1952.....	86.0	79.2	113.9	46.4	115.6	93.4
1953.....	82.3	79.0	113.8	47.8	104.7	98.9

Tala for 1945 syner den sterke nedgangen i hønse- og svinentalet under krigen. Talet på geiter og storfe gjekk også ned, medan det var heller sterkt auke i talet på hestar.

Etter krigen har talet på hestar gått relativt sterkt tilbake. Talet på storfe har stort sett haldi seg på framimot same nivå som under krigen, men har legi noko lægre dei to siste åra. Sauetalet har auka dei siste åra. Talet på geiter gjekk sterkt nedover dei første åra etter krigen. Dei siste tre åra har det ikkje vori nemnande brigde i tala. Svine- og hønsehaldet auka sterkt etter krigen. I 1949 var tala høgre enn før krigen. Sidan 1949 har svinentalet skifta litt frå år til år, men har heile tida legi høgre enn i 1939. Talet på høns gjekk sterkt ned i 1951 og har sidan legi litt lægre enn i 1939.

Tabell 18 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet.

Tabell 18. Talet på husdyr i 1953 samanlikna med 1952 og 1949.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1949–53		Brigde 1952–53	
	1949	1952	1953	I tal	I pct.	I tal	I pct.
Hestar							
Under 1 år .....	8 218	4 762	3 519	÷ 4 699	÷ 57.2	÷ 1 243	÷ 26.1
1 og 2 år .....	9 948	6 893	6 381	÷ 3 567	÷ 35.9	512	÷ 7.4
3 og 4 år .....	24 959	10 505	9 205	÷ 15 754	÷ 63.1	1 300	÷ 12.4
5—16 år .....	134 898	130 608	124 235	÷ 10 663	÷ 7.9	6 373	÷ 4.9
Over 16 år .....	20 243	22 588	24 408	+ 4 165	+ 20.6	+ 1 820	+ 8.1
I alt .....	198 266	175 356	167 748	÷ 30 518	÷ 15.4	÷ 7 608	÷ 4.3
Storfe							
Under 1 år .....	269 696	254 469	274 565	+ 4 869	+ 1.8	+ 20 096	+ 7.9
Oksar { 1—2 år .....	35 128	39 832	39 416	+ 4 288	+ 12.2	416	÷ 1.0
{ over 2 år .....	5 783	5 300	5 154	÷ 629	÷ 10.9	146	÷ 2.8
Kviger (som ikkje har hatt kalv) .....	144 275	140 782	134 364	÷ 9 911	÷ 6.9	6 418	÷ 4.6
Kyr (som har hatt kalv)	769 251	711 447	696 536	÷ 72 715	÷ 9.5	÷ 14 911	÷ 2.1
I alt .....	1 224 133	1 151 830	1 150 035	÷ 74 098	÷ 6.1	÷ 1 795	÷ 0.2
Sauer							
Under 1 år (lam) ....	843 589	1 008 335	1 019 755	+ 176 166	+ 20.9	+ 11 420	+ 1.1
Over 1 år .....	892 034	978 391	965 529	+ 73 495	+ 8.2	÷ 12 862	÷ 1.3
I alt .....	1 735 623	1 986 726	1 985 284	+ 249 661	+ 14.4	÷ 1 442	÷ 0.1
Geiter							
Under 1 år (kje) ....	41 810	31 425	33 909	÷ 7 901	÷ 18.9	+ 2 484	+ 7.9
Over 1 år .....	104 784	83 992	85 183	÷ 19 601	÷ 18.7	+ 1 191	+ 1.4
I alt .....	146 594	115 417	119 092	÷ 27 502	÷ 18.8	+ 3 675	+ 3.2
Svin							
Under 4 månader ...	249 281	227 243	220 646	÷ 28 635	÷ 11.5	÷ 6 597	÷ 2.9
Over { slaktesvin ...	111 954	140 561	111 529	÷ 425	÷ 0.4	÷ 29 032	÷ 20.7
{ ale- { rånar .	2 250	2 229	2 276	+ 26	+ 1.2	+ 47	+ 2.1
mndr. { svin { purker .	55 355	48 402	44 584	÷ 10 771	÷ 19.5	÷ 3 818	÷ 7.9
I alt .....	418 840	418 435	379 035	÷ 39 805	÷ 9.5	÷ 39 400	÷ 9.4
Høns							
Vaksne .....	3 710 906	3 197 045	3 384 750	÷ 326 156	÷ 8.8	+ 187 705	+ 5.9
Kjuklingar .....	3 031 531	1 689 846	1 901 628	÷ 112 9903	÷ 37.3	+ 211 782	+ 12.5

Talet på husdyr i dei einskilde fylke i 1953 ser ein av tabell II bak i boka.

Siste året har talet på hestar gått tilbake i alle fylke med unnatak av Sogn og Fjordane, der det var ein liten auke. I alt var det ein nedgang på 7 600 dyr frå 1952 til 1953 og ein nedgang på vel 30 000 sidan 1949. For dei einskilde fylke var det ein nedgang på 10—20 prosent sidan 1949. Det er framleis talet på føl og unghestar som har minka relativt sterkest. Også for hest i alderen 5—16 år har det vori nedgang — ca. 5 prosent siste året. I ei rekkeje av år vil det no bli nedgang i denne aldersgruppa. Det er små kull som årleg går inn i gruppa som 5-åringar, medan det er store kull som blir så gamle at dei går ut av denne gruppa. Talet på hestar som er meir enn 16 år har auka noko dei siste åra — sidan 1949 med vel 20 prosent. I «Jordbruksstatistikk 1952» (N.O.S. XI 127) er det gjort nærmare greie for utviklinga i hestehaldet.

Talet på storfe i alt var om lag som i 1952. Det var noko nedgang for kyr, kviger og oksar, men talet på kalvar var større enn i 1952. Berre i Rogaland var det fleire mjølkekyr i 1953 enn i 1952 og 1949. I høve til 1949 har nedgangen i kutalet vori sterkest i Hedmark, Buskerud, Telemark, Oppland og Aust-Agder. I desse fylka var talet på mjølkekyr 15—16 prosent lægre i 1953 enn i 1949. For alle bygdene i riket under eitt var det 9,5 prosent nedgang.

Ved teljinga i 1953 vart det for første gong samla inn oppgåver over kor mange kyr som hadde komi med første kalven sin i tida etter 20. juni året før. Oppgåvane syntet at 12,8 prosent av kyrne var førstekalvskyr. På grunnlag av tidlegare etterørknader over husdyrproduksjonen, kan ein rekna seg fram til talet på førstekalvskyr for åra 1946/47 og 1949/50.

Fylkestala nedanfor syner talet på førstekalvskyr i prosent av alle mjølkekyrne.

	1947	1950	1953		1947	1950	1953
Østfold .....	15	12	13	Rogaland .....	15	13	14
Akershus.....	13	11	14	Hordaland .....	12	12	12
Hedmark .....	12	12	14	Sogn og Fjordane .....	12	12	12
Oppland .....	14	12	13	Møre og Romsdal .....	11	10	12
Buskerud .....	12	11	15	Sør-Trøndelag .....	11	13	12
Vestfold .....	14	13	15	Nord-Trøndelag .....	13	14	14
Telemark .....	12	10	12	Nordland .....	10	10	10
Aust-Agder .....	11	10	12	Troms .....	9	11	10
Vest-Agder .....	10	10	12	Finnmark .....	—	16	16
Bygdene i alt .....				12	12	13	

Det er liten skilnad frå år til år når ein ser heile landet under eitt. Skilnaden mellom fylka er heller ikkje serleg stor. Alderen på kyrne og dei årlege brigde i kutalet vil ha verknad på prosenttala.

Vel 60 prosent av kvigene pr. 20 juni 1952 kom med første kalven sin innan 20. juni 1953. Resten av kvigene er for det meste dyr som er så unge at dei først kalvar i følgjande år, og ein del kviger blir slakta.

Det var sterkt auke i sauehaldet frå 1949 til 1952. I 1953 var sauetalet om lag som året før. Det var noko fleire lam, men færre vaksne sauvar enn i 1952. I 1953 var det 105 lam pr. 100 vaksne sauvar, mot 95 lam pr. 100 vaksne i 1949. Sauetalet gjekk litt ned siste året i dei fleste fylka. I Troms, Finnmark og Rogaland var det 5—8 prosent auke. Elles var det litt oppgang også i Sogn og Fjordane, Akershus og Oppland.

Talet på geiter, som lenge har gått tilbake, auka litt siste året. I 1953 var geittetalet vel 3 prosent større enn i 1952, men 19 prosent mindre enn i 1949. Det er Sogn og Fjordane og Oppland som har mest geiter. I desse fylka var det siste året ein auke på 6—7 prosent. Elles var det auke i Hedmark, Buskerud, Telemark, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark. Berre i Oppland og Møre og Romsdal var det fleire geiter i 1953 enn i 1949.

Pr. 20. juni 1953 var det knapt 40 000 færre svin enn året før — ein nedgang som svarar til 9,4 prosent. Det meste av nedgangen fall på slaktesvin over 4 månader, men det var også noko nedgang for svin under 4 månader og for alepurker.

Talet på vaksne høns var ca. 188 000 større enn i 1952. Denne auken svarar til 5,9 prosent. Hønsetalet var likevel noko mindre enn i 1949. Kjuklingtalet auka siste året med ca. 212 000 eller 12,5 prosent.

Dei bruka som var med i teljinga i 1953, hadde til saman vel 300 000 vaksne høns. For ca. 276 000 av desse har ein oppgåve over alder og kjønn — på same måten som i 1952. Tabell 19 gjev desse oppgåvane som prosenttal for dei einskilde fylke.

Tabell 19. Talet på høns delt etter alder. Prosent.

	Hanar	Høner			Sum	
		Klekt i		Eldre		
		1952	1951			
Østfold .....	1.8	44.0	29.9	24.3	100	
Akershus .....	1.5	47.5	32.7	18.3	100	
Hedmark .....	2.0	36.6	28.4	33.0	100	
Oppland .....	2.5	35.9	25.1	36.5	100	
Buskerud .....	2.0	39.9	33.2	24.9	100	
Vestfold .....	1.1	47.7	34.2	17.0	100	
Telemark .....	1.5	43.7	30.7	24.1	100	
Aust-Agder .....	1.2	45.6	22.4	30.8	100	
Vest-Agder .....	1.1	49.7	24.7	24.5	100	
Rogaland .....	0.8	61.8	31.4	6.0	100	
Hordaland .....	2.1	41.2	28.4	28.3	100	
Sogn og Fjordane .....	2.4	32.9	18.7	46.0	100	
Møre og Romsdal .....	2.8	34.4	25.3	37.5	100	
Sør-Trøndelag .....	4.1	33.4	23.4	39.1	100	
Nord-Trøndelag .....	2.8	39.5	34.2	23.5	100	
Nordland .....	5.1	25.0	20.6	49.3	100	
Troms .....	4.6	20.8	27.3	47.3	100	
Finnmark .....	3.7	40.7	29.5	26.1	100	
Bygdene i alt 1953 .....	1.9	45.8	29.6	22.7	100	
		Klekt i				
		1951	1950			
Bygdene i alt 1952 .....	2.2	37.6	28.9	31.3	100	

1,9 prosent av alle hønsene var hanar. I 1952 var det 2,2 prosent hanar. Det har vori ein sterk auke i talet på 1 år gamle høner. 45,8 prosent av hønsene var 1-års høner i 1953, mot 37,6 prosent i 1952. Relativt sett var det om lag like mange 2-års høner i 1953 og 1952, men medan 31 prosent av hønene var over 2 år i 1952, var det berre knapt 23 prosent som var så gamle i 1953. Relativtala skifter fra fylke til fylke, men i alle fylke — unntakei Troms — var det fleire unghøner og færre gamle høner i 1953 enn i 1952. Rogaland skil seg ut fra dei andre fylka. Her var det relativt få hanar — berre 0,8 prosent av alle hønsene. Her var også få gamle høner. Berre 6,0 prosent var klekt i 1950 eller tidlegare. Det var serleg mykje unghøner i dette fylket. 62 prosent av hønsene i 1953 var høner som var klekt i 1952. Relativt flest eldre høner (46—49 prosent) og færrest 1-års høner (21—33 prosent) var det i Troms, Nordland og Sogn og Fjordane. Teljinga i 1952 synte at det var tydeleg samanheng mellom alderen på hønene og storleiken på hønseflokkanne. Bruk med få høns hadde relativt mykje gamle høner, medan det var flest unghøner i dei store hønseflokkanne.

Tabell 20 viser husdyrhaldet i høve til 1949 og 1952 i dei einskilde fylke.

I 1953 var det også ei representativ husdyrteljing pr. 31. desember. Teljinga gjeld dei same brukna som er med i dei representative teljingane pr. 20. juni, men berre i femtekvarter herad. Det kom inn oppgåver frå i alt 4 521 bruk. Det svarar til vel 2 prosent av alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Oppgåver over buskapen ved årsskiftet vart sist henta inn i samband med jordbrukssteljinga i 1929. Dei eldste husdyroppgåvene ein har — frå 1835 til 1900 — gjeld vinterbuskapen. Det same gjeld for 1918, då det var teljing pr. 1. januar. I 1907 galdt teljinga pr. 30. september. Ved jordbrukssteljingane i

1929, 1939 og 1949 var det teljing pr. 20. juni. Ved dei tre teljingane i 1907, 1918 og 1929 vart det henta inn tilleggsoppgåver, slik at ein fekk dyretalet både i sumar- og vintertida.

Tabell 21 syner dyretalet ved årsskiftet i prosent av summarbuskapen for dei tre nemnde åra og 1953.

Tabell 20. Husdyrhaldet i 1953 utrekna som relativtal i høve til 1949 og 1952.

	Hest	Storfe	Mjølkekyr	Sau	Geit	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949=100.							
Østfold .....	82.3	96.5	94.2	69.9	40.1	101.9	101.4
Akershus .....	81.9	92.7	91.5	101.0	-	90.3	102.5
Hedmark .....	83.7	88.1	83.5	106.7	75.7	84.4	83.8
Oppland .....	81.7	88.1	85.0	121.7	104.3	97.7	81.7
Buskerud .....	83.5	85.2	83.9	133.9	86.0	78.8	87.4
Vestfold .....	79.3	95.4	90.8	88.8	-	88.9	98.2
Telemark .....	81.5	87.8	84.7	109.0	65.2	85.5	90.0
Aust-Agder .....	87.1	85.1	85.2	110.4	-	73.2	74.4
Vest-Agder .....	91.1	93.3	92.6	117.5	32.6	84.1	93.5
Rogaland .....	84.9	111.1	102.4	123.5	53.7	115.5	92.9
Hordaland .....	90.3	95.4	89.4	106.2	84.5	76.4	100.3
Sogn og Fjordane .....	87.2	97.3	91.0	113.1	90.6	89.2	70.2
Møre og Romsdal .....	82.3	97.0	92.2	108.2	106.3	72.1	75.9
Sør-Trøndelag .....	88.4	99.6	95.6	110.3	38.5	79.2	78.7
Nord-Trøndelag .....	84.2	97.3	93.4	111.1	53.2	103.1	94.9
Nordland .....	87.5	89.0	87.8	112.2	59.8	49.0	82.9
Troms .....	89.0	89.2	91.9	125.0	90.3	67.0	99.6
Finnmark .....	87.1	88.1	95.5	130.9	54.2	20.1	119.3
Bygdene i alt .....	84.6	93.9	90.5	114.4	81.2	90.5	91.2

b) Relative tal. 1952=100.

Østfold .....	93.1	99.0	96.3	87.1	25.6	93.6	109.9
Akershus .....	93.2	99.5	99.0	101.9	-	82.5	109.7
Hedmark .....	95.4	98.7	96.0	91.7	104.6	92.9	99.1
Oppland .....	95.0	100.2	97.7	100.2	107.4	81.8	100.1
Buskerud .....	96.2	95.7	95.8	98.5	118.8	93.7	103.3
Vestfold .....	96.4	99.5	97.4	89.5	-	100.6	109.8
Telemark .....	92.7	97.1	93.9	90.5	103.5	100.9	109.1
Aust-Agder .....	95.1	96.2	95.3	99.5	-	100.5	102.9
Vest-Agder .....	96.1	100.1	96.8	99.5	67.4	90.5	110.5
Rogaland .....	96.2	106.1	102.5	104.9	97.5	85.5	109.7
Hordaland .....	98.4	102.8	99.3	99.7	98.7	102.9	108.9
Sogn og Fjordane .....	101.2	102.4	99.8	102.0	103.0	97.9	96.8
Møre og Romsdal .....	95.3	98.7	97.9	98.5	107.2	91.7	102.6
Sør-Trøndelag .....	96.9	100.9	99.0	96.4	78.1	93.7	97.6
Nord-Trøndelag .....	94.8	99.5	97.7	93.5	92.0	104.7	96.1
Nordland .....	96.9	96.9	96.9	98.9	91.6	70.8	99.5
Troms .....	95.7	98.3	97.0	108.4	109.8	91.6	118.1
Finnmark .....	86.2	94.0	94.7	105.9	113.3	48.0	96.3
Bygdene i alt .....	95.7	99.8	97.9	99.9	103.2	90.6	105.9

Tabell 21. Vinterbuskap i prosent av summarbuskap.

	Hest	Storfe	Sau	Geit	Svin
31/12-1907 i prosent av 30/9-1907 .....	98.9	94.0	71.2	75.1	51.3
1/1 -1918      »      30/9-1917 .....	99.0	94.1	72.5	77.5	51.6
1/1 -1929      »      20/6-1929 .....	97.7	91.3	54.6	63.9	52.5
31/12-1953      »      20/6-1953 .....	95.9	96.9	53.4	84.1	81.2

Tabell 22. Sumar- og vinterbuskap 1952 og 1953.

	Talet på dyr				Brigde i prosent	
	20/6 1952	31/12 1952	20/6 1953	31/12 1953	20/6— 31/12 1953	31/12 1952— 31/12 1953
Hestar						
Under 1 år .....	4 762	..	3 519	..	..	..
Over 1 år .....	170 594	..	164 229	..	..	..
I alt .....	175 356	168 000	167 748	161 000	÷ 4.1	÷ 4.2
Storfe						
Under 1 år .....	254 469	220 000	274 565	240 000	÷ 12.7	+ 9.1
Oksar over 1 år ..	45 132	45 000	44 570	49 000	+ 10.4	+ 8.9
Kviger.....	140 782	135 000	134 364	138 000	+ 3.1	+ 2.2
Kyr .....	711 447	700 000	696 536	687 000	÷ 1.4	÷ 1.9
I alt .....	1 151 830	1 100 000	1 150 035	1 114 000	÷ 3.1	+ 1.3
Sauer						
Under 1 år .....	1 008 335	..	1 019 755	..	..	..
Over 1 år .....	978 391	..	965 529	..	..	..
I alt .....	1 986 726	1 060 000	1 985 284	1 059 000	÷ 46.6	÷ 0.1
Geiter						
Under 1 år .....	31 425	..	33 909	..	..	..
Over 1 år .....	83 992	..	85 183	..	..	..
I alt .....	115 417	100 000	119 092	100 000	÷ 15.9	-
Svin						
Under 4 månader .	227 243	150 000	220 646	152 000	÷ 31.3	+ 1.3
Slaktesvin over 4 månader .....	140 561	110 000	111 529	102 000	÷ 8.6	÷ 7.3
Alesvin .....	50 631	50 000	46 860	54 000	+ 15.6	+ 8.0
I alt .....	418 435	310 000	379 035	308 000	÷ 18.8	÷ 0.7
Høns						
Vaksne .....	3 197 045	3 600 000	3 384 750	4 076 000	+ 20.4	+ 13.2
Kjuklingar .....	1 689 846	..	1 901 628	..	..	..

Buskaben er jamt over nok mindre om vinteren enn i sumartida. Dette skriv seg frå at det blir sett på relativt mange ungdyr om våren, medan det blir slakta serleg mange dyr om hausten. Elles kan også avlingane og andre tilhøve ha nok verknad på skilnaden mellom vinter- og sumarbuskaben. Desse sesongvariasjonane er ikkje like store for alle husdyr. Skilnaden er minst for hest og storfe.

Det er berre nokre få prosent skilnad mellom sumar- og vintertala for hest. Skilnaden er noko større når det gjeld storfe. Her er det ungdyrtalet som skiftar mest. Tala for mjølkekjyr syner mindre skilnad. I 1953 var sauetalet pr. 31. desember berre vel det halve av talet pr. 20. juni. I høve til talet på vaksne sauher, blir det no født og ali opp fleire lam enn før. Dette fører igjen til at det no blir slakta relativt fleire lam om hausten. Elles bør ein vera merksam på at for 1907 og 1917 gjeld sumarbuskaben dyretalet pr. 30. september. Då har haustslaktinga av sau alt teki til. Ein kan difor ikkje utan vidare samanlikna prosenttala for desse åra med tala for 1929 og 1953. Talet på geit blir også redusert sterkt utover

hausten. Auken i prosenttalet for 1953 skriv seg mellom anna frå brigde i driftsmåten når det gjeld geitehaldet. Det er såleis no meir vanleg enn tidlegare å slakta kjea medan dei berre er få dagar gamle, slik at dei ikkje kjem med i sumarttalet. Tidleg kjeing er også meir vanleg, slik at det no er fleire kje som kjem med i vintertala. Når det gjeld svin, syner dei tre første teljingane sers stor skilnad mellom sumar- og vintertala. I 1953 er skilnaden mykje mindre. Talet på svin kan elles skifta mykje frå år til år.

Tabell 22 syner husdyrtala pr. 20. juni og 31. desember 1953 jamført med tilsvarande tal for 1952. Desembertala for 1952 er rekna ut på grunnlag av m. a. teljingstala i 1952 og 1953.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kjem no betre inn enn før, men det er framleis ein del herad som ikkje gjev desse opplysningane. Tabell 23 syner resultata av desse oppgåvene, sett som relativtal jamført med året før og 1939. (For kvar månad er det berre teki med oppgåver frå herad som ein også hadde oppgåver frå for same månad i samanlikningsåret.)

*Tabell 23. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før og same månad i 1939.*

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
a) I høve til same månad året før.												
1945.....	86	83	78	59	53	68	78	80	96	162	163	117
1946.....	106	111	117	167	177	129	110	104	92	85	91	97
1947.....	99	78	73	78	74	75	67	67	76	80	102	109
1948.....	86	110	134	140	136	113	130	161	177	201	166	137
1949.....	148	173	175	139	132	138	140	124	119	99	99	99
1950.....	88	71	63	52	48	57	62	78	85	81	81	87
1951.....	88	92	89	123	137	146	146	124	106	111	101	97
1952.....	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98
1953.....	94	89	84	86	98	99	111	112	131	128	110	100
b) I høve til same månad i 1939.												
1945.....	85	66	57	52	57	72	71	57	54	75	90	95
1946.....	87	73	65	89	100	93	80	63	49	67	79	89
1947.....	85	58	47	66	71	67	51	40	36	54	83	98
1948.....	69	63	62	90	94	74	69	62	65	106	135	140
1949.....	108	108	113	125	131	110	99	82	82	103	135	135
1950.....	98	78	72	65	60	64	63	67	67	84	109	118
1951.....	86	73	69	81	80	88	86	78	74	87	106	105
1952.....	88	79	79	88	79	84	80	81	75	86	103	102
1953.....	81	73	66	78	79	85	85	91	97	103	108	100

For tidlegare år sjå «Jordbruksstatistikk 1952».

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på at det er store sesongsvingingar i talet på paringar. Dette ser ein tydeleg av talrekjkjene på neste side. Dei syner kor stor del av talet på registrerte paringar — i prosent — som fell på dei einskilde månader.

Tala er størst i månadene november—januar. Det er så ein ny — noko mindre — topp i mai—juni. Færrest paringar er det i juli—september. Når ein ser på tala for dei einskilde fylke, finn ein stort sett same rekkjefylgje i månads-tala. Rogaland skil seg ut med noko jamnare tal frå månad til månad.

I månadene mai—juli og oktober—desember 1952 var talet på paringar mindre enn i dei same månader i 1951. I dei andre månadene var tala for 1952

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Året
1936 . . . .	9	7	7	9	11	9	6	5	5	7	12	13	100
1951 . . . .	10	6	6	8	9	9	5	4	4	7	14	18	100
1952 . . . .	10	7	7	8	9	9	5	4	4	7	13	17	100
1953 . . . .	9	6	6	7	9	8	5	5	5	8	15	17	100

større enn månadstala året før. Talet for mars var 27 prosent større i 1952 enn i 1951.

I månadene juli—november 1953 var talet på paringar større enn i dei same månadene i 1952 — i september og oktober ca. 30 prosent større. Jamføringsa med månadstala frå 1939 syner at det berre var i oktober og november 1953 at tala låg over, medan desembertala var like store i 1939 og 1953. Talet for mars 1953 svarar til berre 66 prosent av talet i mars 1939.

Det er ikkje henta inn nye oppgåver over pelsdyrhaldet i 1953. I tabell 24 er det nytta avrunda tal frå teljingane i 1939 og 1946. For dei andre åra er det tal som ein har rekna seg fram til.

Tabell 24. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939.....	493 000	29 000	5 000	26 000
»     » 1940.....	345 000	29 000	13 000	28 000
»     » 1941.....	235 000	35 000	14 000	30 000
»     » 1942.....	170 000	26 000	13 000	20 000
»     » 1943.....	175 000	28 000	11 000	22 000
»     » 1944.....	185 000	34 000	6 000	24 000
»     » 1945.....	180 000	50 000	8 000	26 000
1. sept. 1946.....	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1947.....	203 000	136 000	15 000	70 000
»     » 1948.....	153 000	90 000	12 000	80 000
»     » 1949.....	124 000	88 000	10 000	85 000
»     » 1950.....	130 000	73 000	6 500	87 000
»     » 1951.....	129 000	85 000	4 900	145 000
»     » 1952.....	102 000	65 000	3 000	210 000
»     » 1953.....	56 000	38 000	3 000	270 000

### Fjøskontrollen.

I tabell VI bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905—1952. Her finn ein også oppgåver for dei einskilde fylke i 1952.

Talet på kontrollag og buskapar og kyr under kontroll var litt mindre i 1952 enn året før. I 1952 var knapt 30 prosent av alle kyrne under kontroll mot vel 30 prosent i 1951. Det var i alt 1 037 kontrollag i 1952. Desse hadde til saman 30 427 buskapar med ca. 211 800 årskyr.

Medels mjølkemengd pr. ku under kontroll var 2 982 kg. Dette er meir enn noko år tidlegare. Medels feittprosent (4,07 prosent) var også høgre enn i noko tidlegare år. Mjølkemengda pr. ku ymsar mellom knapt 3 400 kg i Vestfold og Hedmark og vel 2 300 kg i Nordland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Feittprosenten ymsar mellom 4,28 i Rogaland og 3,85 i Troms.

Tabellen bak i boka syner også församansetjinga. I 1952 vart det nytta relativt mindre tørt straför enn noko år tidlegare. Beiteprosenten har auka noko i høve til dei siste åra. Det er nytta relativt meir kraftfør enn i 1951, men mindre enn i åra før krigen.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøs-kontrollverksemda.

### Husdyrprodukta.

Tabell 25 viser utrekna produksjon i bygdene i tida frå og med 1900. Tala gjeld samla produksjon utan omsyn til korleis han er nytta.

Tabell 25. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

	Kjøt	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull (uvaska)
1900.....	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907.....	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917.....	44 120	24 000	1 137 040	23 676	9 240	1 981
1929/30.....	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1939/40.....	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1940/41.....	53 600	30 000	1 360 000	28 000	14 000	2 600
1941/42.....	45 700	23 500	1 210 000	26 000	9 000	2 540
1942/43.....	45 450	18 500	1 130 000	24 000	6 000	2 600
1943/44.....	45 720	14 500	1 080 000	23 000	6 000	2 600
1944/45.....	47 750	16 500	1 040 000	23 000	6 000	2 750
1945/46.....	48 810	17 000	1 220 000	23 000	7 500	2 700
1946/47.....	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947/48.....	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948/49.....	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949/50.....	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950/51.....	56 426	38 696	1 632 000	19 250	25 265	3 225
1951/52.....	53 120	37 713	1 613 000	18 250	21 890	3 434
1952/53.....	53 382	37 783	1 650 000	18 400	23 360	3 536

Tabell 26. Husdyrproduksjonen i tonn 1949/50. Bygdene i alt.

	Kjøt				Flesk	Mjølk		Egg	Ull (uvaska)
	Hest	Storfe	Sau	Geit		Ku-mjølk	Geit-mjølk		
Østfold .....	115	2 533	38	—	3 646	106 932	4	2 315	9
Akershus .....	96	2 628	116	—	4 912	118 852	36	2 097	27
Hedmark .....	77	3 651	1 035	54	6 558	174 788	3 151	1 755	231
Oppland .....	119	3 556	1 104	106	4 963	159 142	4 753	1 332	228
Buskerud .....	51	1 723	397	14	2 305	81 729	604	1 107	73
Vestfold .....	29	1 701	43	—	2 420	67 446	11	2 036	10
Telemark .....	22	1 160	356	11	1 956	57 421	496	1 280	65
Aust-Agder .....	7	533	207	1	722	27 865	70	862	46
Vest-Agder .....	11	889	373	1	508	42 961	47	1 080	73
Rogaland .....	125	2 814	2 318	17	4 516	153 721	629	6 839	492
Hordaland .....	50	1 848	1 517	63	1 641	90 421	1 595	1 326	355
Sogn og Fjordane ..	157	2 128	1 379	100	1 391	71 543	2 599	385	307
Møre og Romsdal ..	85	2 035	1 194	34	1 370	97 011	1 098	895	254
Sør-Trøndelag .....	124	3 126	1 088	33	2 376	105 138	1 053	984	216
Nord-Trøndelag .....	80	2 841	844	18	2 495	101 908	1 086	1 445	174
Nordland .....	47	2 597	1 652	42	570	90 522	1 637	680	298
Troms .....	24	1 326	975	54	190	51 417	1 944	191	168
Finnmark .....	5	335	224	10	89	10 207	307	56	41
Bygdene i alt .....	1 224	37 424	14 860	558	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067

Siste året er det litt auke i produksjonen av dei ymse produkt i høve til året før, men auken er liten. Relativt størst skilnad er det for egg.

Dei siste produksjonsoppgåver ein har for dei einskilde fylke, er dei som vart henta inn i samband med den representative jordbrukssteljinga i 1950. Sjå tabell 26.

Det var Hedmark som hadde størst produksjon av storfekjøt, flesk og kumjølk. Rogaland produserte mest sauekjøt, ull og egg. Produksjonen av geitmjølk var størst i Oppland.

*Tabell 27. Oversyn over meieridrifta.*

	Innvegen mjølkekemengd. Tonn	Produsert i alt i tonn						Netto-vinning i øre pr. kg
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein og reve- ost	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim	
1939.....	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18.80
1945.....	341 892	4 107	747	1 170	310	1 432	505	37.11
1946.....	567 610	6 393	1 002	3 632	1 243	4 387	634	42.14
1947.....	647 352	7 949	1 163	4 634	1 483	4 879	1 013	45.75
1948.....	734 076	8 881	1 538	5 549	2 077	5 125	1 722	46.74
1949.....	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	47.30
1950.....	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47.83
1951.....	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	49.71
1952.....	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 411	412	54.88
1953 <sup>1)</sup> .....	1 070 000	12 800	1 100	16 600	4 800	9 600	200	54.00

<sup>1)</sup> Førebels oppgåver.

Tabell 27 viser at mjølkemengda til meieria gjekk sterkt tilbake under krigen, og var lægst i 1944 og 1945 med ca. 340 mill. kg. Det var så auke år for år, til vel 1 milliard kg i 1951. I 1952 var det knapt 1 milliard kg. Etter førebels oppgåver for 1953 var den innvegne mjølkemengda dette året noko over 1 milliard kg. Oppgåvene syner elles at det i 1953 var auke i smørproduksjonen, medan osteproduksjonen var noko mindre enn året før.

*Tabell 28. Innvegen mjølkemengd for kvar månad. Tonn.*

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939..	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1945..	16 630	14 605	16 840	21 750	27 589	40 046	38 972	37 269	32 463	33 412	30 829	31 584
1946..	36 185	34 022	38 965	47 962	59 710	60 141	58 478	53 039	48 085	45 277	40 325	39 728
1947..	45 030	39 526	47 684	58 325	69 230	70 271	65 306	57 401	52 493	47 274	43 007	46 380
1948..	47 357	44 569	53 816	69 289	79 563	81 709	71 413	64 275	57 145	51 522	49 847	53 252
1949..	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950..	70 888	69 027	85 259	91 597	106 125	106 628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951..	71 868	70 387	82 427	97 246	105 059	109 401	103 238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952..	69 508	68 338	80 695	91 047	107 794	109 476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729
1953..	77 769	74 020	92 079	105 624	117 287	120 050	103 618	92 970	79 459	67 343	61 574	67 129

Tala i tabell 28 gjev eit oversyn over innvegen mjølkemengd månadsvis for åra 1939 og 1945—1953. Desse tala er korrigerte og fell difor ikkje heilt saman med dei månadsrapportar som blir sendt ut etter kvart.

I januar 1953 var mjølkemengda 11 prosent større enn i januar 1952. I februar var det innvegi 8 prosent meir enn i same månad året før. Tala for mars og april var 14—16 prosent høgre enn i 1952, medan tala for mai og juni synte

9—10 prosent auke. I juli låg 1953-talet 4 prosent høgre enn i 1952 og i august 9 prosent høgre. Septembertalet for 1953 låg 3 prosent høgre og oktobertalet 1 prosent høgre enn året før. I november var mjølkemengda 1 prosent lægre og i desember 6 prosent lægre enn året før. Den innvegne mjølkemengd for heile året 1953 (førebelts oppgåver) var 7 prosent større enn i 1952 og 50 prosent større enn medeltalet for dei tre åra 1937—1939.

Ved sida av at mjølkemengda til meieria har auka i åra etter krigen, har det også vori ei viss forskyving innan året. Dette går meir tydeleg fram av tala nedanfor, der innvegen mjølkemengd i dei einskilde månader er rekna i prosent av samla mjølkemengd til meieria i kvart av åra 1939, 1949 og 1953.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Året
1939 ....	7.4	7.3	8.7	8.9	10.4	10.3	9.1	8.3	7.9	7.6	6.9	7.2	100.0
1949 ....	6.6	6.4	8.0	9.3	10.9	10.9	9.5	8.9	7.9	7.2	6.9	7.5	100.0
1953 ....	7.3	7.0	8.7	10.0	11.1	11.3	9.8	8.8	7.5	6.4	5.8	6.3	100.0

Tala syner at innvegen mjølkemengd er størst i tida april—juli. Det er så nedgang frå månad til månad til og med november. Deretter følgjer litt auke i desember, og med januar og februar på om lag same nivået som denne månaden. Mars og april syner sterkt auke. Året 1953 skil seg ut frå 1939 og 1949 ved at ein relativt større del av årsmjølkemengda fell på månadene april—juli, medan ein mindre del av mjølkemengda fell på månadene september—desember i 1953 enn i dei to andre åra.

Ein må ikkje rekna med at dei årlege brigde i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarende brigde i den totale mjølkeproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein samanliknar med åra før krigen. Talet på leverandørar har auka sterkt. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument, går no gjennom meieria.

Innvegen mjølkemengd auka i alle fylke siste året. Auken var relativt sterkest i Finnmark og Sogn og Fjordane, og dernest i Sør-Trøndelag, Nordland og Troms. Minst auke har det vori i Østfold, Akershus, Hedmark, Vestfold og Rogaland.

Også i høve til før krigen har auken vori sterkest i Sogn og Fjordane (303 prosent større enn i 1938), og i Finnmark (211 prosent større). Over 100 prosent auke var det elles i Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nordland. Minst auke i høve til 1938 var det i Østfold og Akershus — ca. 15 prosent.

Tabell 29 viser meieriproduksjonen av smør og ost (etter månadsrapportane).

Tabell 29. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
S m ø r .												
1939.....	1 212	1 175	1 470	1 565	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1945.....	158	115	123	270	462	762	528	393	369	364	289	265
1946.....	330	323	414	575	718	838	717	606	531	508	415	379
1947.....	451	394	498	833	1 008	1 091	968	704	639	515	436	423
1948.....	490	447	585	876	1 170	1 214	919	762	671	595	578	569
1949.....	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950.....	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	586	516	392
1951.....	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 068	813	601	429	346
1952.....	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458
1953.....	702	652	917	1 615	1 987	2 049	1 548	1 235	916	504	376	340
K v i t o s t .												
1939.....	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1945.....	25	20	20	64	174	429	330	229	191	169	124	136
1946.....	163	143	187	418	621	719	581	464	430	316	167	174
1947.....	247	174	276	672	766	925	771	545	450	262	172	178
1948.....	288	211	392	744	977	1 107	918	642	550	378	341	386
1949.....	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950.....	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951.....	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 106	696	663
1952.....	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 065
1953.....	1 318	1 221	1 696	1 866	2 017	2 207	1 881	1 687	1 468	824	545	624
B r u n o s t .												
1939.....	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1945.....	19	16	23	67	153	413	400	261	165	152	115	149
1946.....	237	248	308	565	736	696	687	458	324	284	172	192
1947.....	302	279	363	669	845	850	734	513	396	269	169	175
1948.....	251	228	391	790	1 002	1 045	895	628	491	352	319	363
1949.....	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950.....	917	897	1 228	1 218	1 362	1 369	983	791	692	598	574	673
1951.....	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952.....	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876
1953.....	1 065	968	1 140	993	1 026	1 052	877	660	572	523	458	593

Tabell 30 syner talet på kontrollerte slakt i dei einskilde månader i 1952 og 1953.

*Tabell 30. Talet på kontrollerte slakt.*

Månad	Kontrollerte i alt <sup>1)</sup>		Av dette førstegongs- kontroll		Kontrollerte i alt <sup>1)</sup>		Av dette førstegongs- kontroll	
	1952	1953	1952	1953	1952	1953	1952	1953
Storfe.								
Januar .....	22 462	18 638	20 302	15 661	1 016	646	930	606
Februar.....	16 912	15 134	14 497	12 803	707	450	643	414
Mars .....	15 709	17 733	13 514	15 298	558	487	512	439
April .....	15 342	17 215	13 231	14 581	499	341	445	329
Mai .....	17 295	19 561	14 249	16 583	315	343	288	316
Juni .....	13 458	16 447	10 868	14 194	368	398	319	383
Juli .....	9 151	10 394	7 472	8 189	383	297	330	269
August .....	15 722	15 997	13 164	12 505	394	487	349	392
September ..	21 123	21 397	17 563	17 424	642	1 210	618	1 041
Okttober .....	28 351	27 314	24 417	22 613	1 763	2 468	1 661	2 198
November....	22 840	20 323	20 149	17 021	1 828	2 002	1 683	1 734
Desember ...	17 898	19 922	15 701	16 242	804	1 340	717	1 161
Til saman ...	216 263	220 075	185 127	183 114	9 277	10 469	8 495	9 282
Svin.								
Januar .....	26 874	38 428	21 619	30 219	15 025	20 257	12 598	13 537
Februar.....	30 994	39 414	24 716	31 054	8 013	10 486	7 290	5 982
Mars .....	39 359	53 343	32 740	42 732	6 506	9 681	3 719	5 259
April .....	40 435	42 731	35 699	35 551	5 212	9 383	3 229	4 631
Mai .....	32 003	32 259	27 475	25 844	4 794	6 373	2 682	3 421
Juni .....	27 698	23 938	24 071	21 498	2 489	4 153	1 605	3 542
Juli .....	30 565	23 245	25 181	19 342	15 440	38 292	9 739	27 009
August .....	27 165	20 409	22 644	17 039	57 641	74 520	40 044	53 747
September ..	34 118	27 008	26 776	18 740	90 093	106 773	69 463	81 975
Okttober .....	35 708	34 420	27 710	27 909	177 163	205 913	157 022	171 251
November...	33 247	27 561	26 450	23 285	74 281	73 861	60 263	52 920
Desember ...	45 647	49 001	36 002	32 913	16 651	22 252	13 506	11 089
Til saman ...	403 813 <sup>2)</sup>	411 757	331 083	326 126	473 308	581 944	381 160	434 363
Spekalv.								
Januar .....	18 678	18 809	17 969	17 694	1 468	1 567	1 424	1 470
Februar.....	17 962	18 068	17 111	16 890	1 660	1 492	1 562	1 374
Mars .....	26 678	29 405	24 730	27 044	1 587	1 842	1 512	1 711
April .....	30 325	27 451	28 511	25 452	2 023	1 929	1 827	1 769
Mai .....	18 366	15 525	16 990	14 675	2 352	2 364	2 204	2 174
Juni .....	9 826	9 698	9 439	9 444	2 034	2 763	1 859	2 531
Juli .....	7 735	6 693	7 603	6 555	1 409	2 134	1 340	1 836
August .....	5 482	4 479	5 321	4 399	1 513	1 760	1 400	1 681
September ..	6 691	6 663	6 560	6 366	1 853	2 281	1 692	2 089
Okttober .....	13 867	11 981	13 520	11 576	2 416	2 192	2 254	1 995
November...	13 663	11 442	13 362	11 020	1 085	1 050	1 035	990
Desember ...	10 971	10 472	10 852	10 357	1 049	1 047	1 023	1 021
Til saman ...	180 244	170 686	171 968	161 472	20 449	22 421	19 132	20 641

<sup>1)</sup> Også slakt som er synfare på ny er teki med her. <sup>2)</sup> Av dette 6 303 innført frå Danmark.

Tala for kontrollerte slakt i alt femner både over slakt som har vori kontrollert for første gong og slakt som har gått gjennom ny synfaring etter at det er sendt vidare til ein annan stad der det er kontrollstasjon, eller når det blir marknadsført etter at det har legi på fryselager.

Det er først frå og med juli månad 1951 ein har fått oppgåver fra Veterinær-direktoratet over talet på slakt som er synfari på ny. Eldre oppgåver over kjøtkontrollen gjeld såleis både førstegongskontroll og ny synfaring rekna under eitt.

Omfanget av dobbelkontrollen ymsar både etter årstid og dyreslag. Dette ser ein av tabell 31. Elles rettar det seg mykje etter tilhøva på dei lokale marknader.

*Tabell 31. Talet på slakt som er synfari på ny, rekna i prosent av alle kontrollerte slakt.*

	Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
Juni—desember 1951 .	11.5	9.6	15.1	18.4	4.4	1.2	5.8
Året 1952 .....	14.4	8.4	18.0	19.5	8.6	4.6	6.4
Året 1953 .....	16.8	11.3	20.8	25.4	19.7	5.4	7.9
1953							
Januar .....	16.0	6.2	21.4	33.2	14.1	5.9	6.2
Februar .....	15.4	8.0	21.2	43.0	30.2	6.5	7.9
Mars .....	13.7	9.6	19.9	45.7	25.3	8.0	7.1
April.....	15.3	3.5	16.8	50.6	32.7	7.3	8.3
Mai .....	15.2	7.9	19.9	46.3	18.9	5.5	8.0
Juni .....	13.7	3.8	10.2	14.7	6.3	2.6	8.4
Juli .....	21.2	9.4	16.8	29.5	20.8	2.1	14.0
August .....	21.8	19.5	16.5	27.9	23.2	1.8	4.5
September .....	18.6	14.0	30.6	23.2	10.2	4.5	8.4
Okttober .....	17.2	10.9	18.9	16.8	10.9	3.4	9.0
November .....	16.2	13.4	15.5	28.4	16.1	3.7	5.7
Desember .....	18.5	13.4	32.8	50.2	9.5	1.1	2.5

Det var fleire slakt — både absolutt og relativt — som gjekk gjennom ny synfaring i 1953 enn året før. Dette gjeld alle dyreslag.

Denne etterkontrollen gjer seg mest gjeldande for sau og svin — i 1953 vel 25 prosent for sau og knapt 21 prosent for svin. For storfe var det knapt 17 prosent som vart synfari på ny. For spekalv var det berre noko over 5 prosent. Relativtala syner store variasjonar frå månad til månad. For storfe, der variasjonane er minst, ymsar månadstala i 1953 mellom knapt 14 prosent i mars og juni og over 21 prosent i juli og august. For sau ymsar det mellom knapt 15 prosent i juni og vel 50 prosent i april og desember.

Av alle slakt som er synfari på ny, fell om lag halvparten på Oslo. Elles er det mykje også i dei andre byane ved Oslofjorden og på Sørlandet. I Bergen og Nord-Noreg er det og ein del. I Østfold og Vestfold er det relativt mange saueslakt og i Nord-Noreg mange svineslakt som går gjennom ny synfaring.

Fylgjande samanstilling syner overslag over talet på skinn som vart produsert i pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939/40 ....	370 000	21 000	2 000	16 000
1940/41 ....	250 000	19 000	10 000	17 000
1941/42 ....	160 000	27 000	12 000	22 000
1942/43 ....	85 000	17 000	11 000	11 000
1943/44 ....	85 000	17 000	9 000	12 000
1944/45 ....	100 000	18 000	4 000	13 000
1945/46 ....	100 000	23 000	4 000	14 000
1946/47 ....	140 000	70 000	7 000	19 000
1947/48 ....	147 000	116 000	11 000	43 000
1948/49 ....	107 000	70 000	9 000	55 000
1949/50 ....	80 000	71 000	7 500	58 000
1950/51 ....	70 000	56 000	4 500	55 000
1951/52 ....	88 000	72 000	4 900	85 000
1952/53 ....	83 000	58 000	2 400	145 000
1953/54 ....	46 000	28 000	2 700	181 000

### Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

I juni 1952 vart det gjort ein ny prisavtale mellom styresmaktene og landbruksorganisasjonane om prisnivået for jordbruket sine produkt og produksjonsmiddel m. m.

I denne avtalen vart det lagt vinn på å betra vilkåra for dei distrikt, bruk og produksjonsgreiner der vanskane var størst. Det vart gjort framlegg om å auka statstilskota til slike føremål med 79,6 mill. kroner. Elles galdt avtalen pristillegg på mjølk og mjølkeprodukt, korn og potetmjøl m. m. Dessutan vart maksimalprisane på kjøt, flesk og frukt tekne bort. I april 1953 vart denne avtalen prolongert for 1 år til 30. juni 1954. Hovudavtalen av 1950 om dei generelle spørsmål ved pristilleggingane vart prolongert for same tidsrommet.

Engrosprisindeksen fra Statistisk Sentralbyrå (1938=100) viser rørslene i det ålmenne prisnivå. Tala nedanfor viser totalindeksen og indekstala serskilt for jordbruksvarer.

	1938	1945	1946	1947	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Total .....	100	177	169	175	181	184	209	258	276	276
Jordbruksvarer i alt .....	100	142	151	164	166	166	187	227	240	233
Vegetabiliske.....	100	116	127	141	149	148	179	192	195	189
Animalske .....	100	153	161	174	174	174	190	242	259	251

Totalindeksen syner heller sterkt auke i 1950, 1951 og framover til hausten 1952, men gjekk så nedover att, slik at talet for 1953 vart det same som i 1952. Talet for jordbruksvarer i alt var noko lægre i 1953 enn året før.

Engrosprisindeksen syner ikkje korleis prisane til norske produsentar har utvikla seg når det gjeld jordbruksvarene — mellom anna på grunn av pristilskota.

Prisindeksen for jordbruket, som Norges Landbrukshøgskole utarbeider, byggjer på prisar til produsent. Mengdegrunnlaget for produkta femner over både sal og forbruk av eigne produkt hjå produsentane.

Tabell 32. Prisindeks for jordbruket fra Norges Landbrukshøgskole. Årsindeks.  
1938/39 = 100.

	1946/ 47	1947/ 48	1948/ 49	1949/ 50	1950/ 51	1951/ 52	1952/ 53	1953/ 54
I. Jordbruksprodukt i alt .....	225	242	247	250	264	287	300	296
A. Planteprodukt .....	215	240	212	232	267	291	313	287
1. Korn .....	194	195	227	229	270	301	341	343
2. Poteter .....	216	272	203	239	273	266	265	249
3. Høy .....	218	252	251	239	243	337	327	251
4. Grønnsaker og frukt ..	259	281	182	222	257	304	336	237
B. Husdyrprodukt .....	227	242	255	254	264	286	297	298
1. Mjølk .....	225	242	251	250	257	279	291	278
2. Kjøt .....	214	230	248	251	257	271	303	332
3. Flesk .....	221	236	266	274	279	304	299	332
4. Egg .....	271	271	271	244	250	298	303	248
5. Ull .....	366	376	385	384	601	643	401	482
II. Varer som ein kjoper i alt .....	163	165	166	170	212	238	252	256
A. Produksjonsmiddel .....	159	162	166	170	215	234	246	248
1. Kunstgjødsel .....	122	123	123	123	133	144	149	149
2. Kraftfør .....	157	152	154	159	244	264	262	259
3. Maskinar og reiskapar .....	179	183	192	204	207	223	248	246
4. Bygningar .....	178	198	205	208	210	232	274	285
5. Ymse .....	146	157	159	164	170	191	205	221
B. Innkjøpte mat- og kledevarer m. m.....	173	170	167	168	205	247	263	273
III. Arbeidsløn .....	307	352	395	423	459	511	563	586

Av tabell 32 ser ein at indekstalet for jordbruksprodukt i alt syner prisauke framover til driftsåret 1952/53, medan talet for 1953/54 ligg 4 poeng lægre enn året før. For dei einskilde produkt syner 1953/54-tala nedgang for poteter, grønnsaker og frukt, høy, mjølk og egg og oppgang serleg for kjøt, flesk og ull i høve til året før.

Tabell 33. Prisindeks for jordbruket fra Norges Landbrukshøgskole. Månadsindeks.  
1938/39 = 100.

	Plante- produkt			Husdyr- produkt			Jordbruks- produkt i alt			Tekniske pro- duksjonsmiddel		
	1951	1952	1953	1951	1952	1953	1951	1952	1953	1951	1952	1953
Januar .....	273	315	307	272	305	306	272	307	306	223	239	248
Februar .....	274	317	309	272	304	296	272	306	299	226	239	248
Mars .....	275	325	302	271	296	291	271	300	293	225	241	248
April .....	277	325	295	267	286	277	269	292	279	226	242	248
Mai .....	282	324	289	271	283	275	273	289	278	226	242	248
Juni .....	282	346	294	268	286	281	270	295	283	227	243	248
Juli .....	328	346	292	272	300	286	281	307	287	230	242	248
August .....	271	346	302	279	309	300	279	315	300	230	242	248
September .....	275	287	285	281	299	306	280	297	303	236	249	247
Oktober .....	267	290	280	286	305	313	283	303	308	239	250	248
November .....	284	289	287	288	312	312	287	308	308	239	249	248
Desember .....	298	299	314	297	313	311	297	311	312	239	248	249

Tabell 33 syner at det til dels har vori heller store prissvingingar fra månad til måned. Tala for husdyrprodukt i alt syner sterkt nedgang fra januar til mai 1953. Dette skriv seg frå prisfall på flesk og egg og sesongnedgang på mjølk.

Seinare på året har prisane på husdyrprodukta auka til om lag same nivå som i 1952. Indekstala for planteprodukta ligg i 1953 noko lægre enn tala for dei same månader året før, unntakei desember.

Ved prolongasjonen av jordbruksavtalen vart kornprisane for avlinga frå 1953 dei same som året før. Fylgjande talrekker syner grunnprisen pr. 100 kg for dei siste avlingsåra.

Avlingsår	Kveite	Rug	Bygg	Havre
1950.....	65	65	56	49
1951.....	73	73	63	54
1952.....	83	83	71	61
1953.....	83	83	71	61

Også satsane for korntrygd vart dei same for 1953-avlingane som for året før. Grunnsatsane er 13 øre pr. kg for kveite og rug, 14 øre for bygg og 10 øre for havre (12 øre i visse kyststrøk). Til dette kjem desse tillegga for alle kornslag: 6 øre pr. kg for dei første 1000 kg, 4 øre for dei neste 500 kg og 2 øre for dei fylgjande 500 kg.

Frå og med avlingsåret 1948 har ein også potettrygd.

Tabell 34 gjev eit oversyn over utbetalt trygd i dei einiske fylke for 1951/52 (avlingsåret 1951).

Tabell 34. Utbetalt korn- og potettrygd 1951/52.

	Utbetalt trygd i 1000 kr.			Prosentvis delt på fylka		Prosentvis delt på korntrygd og potettrygd	
	Korn- trygd	Potet- trygd	Til saman	Korn- trygd	Potet- trygd	Korn- trygd	Potet- trygd
Østfold .....	2 718	832	3 550	10.7	5.6	76.6	23.4
Akershus .....	3 258	695	3 953	12.8	4.6	82.4	17.6
Hedmark .....	4 117	1 267	5 384	16.1	8.5	76.5	23.5
Oppland .....	4 073	1 104	5 177	16.0	7.4	78.7	21.3
Buskerud .....	1 648	606	2 254	6.4	4.0	73.1	26.9
Vestfold .....	1 758	909	2 667	6.9	6.1	65.9	34.1
Telemark .....	559	778	1 337	2.2	5.2	41.8	58.2
Aust-Agder .....	165	445	610	0.6	3.0	27.0	73.0
Vest-Agder .....	122	491	613	0.5	3.3	19.9	80.1
Rogaland .....	1 226	1 665	2 891	4.8	11.1	42.4	57.6
Hordaland .....	92	804	896	0.4	5.4	10.3	89.7
Sogn og Fjordane .....	127	709	836	0.5	4.7	15.2	84.8
Møre og Romsdal .....	718	1 121	1 839	2.8	7.5	39.0	61.0
Sør-Trøndelag .....	2 491	867	3 358	9.8	5.8	74.2	25.8
Nord-Trøndelag .....	2 356	1 291	3 647	9.2	8.6	64.6	35.4
Nordland .....	83	952	1 035	0.3	6.3	8.0	92.0
Troms .....	9	387	396	—	2.6	2.3	97.7
Finnmark .....	—	40	40	—	0.3	—	100.0
Bygdene i alt .....	25 520	14 963	40 483	100.0	100.0	63.0	37.0

Tabell 35 syner medelprisane for sume produkt i 6 av dei største byane i landet — etter Landbrukets Priscentral.

*Tabell 35. Prisar til produsent.*

	Høy Kr. pr. 100 kg			Poteter Kr. pr. 100 kg			Egg Kr. pr. kg		
	1939	1952	1953	1939	1952	1953	1939	1952	1953
Januar .....	6.25	30.08	25.67	8.75	26.73	22.20	1.33	4.01	3.71
Februar .....	6.21	32.25	26.33	9.19	28.08	23.30	1.21	3.69	3.69
Mars .....	6.13	32.50	25.67	9.05	29.00	22.33	1.16	3.69	3.84
April .....	6.30	32.50	24.08	8.69	29.00	21.33	1.29	3.69	3.57
Mai .....	7.06	32.50	23.25	8.35	28.67	21.00	1.20	3.69	3.90
Juni .....	7.53	26.33	22.92	8.05	31.35	21.67	1.19	4.89	4.04
Juli .....	7.50	24.33	18.00	10.54	51.00	31.67	1.28	5.19	4.08
August .....	7.67	24.33	19.67	7.48	25.33	20.17	1.46	5.42	5.16
September .....	7.98	23.33	19.67	9.92	20.87	18.75	1.66	5.69	5.09
Oktober .....	8.35	23.66	19.67	10.33	20.90	18.67	1.80	5.69	4.57
November .....	8.94	23.30	20.50	10.10	21.00	19.43	2.08	5.69	4.37
Desember .....	9.13	23.50	20.50	10.10	21.67	20.50	1.66	5.42	3.41
Året ...	7.42	27.38	22.16	9.21	27.80	21.75	1.44	4.73	4.12

	Oksekjøt Kr. pr. kg			Saukjøt Kr. pr. kg			Flesk Kr. pr. kg		
	1939	1952	1953	1939	1952	1953	1939	1952	1953
Januar .....	1.50	4.81	5.40	1.36	5.25	4.50	1.52	5.05	4.95
Februar .....	1.49	4.85	5.40	1.44	5.25	4.50	1.38	5.05	4.24
Mars .....	1.46	4.85	5.40	1.57	5.25	4.50	1.32	5.05	4.30
April .....	1.41	4.85	5.40	1.60	5.25	4.50	1.29	5.05	4.29
Mai .....	1.38	4.85	5.40	1.63	5.25	4.61	1.36	5.05	4.38
Juni .....	1.34	4.85	5.40	1.67	5.25	5.00	1.38	5.05	4.72
Juli .....	1.37	5.35	5.40	1.71	5.25	5.23	1.50	5.02	4.88
August .....	1.35	5.35	5.40	1.61	5.21	5.00	1.53	4.93	5.08
September .....	1.49	5.20	5.40	1.53	4.20	4.81	1.64	4.55	5.54
Oktober .....	1.53	5.35	5.40	1.42	3.92	4.85	1.67	4.62	5.83
November .....	1.52	5.40	5.40	1.42	4.18	4.92	1.67	4.85	5.80
Desember .....	1.49	5.40	5.55	1.53	4.44	5.35	1.72	4.98	5.80
Året ...	1.44	5.09	5.41	1.54	4.89	4.81	1.50	4.94	4.98

Gjennom heile året 1953 låg høyprisane noko lægre enn året før. Også potetprisane var lægre enn i 1952. Det var rikeleg med poteter våren 1953, og prisane låg 8—10 øre lægre pr. kg enn våren 1952. Potetavlinga i 1953 var større enn i 1952, og prisen på nye poteter kom alt i august månad ned i ca. 20 øre pr. kg. Medelprisen for oktober var kr. 18,67 pr. 100 kg mot kr. 20,90 i oktober 1952. Medelprisen for fabrikkpoteter vart ca. 18 øre pr. kg.

For avlinga 1953 er det gjort gjeldande nye reglar for potetrygda. Arealtrygda er sett til 50 kroner pr. dekar med halv trygd for første dekar. Det kan ikkje bli utbetalte meir enn 250 kroner pr. bruk i arealtrygd, og så mykje kan ein berre få når samla potet- og korntrygd ikkje er større enn 600 kroner pr. bruk. Silotrygda er auka til 12 øre pr. dm<sup>3</sup> kokt masse og 8 øre pr. dm<sup>3</sup> rå masse. Dette gjeld for inntil 10 000 dm<sup>3</sup>. Når det gjeld silotrygda, blir det ikkje - k i ncko cmsyn til storleiken av korntrygda.

Det var rikeleg tilførsel av grønsaker hausten 1953, og prisane var etter måten låge. Prisane på frukt derimot var høgre enn året før — på grunn av små avlingar.

Maksimalprisane for kjøt og flesk vart avskipa ved prisavtalen i juni 1952. Prisane for storfekjøt heldt seg stort sett på same nivå i 1953 som hausten 1952. Det var noko prisauke for ku- og kvigeslakt i juli—august og for alt storfeslakt i desember. For saueslakt låg prisane vinteren 1952/53 noko lægre enn året før. Den vanlege sesongnedgangen under haustslaktinga var liten, slik at prisane hausten 1953 var høgre enn hausten 1952.

Det var heller stor tilførsel av flesk dei første månadene av 1953, og prisane gjekk ned. Seinare vart tilgangen knapp, og hausten 1953 var prisane høgre enn året før.

I januar var det eit sterkt fall i eggprisane — som året før, og prisane var heller låge heilt til august. Då vart eggprisen sett sterkt opp, men var likevel lægre enn i august 1952. Utover hausten gjekk prisen atten ned, og medelprisen for desember var kr. 3,41 pr. kg mot kr. 5,42 i desember 1952. Det vart ført ut 2 149 tonn egg i 1953.

Utsalsprisane for mjølk og mjølkeprodukt har ikkje vori brigda sidan november 1952. Då vart utsalsprisen for mjølk til bruk i vanlege hushald redusert med 11 øre — fra 56 til 45 øre pr. liter (sone I, laust mål). Prisskilnaden blir dekt ved eit ekstra pristilskot på 10 øre pr. liter mjølk som blir selt til slikt bruk. Det blir gjevi eit liknande tilskot når produsentane kjøper att ost og smør til eige bruk. Fylgjande tal syner prisane i sone I i øre pr. liter mjølk og fløyte ved sal i laust mål.

	Heilmjølk	Separert mjølk	Kremfløyte (35 pct. feitt)
Frå 18. februar 1949 .....	45	20	475
» 1. januar 1951 .....	45	20	490
» 25. april 1951 .....	1) 47	21	510
» 2. mai 1951 .....	1) 49	21	550
» 17. desember 1951 .....	54	24	595
» 3. juli 1952 .....	56	26	595
» 1. desember 1952 (til vanlege hushald) ..	45	26	595

1) + 1 øre i Oslo og Bergen meieriområde.

Tala nedanfor syner maksimalprisane i kr. pr. kg for smør og ost ved sal fra meieri til detaljist.

	Smør	Heilfeit gauðaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmýsost	Mysost
Frå 3. april 1950 .....	6.60	2.90	2.30	2.90	1.20
» 1. januar 1951 .....	6.60	3.55	2.65	3.60	1.35
» 18. mai 1951 .....	6.60	3.85	3.00	3.80	1.45
» 1. januar 1952 .....	6.60	4.35	3.50	4.15	1.80
» 3. juli 1952 .....	6.60	4.55	3.70	4.35	1.95

Grunntilskotet for all meierimjølk er framleis 14,8 øre pr. liter — som medeltal — med frådrag av kr. 1,25 pr. kg produsert smør. Det er noko sesongvariasjon frå månad til månad. I tillegg til dette kjem eit tilskot på 4 øre pr. liter for dei første 5 000 liter av årsleveransen pr. bruk, og 2 øre pr. liter for dei neste 2 500 liter. Visse distrikter får sertillegg for all meierimjølk. Dette tillegget er 3 øre

pr. liter for fjord- og fjellbygder i Sør-Noreg, 8 øre i Nordland og Troms og 14 øre i Finnmark. Det blir gjevi tilskot og sertillegg etter serskilde reglar for levering av fjell- og gardssmør og gards- og sæterost til godkjent mottakar. Dette gjeld også for mjølk som blir levert direkte fra produsent til forbrukar eller kjøpmann.

Dei prisane som meieria betalar til leverandørar er ikkje berre resultat av produktprisar og tilskot. Dei vil mellom anna også retta seg etter driftsutgiftene ved meieria. Fylgjande tal viser mjølkeprisen som til slutt kjem produsentane til gode — nettovinninga av meierimjølka. Tala er medeltal for heile landet i øre pr. kg. (Mjølcefabrikkar er rekna med.)

1939.....	18.80	1944.....	35.66	1949.....	47.30
1940.....	23.04	1945.....	37.11	1950.....	47.83
1941.....	28.75	1946.....	42.14	1951.....	49.71
1942.....	33.53	1947.....	45.75	1952.....	54.88
1943.....	35.51	1948.....	46.74	1953.....	ca. 54.00

Noteringsprisane for norsk ull vart sett noko opp i 1953. Tabell 36 viser prisutviklinga sidan oktober 1950.

Tabell 36. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
Oktober 1950 .....	6.70	10.50	12.45
Desember 1950 .....	9.30	14.50	17.10
Mai 1951 .....	10.40	16.20	19.10
August 1951 .....	6.40	10.00	11.80
Mars 1952 .....	5.80	9.00	10.60
April 1952 .....	4.00	6.20	7.30
Mai 1952 .....	4.70	7.40	8.70
Oktober 1952 .....	5.10	8.00	9.60
Mai 1953 .....	5.80	9.00	10.80
Oktober 1953 .....	5.75	9.50	10.50

Det var ei utførsle på 261 tonn ull i 1952. I 1953 auka utførsla til 1 013 tonn.

Pelsskinneprisen var treg også i 1952/53, serleg for sølvrevskinn. Ved Oslo-auksjonane var salsprosentane svært låge for reveskinn, men seinare i sesongen vart restpartia av blårevskinn selde. Marknaden var lettare for minkskinn. Salsprosenten var 84 ved Oslo-auksjonane. Prisane var lægre enn året før både for rev- og minkskinn. Då sesongen 1953/54 opna med auksjonen i desember, var det stor interesse for blårev- og minkskinn, og prisane låg noko høgre enn året før. Fylgjande tal syner medelprisane i kroner pr. skinn ved Oslo-auksjonane.

	Sølvrev	Platinarev	Blårev	Standard mink-
1949/50 .....	179	217	100	91
1950/51 .....	172	192	125	151
1951/52 .....	127	168	92	97
1952/53 .....	80	145	68	79
Desember 1953 .....	88	134	83	97

Samla verd av pelsskinneksporlen var 25,1 mill. kroner i 1952. I 1953 var verdet 22,5 mill. kroner. Av dette var det minkskinn for 13,9 mill. kroner.

Sidan 1952/53 blir tømmerprisane fastsette ved avtale mellom kjøpar og seljar. Prisane for 1952/53 var til dels noko lægre enn året før. Avtalen for 1953/54 går ut på same prisar som året før for gran, men noko nedgang for furu — unnateki skurdslip. Tallrekjkjene nedanfor syner basisprisane for tømmer i kroner pr. m<sup>3</sup> for Austlandet (levert vassdrag).

Driftsår	Skurdtømmer		Slipe- og cellulose-tømmer		Skurdslip (furū)
	Gran	Furu	Gran	Furu	
1949/50 .....	47.00	46.50	41.50	36.00	39.50
1950/51 .....	73.00	67.50	64.50	54.50	58.00
1951/52 .....	81.50	81.50	70.00	65.00	68.00
1952/53 .....	78.00	78.00	67.00	59.00	65.00
1953/54 .....	78.00	75.00	67.00	55.00	65.00

I desse prisane er investeringsavgifta rekna med. Siste året var denne kr. 5,50 pr. m<sup>3</sup>, unnateki furuslip, der avgifta var kr. 4,00 pr. m<sup>3</sup>. Denne avgifta blir først betalt ut etter at kulturarbeid m. v. i skogen er gjort ferdig.

I juli 1953 vart maksimalprisane for ved avskipa, og prissubsidiane fall bort. Noteringsprisane hausten 1953 var ca. 10 prosent lægre enn dei tidlegare maksimalprisar. Tala nedanfor syner maksimalprisane i kr. pr. famn.

	Bjørk	Skogsved	
	60 cm	60 cm	3 m
Maksimalpris frå 10. mars 1952.....	100.00	80.00	310.00
Notering frå 1. september 1953 .....	90.00	72.00	279.00

Etter prisindeksen frå landbrukskolen var indekstalet for produksjonsmiddel 248 i 1953/54, mot 246 året før. Prisane på kraftfør og kunstgjødsel var stort sett dei same som året før. For ein skilde andre driftsmiddel var det noko auke. For kunstgjødsel gjeld framleis terminprisar. Satsane er lægst om hausten, høgst om våren. Ved tinging om våren var prisane i kr. pr. 100 kg etter «Samvirke»:

	Kalksalpeter 15.5 pct. N	Superfosfat Norsk 7.4—7.9 pct. P	Kaliumgjødsel 31.5—34.9 pct. K
1950 .....	14.45	11.15	15.80
1951 .....	16.00	11.30	19.35
1952 .....	17.35	11.85	20.60
1953 .....	17.35	11.85	20.60
1954 .....	17.40	11.85	20.60

Tala nedanfor viser medelprisen i året i kr. pr. 100 kg for nokre kraftførslag.

	Førblanding (ca. 50 pct. protein)	Maisgrøp	Ruggris	Sildmjøl (saltfattig)
1949.....	37.59	32.00	22.50	36.28
1950.....	60.82	43.83	34.78	64.28
1951.....	71.69	55.80	41.00	77.20
1952.....	71.81	55.80	41.00	77.20
1953.....	70.00	55.80	41.00	77.20

For sume av dei mest ålmenne maskinar og reiskapar var prisane om våren (i kroner):

	Norsk plog (11'')	Fjørhorv (9 t.)	Slåmaskin (2 h.)	Arbeids- kjerre	Høyvogn
1939 .....	176.00	92.00	420.00	175.00	280.00
1945 .....	240.13	148.12	912.71	253.00	385.00
1946 .....	256.94	155.53	912.71	253.00	385.00
1947 .....	244.00	148.00	1 033.00	350.00	550.00
1948 .....	298.50	176.00	1 033.00	400.00	650.00
1949 .....	298.50	176.00	1 020.00	435.00	660.00
1950 .....	298.50	176.00	1 173.00	435.00	660.00
1951 .....	310.94	183.33	1 200.00	469.00	709.00
1952 .....	347.00	214.50	1 200.00	520.00	709.00
1953 .....	347.00	214.50	1 250.00	530.00	720.00

Dei rekneskapanane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, gjev eit visst grunnlag for å døma om det økonomiske resultat i dei ymse driftsår. Sjå tabell 37.

Tabell 37. Rekneskapsresultat i jordbruket.

År og storleiks- klassar	Talet på bruk	Inn- marks- areal, dekar pr. bruk	Kroner pr. dekar						For- renting i pct. av jord- bruks- kapi- talten	
			Jord- bruks- kapi- tal	Produk- sjons- inn- tektar	Drifts- kostnader		For- rent- ing	Løns- evne		
					I alt	Av dette arbeids- kostnad				
1938/39 .....	295	117.6	347	90.81	81.09	37.95	9.72	32.05	2.8	
1939/40 .....	314	126.9	361	100.90	87.08	40.07	13.82	37.64	3.8	
1940/41 .....	309	134.8	358	96.17	79.58	41.06	16.59	41.54	4.6	
1941/42 .....	294	134.8	359	106.19	86.55	47.30	19.64	50.78	5.5	
1942/43 .....	303	136.0	372	112.54	93.40	54.22	19.14	56.62	5.1	
1943/44 .....	287	143.8	371	123.79	100.13	60.26	23.66	67.22	6.4	
1944/45 .....	225	145.6	376	123.11	104.34	64.93	18.77	68.66	5.0	
1945/46 .....	251	157.1	366	116.00	105.19	67.05	10.81	65.05	3.0	
1946/47 .....	302	147.6	391	141.32	122.05	74.51	19.27	80.09	4.9	
1947/48 .....	447	150.3	398	141.43	137.60	81.33	3.83	71.23	1.0	
1948/49 .....	773	124.6	455	172.70	163.48	99.52	9.22	92.81	2.0	
1949/50 .....	1 024	118.1	503	197.96	183.48	105.24	14.48	104.63	2.9	
1950/51 .....	1 023	118.9	529	211.36	195.12	110.98	16.24	111.35	3.1	
1951/52 .....	1 000	117.2	571	228.75	218.88	120.24	9.87	112.98	1.7	
1952/53 .....	1 000	118.8	606	244.99	237.15	126.29	7.84	115.95	1.3	
1952/53 Gr. I	237	38.1	802	305.96	312.76	179.64	÷	148.78	÷	0.8
» II	346	72.2	618	253.31	244.72	130.24	8.59	120.29		1.4
» III	269	143.7	516	213.19	199.76	99.68	13.43	97.63		2.6
» IV	95	240.5	433	182.50	165.58	80.19	16.92	84.12		3.9
» V	41	388.3	417	182.32	162.08	77.39	20.24	85.12		4.9
» VI	12	613.2	428	222.92	187.49	87.21	35.43	109.80		8.3

I åra fram til 1946/47 bygde oppgåvene på rekneskap frå ca. 300 bruk. Dei siste åra har det vori med rekneskap frå ca. 1 000 bruk.

Produksjonsinntektene har auka dei siste åra. Siste driftsåret (1952/53) syntet ein auke på ca. 7 prosent. Driftskostnadene har også auka. Dei to siste åra har dei auka sterkare enn inntektene, slik at det har vorti mindre igjen til

forrenting. Siste driftsåret var forrentinga 1,3 prosent av bokført jordbrukskapital.

Augen i driftskostnadene skriv seg for ein stor del frå auke i verdsetjinga av familien sitt arbeid, i samsvar med auken i løna for leigehjelp. Lønsevna gjev eit uttrykk for samla vederlag for eige arbeid og leigehjelp. Det har vori auke i lønsevna sjølv om forrentinga har gått tilbake. Arbeidsstyrken rekna i timer har gått ned, og lønsevna pr. time har auka sterkare enn utrekninga pr. dekar syner.

Driftsresultatet ymsar sterkt med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste brukar etter måten stor inntekt pr. dekar, men det er likevel ikkje nok til å dekkja utgiftene, når ein reknar vanleg dagløn for alt arbeid. Desse brukar har stor lønsevna pr. dekar, men lita lønsevna pr. time. Dei større brukar har mindre inntekt pr. dekar, men kostnadene er også mindre. Forrentinga aukar med bruksstorleiken, og lønsevna — rekna pr. time — blir også større.

Etter brigde i skattelova er det no noterings- eller rekneskapsplikt (etter kva omfang verksemda har) for skattepliktige som driv jordbruk, gartneri eller skogbruk over ein viss storleik. Noteringar og rekneskap skal fylgja kalenderåret.

I samband med tingingane om jordbruksprisane, har Budsjettetnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekke syna kva verd som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att kalla ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot for å fremja produksjonen. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket. Hovedresultata (etter reviserte utrekningar) ser ein av tabell 38.

*Tabell 38. Totalrekneskap for jordbruket.<sup>1)</sup> Mill. kroner.*

	1938/ 39	1939/ 40	1947/ 48	1948/ 49	1949/ 50	1950/ 51	1951/ 52	1952/ 53
Inntekter av planteprodukt ...	104.7	125.5	262.3	313.4	274.9	337.6	349.9	369.1
Inntekter av husdyrprodukt ...	461.3	485.6	951.9	979.8	1 212.2	1 245.8	1 322.6	1 409.7
Andre inntekter.....	51.5	55.4	93.5	104.0	102.4	111.8	144.2	145.5
Lagerbrigde .....	46.9	÷ 15.1	÷ 78.9	94.9	40.2	3.9	÷ 93.7	3.5
I alt inntekter .....	664.4	631.4	1 228.8	1 492.1	1 629.7	1 699.1	1 723.0	1 927.8
Kostnader .....	310.9	313.7	485.8	515.9	589.0	665.0	740.2	820.7
Nettoprodukt.....	353.5	337.7	743.0	976.2	1 040.7	1 034.1	982.8	1 107.1
+ statstilskot .....	12.3	11.2	17.8	26.4	26.0	57.1	59.8	62.5
÷ renter av eigen og lånt kapital	97.4	101.8	96.1	95.7	111.1	127.2	131.8	141.2
Utrekna total arbeidsinntekt ..	268.4	247.1	664.7	906.9	955.6	964.0	910.8	1 028.4
Av inntektene:								
Sal av plante- og husdyrprodukt	418.2	442.0	824.0	864.4	1 086.8	1 177.1	1 245.1	1 356.7
Heimeforbruk av plante- og husdyrprodukt.....	136.3	158.1	378.1	393.4	364.8	370.8	386.7	383.3

<sup>1)</sup> Pelsdyrnæringa er rekna med.

Det har ikkje vori nye etterøknader over gjeldstilhøva i jordbrukssektoren sidan 1946. Etter likningsoppgåvene pr. 1. januar var gjelda i prosent av bruttoeiga: 20,2 i 1946, 40,3 i 1940 og 45,2 i 1932. Ein har ikkje fullstendige oppgåver over gjeldstilhøva for seinare år, men oppgåvene frå bankar og kreditsamskipnader syner at utlånmassen aukar. Dette gjeld ikkje berre jordbrukssektoren, men også andre næringar m. m. Ein må sjå dette i samband med dei store investeringar som har vori etter krigen. Tala nedanfor er gjevne i mill. kroner.

	1949	1950	1951	1952
Bruttoinvestering:				
I alt .....	5 193	5 565	6 254	7 248
Av dette i jordbrukssektoren .....	326	336	398	452
Kjent årleg utlånsauke:				
I alt .....	..	1 304	1 441	1 331
Av dette i jord- og skogbruk .....	..	143	49	72

Ein sers stor del av gjelta i jord- og skogbruket er knytt til Hypotekbanken, Småbruk- og Bustadbanken, Norges Kreditforening for Land- og Skogbruk (Landkreditforeningen) og Lånekassen for jordbrukssektoren. Tala nedanfor syner utlåna i mill. kroner.

	Hypotekbanken	Bustadbankane	Landkreditforeningen	Lånekassen for jordbrukssektoren
1939.....	31. des. 460	30. juni 237	31. des. 57	31. des. 30
1946.....	330	147	64	18
1949.....	374	158	84	11
1950.....	385	197	95	10
1951.....	400	231	103	7
1952.....	415	284	107	6
1953.....	437	364	111	5

Talrekjkjene nedanfor gjev oppgåver over kjøp og leigemaling av norsk korn og Staten sine utgifter til trygd, frakt o. a. for norsk korn.

	Staten sitt kjøp av norsk korn <sup>1)</sup>	Bygdemylnene: leigemaling og kjøp <sup>2)</sup>	Staten sine utgifter til:	
			Trygd	Innkjøp, frakt o. a. for norsk korn
	tonn	tonn	mill. kr.	mill. kr.
1938/39 .....	72 293	206 711	11.2	1.8
1939/40 .....	51 743	201 545	11.6	1.5
1940/41 .....	51 128	145 952	8.0	2.0
1941/42 .....	136 652	62 286	5.1	3.7
1942/43 .....	159 290	47 170	2.3	7.1
1943/44 .....	169 955	43 444	3.0	6.3
1944/45 .....	128 523	42 589	3.1	4.8
1945/46 .....	70 551	150 408	8.4	2.7
1946/47 .....	92 286	189 404	15.1	3.6
1947/48 .....	47 073	161 705	13.6	1.8
1948/49 .....	84 893	190 619	24.5	2.5
1949/50 .....	45 174	182 056	23.7	1.6
1950/51 .....	52 471	186 163	23.7	2.0
1951/52 .....	65 812	181 204	26.1	3.0
1952/53 .....	80 407	166 986	23.8	3.5

<sup>1)</sup> Frå 1941/42 også bygdemylnene sitt kjøp. <sup>2)</sup> Frå 1941/42 berre leigemaling.

Ved sida av trygd på heimeavla korn skal det etter kornlova vera ein viss overpris på korn som blir selt, rekna etter mjølprisane. For 1938/39 var overprisen i alt ca. 7 mill. kroner. Etter at prissubsidieringa tok til, kan ein ikkje rekna ut denne overprisen på same måte som før.

Dei pristilskot som etter kvart vart gjevne under og etter krigen, som ein lekk i den økonomiske politikken, gjorde etter kvart krav på større og større summar, men er redusert dei siste åra. Dei statstilskot som årleg har gått over statsrekneskapen sidan 1939/40, var i mill. kroner:

	I alt	Av dette til:				
		Brødmjøl	Mjølk	Kjøt og flesk	Kraftfør og matfeitt	Kunstgjødsel
1939/40 .....	14.2	—	8.4	—	—	1.1
1940/41 .....	28.0	—	4.9	—	13.9	1.9
1941/42 .....	120.9	60.0	9.6	—	46.0	2.6
1942/43 .....	213.8	90.0	44.4	—	70.3	4.2
1943/44 .....	235.2	110.0	39.2	—	61.7	6.5
1944/45 .....	131.1	35.0	35.3	—	51.4	3.6
1945/46 .....	242.1	67.0	67.9	18.6	45.3	12.1
1946/47 .....	477.9	108.6	103.5	46.8	109.6	24.6
1947/48 .....	701.8	150.5	131.4	56.7	204.7	34.7
1948/49 .....	<sup>1)</sup> 749.1	<sup>1)</sup> 199.4	151.4	47.5	170.4	36.5
1949/50 .....	779.4	101.6	180.8	114.5	141.5	56.0
1950/51 .....	508.4	95.6	163.0	30.3	102.5	38.8
1951/52 .....	412.5	128.4	164.0	5.0	64.1	37.7
1952/53 .....	479.3	138.0	265.3	5.0	84.0	34.0

<sup>1)</sup> Av dette fell 58,9 mill. kroner på brødmjølprisen 1947/48.

Omfram dei direkte statstilskota er det også prisregulering over Prisdirektoratet sine fond.

Ved sida av tilskot til prisregulering gjev Staten stønad til ymse tiltak for å auka produksjonen o. a. Sume av desse tilskota går inn under prisavtalene for jordbruksproduksjonen. Frå 1. juli 1952 er det nye reglar for stønad til jorddyrkning. Eige- og inntektsgrensene for søknad om ordinære tilskot er avskipa, og grensene er gjort vidare når det gjeld spørsmål om høgre tilskot. For dei siste budsjettåra var utgiftene i tusen kroner ved tilskot til:

	Kunstgjødsel til mindre bruk	Potetrygd	Maskinstasjoner	Bureising	Jorddyrkning m. m.	Potekjellarar, gjødseloppsamling m.m.	Søkkings- og vassfor- synnings- arbeid
1947/48 .....	4 909	—	750	1 785	7 661	1 163	184
1948/49 .....	6 784	5 600	3 250	1 631	8 733	3 918	253
1949/50 .....	<sup>1)</sup> —	15 627	3 000	2 315	9 815	3 810	692
1950/51 .....	—	11 004	2 213	2 175	9 032	4 975	2 541
1951/52 .....	—	12 600	1 966	2 208	10 369	5 443	2 558
1952/53 .....	—	14 396	3 243	4 953	13 822	2 192	4 642

<sup>1)</sup> Sidan 1949/50 teki med under statstilskot til prisregulering.

I 1952/53 vart det til sikring av frøavlens, til utnytting av fjellbeita og til bureisings- og sætervegar o. l. nytta 1,5 mill. kroner. Av løyvingane til reguleringss- og foredlingstiltak for landbruksvarer m. m., er det — i samsvar med prisavtalene i jordbruksproduksjonen — nytta 25 mill. kroner i 1950—1953. I 1950—1953 vart det også løyvt statsmidlar til eit ullfond for å sikra omsetnaden av norsk ull. Det vart også løyvt midlar til sikringslager av korn og kraftfør.

## Lønene i jordbruket 1953/54.

Kwart år frå og med driftsåret 1915/16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Dei første åra var det Selskapet for Norges Vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923/24 er det Byrået som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare var 5-årlege.

Oppgåvene blir henta inn ved hjelp av spørjeskjema som kvart år i januar blir sendt til fire gardbruksarar i quart herad. For driftsåret 1953/54 har det komi inn 1308 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som *ålement blir betalt* i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, serskilt for sumar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidrarar (tenarar og fjøsrøktarar) og for dagarbeidrarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjeveren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein også etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåve. Dei oppgåvene ein får inn på denne måten ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabellane VII og VIII bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1953/54 for alle dei grupper av lønmottakarar som ein har oppgåver for. I tabell IX er tala jamført med oppgåvene for 1938/39 og 1952/53. Utviklinga sidan 1938/39 ser ein av tabell 39.

*Tabell 39. Arbeidsløn i kroner.*

	Årsløn (til dette kjem kost og losji)		Dagløn på eigen kost i sumarhalvåret						Dagløn for skogsarb. i vinter- halvåret		Medels dagsforte- ning (mann og hest)
			I våronna		I slåttonna		I skurtonna				
	Ten- nest- gutar	Ten- nest- gjenter	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	På arbgj. kost	På eigen kost	
1938/39..	576	382	5.23	3.46	5.68	3.65	5.35	3.59	3.79	5.41	8.84
1939/40..	624	411	5.55	3.68	6.05	3.89	5.65	3.82	4.13	5.87	9.65
1945/46..	1 580	974	12.12	8.00	12.84	8.40	12.30	8.25	10.04	13.18	21.99
1946/47..	1 981	1 170	14.34	9.42	15.06	9.79	14.27	9.55	11.92	15.63	24.69
1947/48..	2 312	1 347	16.06	10.56	17.08	11.02	16.16	10.75	13.87	17.60	27.76
1948/49..	2 599	1 535	17.44	11.49	18.44	12.01	17.53	11.72	14.90	19.10	29.44
1949/50..	2 783	1 678	18.27	12.32	19.25	12.80	18.44	12.52	15.59	19.63	29.88
1950/51..	2 994	1 829	19.62	13.26	20.59	13.77	19.64	13.42	16.97	21.39	31.10
1951/52..	3 347	2 041	21.94	14.91	22.98	15.53	22.14	15.29	19.97	24.80	36.99
1952/53 ..	3 679	2 251	24.11	16.28	25.11	16.85	24.34	16.50	21.58	26.66	38.90
1953/54..	3 773	2 334	25.23	17.13	26.09	17.82	25.24	17.54	22.34	27.77	40.47

Variasjonane i dei individuelle lønene er omtale nærare — på grunnlag av representative lønsteljingar — i «Jordbruksstatistikk» for 1951 og 1952.

Oppgåvene over årsløn til tenestgutar, tenestgjenter og fjøsrøktarar gjeld kontantløn for folk med kost og losji hjå arbeidsgjeveren. Verdet av kost og losji kjem i tillegg.

Medels årsløn for tenestgutar var 3 773 kroner i 1953/54. For tenestgjenter var medelløna 2 334 kroner. Årsløna for mannlige fjøsrøktarar var 4 895 kroner og for kvinnelege fjøsrøktarar 2 976 kroner. Desse årslønene var 2,5—3,5 prosent høgre enn i 1952/53. Lønsauken det siste året har vori relativt liten i høve til den auke som elles har vori frå år til år i tida etter 1938/39.

Lønene er høgst på Austlandet og i Rogaland. Her ligg fylkestala mellom 4 000 og 4 500 kroner for tenestgutar og mellom 2 700 og 2 900 kroner for tenestgjenter. For dei andre fylka var medellønene stort sett 3 000—4 000 kroner for tenestgutar og 1 600—2 600 kroner for tenestgjenter. Lønene ymsar sterkt også innan dei einskilde fylke. I sume fylke er det litt nedgang i høve til året før. Tabell 40 syner brigda fylkesvis.

Tabell 40. Arbeidsløn 1953/54 jamført med 1938/39 og 1952/53.

	Menn						Kvinner					
	1938/ 39		1952/ 53		1953/ 54		1938/ 39		1952/ 53		1953/ 54	
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	1938/ 39	1952/ 53	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	1938/ 39	1952/ 53
<i>Arsløn for tenarar.</i>												
Østfold .....	691	4 402	4 469	+ 546.7	+ 1.5	522	2 767	2 807	+ 437.7	+ 1.4		
Akershus.....	721	4 274	4 336	+ 501.4	+ 1.5	547	2 905	2 796	+ 411.2	- 3.8		
Hedmark .....	664	4 062	4 072	+ 513.3	+ 0.2	444	2 666	2 739	+ 516.9	+ 2.7		
Oppland .....	649	4 125	4 226	+ 551.2	+ 2.4	452	2 646	2 679	+ 492.7	+ 1.2		
Buskerud .....	671	4 052	4 289	+ 539.2	+ 5.8	498	2 670	2 818	+ 465.9	+ 5.5		
Vestfold .....	669	4 286	4 324	+ 546.3	+ 0.9	513	2 615	2 708	+ 427.9	+ 3.6		
Telemark .....	647	4 097	4 208	+ 550.4	+ 2.7	442	2 631	2 855	+ 545.9	+ 8.5		
Aust-Agder....	678	3 891	4 110	+ 506.2	+ 5.6	441	2 393	2 535	+ 474.8	+ 5.9		
Vest-Agder ...	600	3 838	3 714	+ 519.0	- 3.2	390	2 076	2 245	+ 475.6	+ 8.1		
Rogaland ....	644	4 207	4 370	+ 578.6	+ 3.9	419	2 835	2 789	+ 565.6	- 1.6		
Hordaland ...	521	3 349	3 343	+ 541.7	- 0.2	354	2 272	2 250	+ 535.6	- 1.0		
Sogn og Fjord.	542	3 470	3 795	+ 600.2	+ 9.4	378	2 307	2 602	+ 588.4	+ 12.8		
Møre og Romsd.	440	3 155	3 110	+ 606.8	- 1.4	308	2 076	2 142	+ 595.5	+ 3.2		
S.-Trøndelag .	466	3 218	3 386	+ 626.6	+ 5.2	320	1 923	2 080	+ 550.0	+ 8.2		
N.-Trøndelag .	534	3 690	3 623	+ 578.5	- 1.8	345	2 210	2 244	+ 550.4	+ 1.5		
Nordland ....	510	3 125	3 159	+ 519.4	+ 1.1	267	1 599	1 710	+ 540.4	+ 6.9		
Troms .....	532	3 166	3 251	+ 511.1	+ 2.7	261	1 564	1 630	+ 524.5	+ 4.2		
Finnmark ....	492	2 877	2 981	+ 505.9	+ 3.6	295	1 794	1 861	+ 530.8	+ 3.7		
Bygdene i alt .	576	3 679	3 773	+ 555.0	+ 2.6	382	2 251	2 334	+ 511.0	+ 3.7		

*Dagløn i slåttonna på eigen kost.*

Østfold .....	6.10	24.80	27.41	+ 349.3	+ 10.5	4.53	19.78	20.54	+ 353.4	+ 3.8		
Akershus.....	5.81	23.46	24.47	+ 321.2	+ 4.3	4.11	17.79	18.71	+ 355.2	+ 5.2		
Hedmark .....	5.32	23.02	25.26	+ 374.8	+ 9.7	3.63	17.57	18.38	+ 406.3	+ 4.6		
Oppland .....	5.10	23.93	25.54	+ 400.8	+ 6.7	3.47	16.63	18.35	+ 428.8	+ 10.3		
Buskerud ....	5.92	26.01	27.72	+ 368.2	+ 6.6	3.97	17.93	18.98	+ 378.1	+ 5.9		
Vestfold .....	6.37	26.74	26.77	+ 320.3	+ 0.1	4.15	18.92	20.80	+ 401.2	+ 9.9		
Telemark ....	6.06	27.27	27.85	+ 359.6	+ 2.1	3.79	16.27	18.04	+ 376.0	+ 10.9		
Aust-Agder....	6.21	24.82	26.72	+ 330.3	+ 7.7	3.63	15.24	15.96	+ 339.7	+ 4.7		
Vest-Agder ...	6.80	26.09	27.16	+ 299.4	+ 4.1	4.06	15.21	16.25	+ 300.2	+ 6.8		
Rogaland ....	5.96	25.61	26.55	+ 345.5	+ 3.7	4.04	17.39	18.52	+ 358.4	+ 6.5		
Hordaland ...	5.51	25.11	24.89	+ 351.7	- 0.9	3.62	16.35	17.30	+ 377.9	+ 5.8		
Sogn og Fjord.	4.80	23.51	24.78	+ 416.3	+ 5.4	3.35	15.46	16.52	+ 393.1	+ 6.9		
Møre og Romsd.	5.30	24.59	24.01	+ 353.0	- 2.4	3.53	17.06	17.70	+ 401.4	+ 3.8		
S.-Trøndelag .	5.07	25.05	27.20	+ 436.5	+ 8.6	3.56	18.00	19.17	+ 438.5	+ 6.5		
N.-Trøndelag .	5.09	24.50	25.16	+ 394.3	+ 2.7	3.43	16.47	17.01	+ 395.9	+ 3.3		
Nordland ....	5.54	24.97	26.28	+ 374.4	+ 5.2	3.10	15.56	17.24	+ 456.1	+ 10.8		
Troms .....	5.28	26.57	27.33	+ 417.6	+ 2.9	2.93	18.96	19.08	+ 551.2	+ 0.6		
Finnmark ....	6.20	27.64	27.17	+ 338.2	- 1.7	3.76	18.15	17.40	+ 362.8	- 4.1		
Bygdene i alt .	5.68	25.11	26.09	+ 359.3	+ 3.9	3.65	16.85	17.82	+ 388.2	+ 5.8		

For dagarbeidrarar får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. I 1953 var medels dagløn for menn på arbeidsgjevaren sin kost: våronn kr. 20,69, slåttonn kr. 22,12 og skurdonn kr. 20,77. Dagløna

på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 25,23, kr. 26,09 og kr. 25,24. Lønsauken frå året før var ca. 1 krone pr. dag eller 4—5 prosent. I sume fylke er det ein lønsauke på ca. 10 prosent for arbeid i slåttonna, medan det er litt nedgang i andre fylke.

Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjevaren sin kost var i 1953: i våronna kr. 13,68, i slåttonna kr. 14,57 og i skurdonna kr. 13,96. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 17,13, kr. 17,82 og kr. 17,54. Det har vori ein auke på 5—7 prosent sidan året før.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn lønene i onnene, både for menn og kvinner.

Dagløna for grøfting er vel så høg som for onnehjelp, og auken siste året var 5—6 prosent. For handverksarbeid er dagløna noko høgre enn for gardsarbeid. På arbeidsgjevaren sin kost var dagløna 23—26 kroner og på eigen kost 28—30 kroner. Lønsauken har vori 3—5 prosent siste året.

For skogsarbeid på dagløn var medelløna på eigen kost kr. 27,77 pr. dag i vinterhalvåret 1953/54. Det er ein auke på vel 1 krone pr. dag. Det er 4 prosent meir enn vinteren før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) var kr. 40,47 — også her ein auke på 4 prosent. Prisane for hogging var vinteren 1953/54 kr. 12,82 pr. m<sup>3</sup> borka tømmer og kr. 8,78 pr. m<sup>3</sup> uborka tømmer. Medelprisen for hogging av famneved var kr. 30,81 pr. 60 cm famn. Hogging av reisved kom på kr. 2,49 pr. 1 m reis. Prisane for hogging synte ikkje store avvik frå året før.

Ei jamføring med lønene frå 1938/39 syner at årsløna på arbeidsgjevaren sin kost var 6—6½ gonger så høg i 1953/54. Dagløna for gardsarbeid og skogsarbeid på arbeidsgjevaren sin kost var 5½—6 gonger så høg som i 1938/39, og løn på eigen kost var 4½—5 gonger så høg. Dagløna for handverkarar var om lag 4½ gonger så høg som i 1938/39, og betalinga for hogging av tømmer og famneved var 5—5½ gonger så høg.

Verdsetjinga av kost og losji hjå arbeidsgjevaren får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjevaren sin kost. Kostdagsverdet i 1953/54 hadde ikkje endra seg stort frå året før. For dei lønskategoriar som ein har slike oppgåver for, ymsar kostdagsverdet frå kr. 4,00 til kr. 5,40 for menn og mellom kr. 3,30 og kr. 3,70 for kvinner.

Tarifflønene — etter avtale mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund — har ikkje vori bridda sidan 15. januar 1953. Timeløna for gardsarbeidar over 21 år og med minst 4 års praksis vart då sett til kr. 2,60. Det var ein auke på 4 øre i høve til tidlegare timeløn. Tala nedanfor gjev eit oversyn over normaltariffen for dei mest vanlege satsane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjøsrøktar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleg innehj. over 20 år med fri kost og losji
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
Frå 15. jan. 1950..	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
» 15. okt. 1950..	337.00	1.80	385.00	140.00
» 15. april 1951..	372.00	1.98	425.00	168.00
» 15. okt. 1951..	406.00	2.15	464.00	199.50
» 15. jan. 1952..	448.00	2.36	510.00	227.50
» 15. jan. 1953..	488.00	2.56	554.00	255.00
	496.00	2.60	563.00	264.00

For gardsarbeidar og fjøsrøktar gjeld tala bruttoløn. Dersom arbeidaren har kost og losji på garden, skal dette koma som frådrag i løna. Frå 15. januar 1950 var satsen for kost og losji kr. 3,25 pr. dag, men har seinare auka. Frå 15. januar 1952 er det kr. 4,55 pr. dag (kr. 3,75 for kost og kr. 0.80 for losji).

Frå sumaren 1950 til sumaren 1952 har auken i tariffsatsane vori sterkare

enn etter lønsstatistikken fra Byrået. Tarifftimesatsen ligg likevel lægre enn dagløna etter Byrået sin statistikk, rekna etter 8 timer arbeidsdag og med tillegg for sesongarbeidar (kr. 2,00 pr. dag). Utrekna nettoløn for gardsarbeidrarar på månadsløn låg etter topsatsen i tariffen (over 21 år og med minst 4 års praksis) vel så høgt som Byrået sitt medeltal for tenestgutar.

### **Korleis bruka ligg til, driftstilhøve, bygningar, vassforsyning og omsetnadstilhøve.**

I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1953 vart det henta inn ein del spesielle oppgåver over tilhøva ved brukta. Det meste av dette er slikt som ein ikkje har statistikk over frå før.

Teljingsskjemaet — som er teki inn som vedlegg 1 bak i boka, syner kva spørsmål ein hadde med.

Denne etterrøknaden gjeld dei same 22 808 brukta som gav oppgåver over areal og husdyrhald. Det svarar til 10,69 prosent av alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal ved den fullstendige jordbrukssteljinga i 1949.

Brukta mellom 20 og 100 dekar er litt sterkare representert i materialet til denne etterrøknaden enn dei større og mindre bruk. Brukstalet i denne storleiksgruppa svarar til 11,0 prosent av alle bruk mellom 20 og 100 dekar i 1949. Av brukta over 100 dekar svarar representasjonen til 10,2 prosent. Denne skilnaden er ikkje så stor at det skulle ha nemnande verknad på resultata. Også når det gjeld dei ymse strøk av landet, er representasjonen bra jamn. Finnmark skil seg litt ut. Her har ein fått oppgåver frå 9,7 prosent av alle brukta over 5 dekar i 1949. For dei andre fylka skifter det mellom 10,1 prosent i Akershus og 11,0 prosent i Buskerud. For dei 20 jordbruksområda ymsar det mellom 10,3 og 11,0 prosent.

Ein meiner materialet gjev fullnøyande grunnlag for dei totaltala ein har rekna ut for heile landet. Ein har ikkje rekna ut totaltal for dei einskilde fylke og område, men tala for dei brukta som er med i etterrøknaden vil gjeva grunnlag til å døma om tilhøva også i dei ymse distrikta.

### **Korleis bruka ligg til.**

Avstand fra jarnvegstasjon, rutebil- eller rutebåtstoppestad.

Desse oppgåvene skal gjelda avstanden til det nærmeste av desse kommunikasjonsmidla.

*Tabell 41. Talet på bruk delt etter avstand fra jarnvegstasjon, rutebil- eller rutebåtstoppestad.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Inntil 100 m .....	1 380	2 422	359	4 161	19.1	18.0	16.9	18.2
101 — 500 » .....	1 247	2 141	357	3 745	17.2	15.9	16.8	16.4
501 — 1000 » .....	1 171	1 974	336	3 481	16.2	14.7	15.9	15.3
1.1 — 2 km .....	984	1 893	300	3 177	13.6	14.1	14.2	13.9
2.1 — 5 » .....	1 485	2 992	507	4 984	20.5	22.2	23.9	21.9
5.1 — 10 » .....	448	1 132	176	1 756	6.2	8.4	8.3	7.7
10.1 — 20 » .....	103	397	39	539	1.4	3.0	1.8	2.4
20.1 — 50 » .....	41	134	17	192	0.6	1.0	0.8	0.8
Over 50 » .....	6	54	5	65	0.1	0.4	0.2	0.3
Oppgåve vantar .....	367	316	25	708	5.1	2.3	1.2	3.1
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

På grunnlag av desse oppgåvane har ein skift alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal i grupper etter avstand frå kommunikasjonsmiddel. Det er då rekna med same brukstal som ved jordbrukssteljinga i 1949 — 213 441 bruk over 5 dekar. Av desse var det 70 008 bruk med 5,1—20 dekar jordbruksareal, 122 648 med 20,1—100 dekar og 20 785 bruk med over 100 dekar jordbruksareal. Nyare tal har ein ikkje. Ein har rekna med at tilhøva for dei 708 brukta, der det i 1953 vantar opplysninga om avstand, er som for dei andre brukta. Det er ingen ting som tyder på noko anna. Ein kjem då fram til desse avrunda tala:

Inntil 100 m	.... 40 100 bruk	2.1 — 5 km	.... 48 300 bruk
101 — 500 »	.... 36 100 »	5.1 — 10 »	.... 16 900 »
501 —1000 »	.... 33 700 »	10.1 — 20 »	.... 5 100 »
1.1 — 2 km	.... 30 700 »	20.1 — 50 »	.... 1 900 »
		Over — 50 »	.... 600 »

Når ein skal døma om desse tala, må ein taka omsyn til at gruppevidda (intervalla) blir større med aukande avstand.

Etter den grupperinga som er nytta her, kjem det flest bruk i gruppa 2,1—5 km avstand. Storparten av brukta har likevel kortare veg. Framimot  $\frac{2}{3}$  av brukta kjem i dei fire gruppene som femner over bruk med inntil 2 km avstand. Rekna for heile landet, får ein ca. 190 000 bruk over 5 dekar med inntil 5 km avstand frå nærmeste kommunikasjonsmiddel og ca. 24 000 med lengre avstand enn 5 km. Det er altså relativt få bruk som har meir enn 5 km til eit av dei kommunikasjonsmidla som er tekne med her. Dette gjer seg gjeldande for alle tre bruksklassar. I bruksklassen 5,1—20 dekar er det relativt sett litt fleire bruk med serleg kort avstand enn ved dei større bruk, men skilnaden er liten.

Det er større skilnad når ein ser på tala for dei ymse delar av landet. I Agder er det serleg mange bruk med inntil 100 m avstand. I kystbygdene i Agder har meir enn tredjeparten av brukta inntil 100 m avstand og over halvparten av brukta har inntil 500 m avstand. I kystbygdene i Vest-Agder er det inntil 100 m avstand ved framimot halvparten av brukta. Også i øybygdene i Nord-Noreg og i «andre ytre bygder» på Vestlandet er det relativt mange som har kort veg til dei nemnde kommunikasjonsmiddel. I kystbygdene i Trøndelag derimot, er det relativt få bruk med inntil 500 m avstand og relativt mange med over 5 km. Dette gjer seg elles gjeldande for alle områda i Trøndelag. Innan denne landsdelen kjem ein serleg stor del av brukta i gruppa 2,1—5 km.

Stort sett er det elles dei indre bygder som har relativt færrest bruk med kort avstand og relativt flest med lang avstand. Av dei brukta som var med i teljinga, var det 65 bruk med over 50 km avstand til kommunikasjonsmiddel. Av desse finn ein 57 i områdegruppa indre bygder. Dei indre bygder har 121 av dei 192 brukta med 20,1—50 km avstand.

Ein syner elles til tabell X bak i boka. Her finn ein tala for dei einskilde fylka og jordbruksområda.

## Avstand frå handelsstad.

Tabell 42. Talet på bruk delt etter avstand frå handelsstad.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Inntil 100 m .....	563	691	69	1 323	7.8	5.1	3.3	5.8
101 — 500 » .....	1 130	1 540	200	2 870	15.6	11.4	9.4	12.6
501 — 1000 » .....	1 290	2 186	441	3 917	17.8	16.3	20.8	17.2
1.1 — 2 km .....	1 291	2 503	492	4 289	17.9	18.6	23.2	18.8
2.1 — 5 » .....	1 893	4 291	727	6 911	26.2	31.9	34.3	30.3
5.1 — 10 » .....	575	1 473	143	2 191	7.9	11.0	6.8	9.6
10.1 — 20 » .....	140	451	20	611	1.9	3.4	0.9	2.7
20.1 — 50 » .....	20	58	3	81	0.3	0.4	0.1	0.3
Over 50 » .....	—	—	12	—	—	0.1	—	0.1
Oppgåve vantar .....	330	247	26	603	4.6	1.8	1.2	2.6
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Ein har rekna ut korleis det totale brukstalet (dei vel 213 000 bruka med over 5 dekar jordbruksareal i 1949) deler seg på grupper etter avstand frå handelsstad. Dette er gjort på same måte som når det gjeld avstand frå kommunikasjonsmiddel. Grupperinga blir då slik:

Inntil 100 m ....	12 800 bruk	2.1 — 5 km ....	66 400 bruk
101 — 500 » ....	27 500 »	5.1 — 10 » ....	21 100 »
501 — 1000 » ....	37 600 »	10.1 — 20 » ....	5 800 »
1.1 — 2 km ....	41 200 »	20.1 — 50 » ....	800 »
		Over 50 » ....	200 »

Også når det gjeld avstand til handelsstad, er det flest bruk i gruppa 2.1—5 km. Bortimot tredjeparten av bruka fell på denne gruppa, men dei fire gruppene med kortare avstand har til saman noko over halvparten av bruka.

Det er relativt få bruk som berre har inntil 100 m til handelsstad. Som ein ser av tabellen, blir det fleire bruk i gruppene etter som avstanden aukar, heilt til ein kjem til gruppa 2.1—5 km. Det er altså ein tydeleg skilnad i høve til tala for avstand til kommunikasjonsmiddel. (Sjå tabell 41.) Her er det også gruppa 2.1—5 km som er den talrikaste, men av dei fire lægre gruppene er det den første (inntil 100 m) som er talrikast, medan brukstalet minkar frå gruppe til gruppe etter som avstanden aukar.

Det er ikkje serleg stor skilnad mellom bruk av ymse storleik når det gjeld avstand frå handelsstad. Relativt sett er det litt fleire bruk med inntil 500 m avstand i klassen 5.1—20 dekar enn ved dei større bruk. Over 5 km avstand er mest vanleg i bruksklassen 20.1—100 dekar.

Rekna for heile landet, er det i alt ca. 185 000 bruk over 5 dekar som har inntil 5 km avstand frå handelsstad. Ca. 28 000 bruk har meir enn 5 km. Det er altså noko fleire bruk med over 5 km til handelsstad enn til kommunikasjonsmiddel. Denne skilnaden skriv seg frå gruppa 5.1—10 km avstand. Det er færre bruk som har over 20 km avstand til handelsstad enn til kommunikasjonsmiddel.

Når ein samanliknar tala for dei ymse strøk av landet, ser ein at skilnaden er mindre når det gjeld avstand til handelsstad enn når det gjeld kommunikasjonsmiddel. Relativt flest bruk med retteleg kort avstand (inntil 500 m) finn ein i kystbygdene. Men det er elles dei beste jordbruksbygder som har relativt

flest bruk med inntil 2 km avstand. Det er dei indre bygder som har etter måten flest bruk med over 5 km avstand. Av dei bruka som var med i teljinga, var det i alt 611 bruk som hadde 10,1—20 km avstand til handelsstad. Av desse var 310 i områdegruppa indre bygder. Av 81 bruk med 20,1—50 km avstand fall 54 på dei indre bygder. Det var berre 12 bruk med meir enn 50 km veg til handelsstad. Alle desse var i Troms og Finnmark. Sjå elles tabell X bak i boka.

### Avstand frå folkeskule.

*Tabell 43. Talet på bruk delt etter avstand frå folkeskule.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Inntil 100 m .....	406	590	57	1 053	5.6	4.4	2.7	4.6
101 — 500 » .....	916	1 598	206	2 720	12.7	11.9	9.7	11.9
501 — 1000 » .....	1 299	2 388	404	4 091	18.0	17.8	19.1	17.9
1,1 — 2 km .....	1 632	3 189	526	5 347	22.6	23.7	24.8	23.4
2,1 — 5 » .....	2 205	4 498	813	7 516	30.5	33.4	38.4	33.0
5,1 — 10 » .....	356	724	77	1 157	4.9	5.4	3.6	5.1
10,1 — 20 » .....	69	188	11	268	0.9	1.4	0.5	1.2
20,1 — 50 » .....	21	40	1	62	0.3	0.3	—	0.3
Over 50 » .....	—	6	—	6	—	—	—	—
Oppgåve vantar .....	328	234	26	588	4.5	1.7	1.2	2.6
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

På same måte som for avstand til kommunikasjonsmiddel og handelsstad, har ein også rekna ut korleis totaltalet på bruk med over 5 dekar jordbruksareal deler seg på grupper etter avstand frå folkeskule. Ein får då desse tala:

Inntil 100 m ....	10 000 bruk	2,1 — 5 km ....	72 100 bruk
101 — 500 » ....	26 200 »	5,1 — 10 » ....	11 100 »
501 — 1000 » ....	39 300 »	10,1 — 20 » ....	2 600 »
1,1 — 2 km ....	51 400 »	20,1 — 50 » ....	600 »
		Over 50 » ....	100 »

Tabell 43 viser at grupperinga etter avstand frå folkeskule stort sett syner det same biletet som for avstand frå handelsstad. Tredjeparten av bruken fell i gruppa 2,1—5 km. Det er heller få bruk som har inntil 100 m avstand. Brukstalet aukar frå gruppe til gruppe heilt fram til gruppa 2,1—5 km. Gruppa 1,1—2 km har fjerdeparten av bruken. I alt fell nærmere  $\frac{3}{5}$  av bruken på dei to gruppene mellom 1 og 5 km. Dette er meir enn når det gjeld avstand frå kommunikasjonsmiddel og handelsstad.

Skilnaden mellom bruk av ymse storleik er helst liten. Avstand på inntil 500 m er relativt mest vanleg i bruksklassen 5,1—20 dekar. Avstand mellom 500 m og 5 km er sterkest representert ved bruken over 100 dekar, medan det er relativt flest bruk med over 5 km avstand til folkeskule ved bruken mellom 20 og 100 dekar. Dette er det same som når det gjeld avstand til handelsstad.

Av alle bruk med over 5 dekar har 199 000 inntil 5 km avstand frå folkeskule, og 14 000 har større avstand. Det er altså langt færre bruk som har over 5 km til folkeskule enn til kommunikasjonsmiddel og handelsstad. Av dei bruka som var med i teljinga, var det 6 som hadde meir enn 50 km til folkeskule. Alle desse kjem inn under områdegruppa indre bygder. 5 av dei er i Nord-Noreg. Av 62 bruk med 20,1—50 km avstand ligg 34 i Finnmark.

Avstand på inntil 100 m er relativt meir vanleg i Agder og Nord-Noreg enn i dei andre landsdelane, medan det er Austlandet som har relativt færrest bruk med så kort skuleveg. Det er stort sett i kystbygdene det er mest vanleg med kort veg til skulen. I Trøndelag er 1,1—5 km skuleveg serleg vanleg. I bygdene ved Trondheimsfjorden og i «andre indre bygder» har om lag 70 prosent av bruken 1,1—5 km avstand til folkeskule. Avstandar på meir enn 5 km er det relativt mest av i Nord-Noreg, og dessutan i dei indre bygder i dei andre landsdelane. Sjå elles tabell X bak i boka.

#### Avstand frå meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute.

Tabell 44. Talet på bruk delt etter avstand frå meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute.

	Absoluste tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Inntil 100 m .....	1 403	3 079	538	5 020	19.4	22.9	25.4	22.0
101 — 500 » .....	986	2 205	431	3 622	13.6	16.4	20.3	15.9
501 — 1000 » .....	714	1 527	263	2 504	9.9	11.3	12.4	11.0
1.1 — 2 km .....	589	1 214	212	2 015	8.1	9.0	10.0	8.8
2.1 — 5 » .....	763	1 780	369	2 912	10.5	13.2	17.4	12.8
5.1 — 10 » .....	418	949	147	1 514	5.8	7.1	6.9	6.6
10.1 — 20 » .....	285	643	50	978	3.9	4.8	2.3	4.3
20.1 — 50 » .....	279	587	29	895	3.9	4.4	1.4	3.9
Over 50 » .....	149	162	6	317	2.1	1.2	0.3	1.4
Oppgåve vantar .....	1 646	1 309	76	3 031	22.8	9.7	3.6	13.3
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Tabell 44 viser at det er mange som ikkje har svara på dette spørsmålet (3 031 bruk, 13,3 prosent av alle brukna). Vel halvparten av desse (1 646) er små bruk med mellom 5 og 20 dekar jordbruksareal. Dette er for ein stor del slike bruk som ikkje har noko mjølk å selja. Elles er det ein del bruk, både små og større, som ligg slik til at det til dessa ikkje har vori aktuelt å levera mjølk til meieri, for di vegen er for lang eller for tungvint. Ein stor del av desse har ikkje svara på spørsmålet.

Dersom ein ser bort frå dei oppgåvane der det vantar opplysninga og deler det totale brukstalet på grunnlag av dei som har gjevi svar, kjem ein fram til desse tala:

Inntil 100 m ....	54 200 bruk	2.1 — 5 km ....	31 400 bruk
101 — 500 » ....	39 100 »	5.1 — 10 » ....	16 400 »
501 — 1000 » ....	27 100 »	10.1 — 20 » ....	10 400 »
1.1 — 2 km ....	21 800 »	20.1 — 50 » ....	9 600 »
		Over 50 » ....	3 400 »

Gruppa inntil 100 m er den talrikaste, dernest gruppa 101—500 m. Det er mjølkerutene som gjer at så mange bruk fell på desse gruppene. Ein ser at det er heller mange bruk som har meir enn 5 km avstand, og sjølv over 20 km er ikkje så reint uvanleg. Det syner seg altså at grupperinga etter avstand frå meieri eller annan leveringsstad for meierimjølka skil seg sterkt ut frå grupperinga etter dei avstandar som er nemnde før (kommunikasjonsmiddel, handelsstad og folkeskule). Der er det gruppa 2,1—5 km som er den talrikaste, og der er få

bruk med over 20 km avstand. Bruk med 10,1—20 km er også mindre vanleg enn når det gjeld avstand for mjølkeleveringa.

Dersom ein ikkje tek omsyn til dei brukar som vantar oppgåve, er det svært liten skilnad mellom bruk av ymse storleik, når ein ser på grupperinga etter avstand. Derimot er det heiler stor skilnad mellom ymse strøk av landet. Avstand på inntil 100 m er serleg vanleg i Agder, der meir enn tredjeparten av brukar kjem i denne gruppa — i kystbygdene i Agder  $\frac{2}{5}$  av brukar. Så kort avstand er meir vanleg i Vest-Agder enn i noko anna fylke — og langt vanlegare enn i Aust-Agder. Også i Møre og Romsdal er inntil 100 m avstand svært vanleg. Det er Trøndelag som har relativt færrest bruk med så kort avstand. I denne landsdelen er gruppa 2,1—5 km ein god del større — relativt sett — enn i dei andre landsdelane. Her er det også etter måten mange bruk som har meir enn 5 km veg når dei skal levera mjølka til meieriet. Det er elles Nord-Noreg som har relativt flest bruk med meir enn 5 km avstand. Grupperinga etter avstand viser eit heilt anna biletet her enn i dei andre delane av landet. I Nord-Noreg fell det flest bruk på gruppa inntil 100 m (som i dei fleste andre strøk), men deretter følgjer gruppa 20,1—50 km. Så kjem gruppene 10,1—20 og 2,1—5 km. Av alle brukar som er med i etterrøknaden, fell 317 på gruppa over 50 km. 254 av desse er i Nord-Noreg. Av 895 bruk i gruppa 20,1—50 km fell 445 på Nord-Noreg. Serleg mange av desse brukar finn ein i Troms. I Østfold, Akershus og Vestfold er det få bruk med meir enn 5 km veg for mjølkeleveringa.

Ein har også tald opp kor mange bruk det er ved denne etterrøknaden som leverer mjølk til meieri. Sjå meir om dette under «Omsetnadstilhøve». Desse brukar, der det etter oppgåvene altså er vanleg med mjølkelevering til meieri, er også delt på grupper etter avstand til meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute. På grunnlag av desse oppgåvene har ein rekna ut det totale tal mjølkeleverandørar til meieri ved brukar over 5 dekar. Det er dette talet, 114 500 bruk — som nedanfor er delt på grupper etter avstand.

	Meieri-leverandørar			Meieri-leverandørar	
	Bruk	Prosent		Bruk	Prosent
Inntil 100 m .....	34 000	29.7	5.1 — 10 km .....	7 600	6.6
101 — 500 » .....	23 800	20.8	10.1 — 20 » .....	4 500	3.9
501 — 1000 » .....	14 200	12.4	20.1 — 50 » .....	4 300	3.8
1.1 — 2 km .....	10 900	9.5	Over 50 » .....	400	0.4
2.1 — 5 » .....	14 800	12.9		I alt	114 500
					100.0

Når ein samanliknar desse tala med dei som er gjevne framanfor — for alle bruk over 5 dekar — finn ein at skilnaden ikkje er så serleg stor. Relativt sett er det nokre fleire bruk med kort veg og nokre færre bruk med lang veg blant meierileverandørane, enn når ein ser alle brukar under eitt.

#### Telefon.

På spørsmålet om bruket har telefon, fekk ein desse svara:

9 488 eller 41,6 prosent svara ja

11 612 eller 50,9 prosent svara nei

1 708 eller 7,5 prosent gav ikkje svar.

Ein kan gå ut frå at dei fleste av dei som ikkje har svara er utan telefon.

Rekna etter desse oppgåvene skulle det vera telefon ved 88 800 av dei vel 213 400 brukar med over 5 dekar jordbruksareal.

Det er stor skilnad mellom bruk av ymse storleik. Det er telefon ved 25,9 prosent av bruka mellom 5 og 20 dekar, ved 43,2 prosent i bruksklassen 20,1—100 dekar og ved 85,1 prosent av bruka over 100 dekar.

I Trøndelag er det telefon ved framimot tre femtepartar av bruka over 5 dekar, på Vestlandet og på Austlandet ved vel to femtepartar og i Agder og Nord-Noreg ved knapt tredjedelen av bruka. Fylkesvis varierer det mellom knapt to tredjepartar i Vestfold og ein sjettepart i Finnmark.

Telefon er meir vanleg innan områdegruppa dei beste jordbruksbygder (ved vel halvparten av bruka) enn i dei andre områdegruppene. I skiferlandskapa ved Boknfjorden er det telefon ved vel tre fjerdepartar av bruka. Det er relativt færrast som har telefon i områdegruppa mellom- eller skogbygder — ved knapt tredjeparten av bruka.

Dei som var utan telefon skulle gjeva opplysningar om kor langt det var til nærmeste telefon. Tabell 45 syner resultatet av desse svara. Det er dei som har svara nei på spørsmålet om bruket har telefon, som er med i denne tabellen.

*Tabell 45. Talet på bruk delt etter avstand frå telefon.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Inntil 100 m .....	968	1 425	48	2 441	21.0	21.0	21.3	21.0
101 — 500 » .....	1 704	2 511	91	4 306	37.0	37.0	40.4	37.1
501 — 1000 » .....	843	1 286	40	2 169	18.3	19.0	17.8	18.7
1.1 — 2 km .....	458	669	17	1 144	9.9	9.9	7.5	9.8
2.1 — 5 » .....	348	538	8	894	7.6	7.9	3.6	7.7
Over 5 » .....	58	89	4	151	1.3	1.3	1.8	1.3
Oppgåve vantar .....	224	266	17	507	4.9	3.9	7.6	4.4
I alt .....	4 603	6 784	225	11 612	100.0	100.0	100.0	100.0

Som nemnt framanfor, er det rekna ut at 88 800 bruk over 5 dekar har telefon. Det blir då 124 600 som er utan telefon på bruket. Reknar ein så med at grupperinga etter avstand frå nærmeste telefon er den same for alle desse bruka som for dei 11 105 bruka som i etterrøknen har svara på spørsmålet om avstand, kjem ein fram til desse tala:

Inntil 100 m ....	27 400 bruk	1.1 — 2 km ....	12 800 bruk
101 — 500 » ....	48 400 »	2.1 — 5 » ....	10 000 »
501 — 1000 » ....	24 300 »	Over 5 » ....	1 700 »

Gruppa 101—500 m er den talrikaste. Etter denne følgjer gruppene inntil 100 m og 501—1000 m. Av dei framimot 125 000 bruka utan telefon, er det vel 100 000 som har inntil 1 km veg til telefon og bortimot 25 000 som har lengre veg. Berre vel 200 av dei 1700 bruka med over 5 km avstand har meir enn 10 km til nærmeste telefon.

Det er ingen nemnande skilnad mellom bruk av ymse storleik når det gjeld avstand for dei bruka som ikkje sjølv har telefon.

I skiferlandskapa ved Boknfjorden er det ingen bruk med meir enn 1 km til telefon, og på Jæren er det berre nokre få bruk med lengre veg. Også i Trøndelag er det få bruk som har meir enn 1 km til telefon. Relativt flest med lengre

veg er det i Nord-Noreg, men sjølv der er det berre kvart fjerde bruk som har over 1 km til telefon. Ein syner elles til tabell X bak i boka.

Fylgjande tabell gjev ei samanlikning mellom dei ymse grupperingar etter avstand. Det er det totale brukstalet over 5 dekar som her er delt etter avstand — i absolutte og relative tal. Ein har berre teki med dei relative tala for avstand til telefon. Dei absolutte tala kan ikkje samanliknast med dei tilsvarende tala for kommunikasjonsmiddel osb., då dei berre gjeld dei bruka som er utan telefon.

*Tabell 46. Talet på bruk over 5 dekar delt på grupper etter avstand.*

	Absolutive tal				Relative tal				Telefon
	Kommunikasjonsmiddel	Handelsstad	Folkeskule	Meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute	Kommunikasjonsmiddel	Handelsstad	Folkeskule	Meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute	
Inntil 100 m	40 100	12 800	10 000	54 200	18.8	6.0	4.7	25.4	22.0
101 — 500 »	36 100	27 500	26 200	39 100	16.9	12.9	12.3	18.3	38.8
500 — 1000 »	33 700	37 600	39 300	27 100	15.8	17.6	18.4	12.7	19.5
1.1 — 2 km	30 700	41 200	51 400	21 800	14.4	19.3	24.1	10.2	10.3
2.1 — 5 »	48 300	66 400	72 100	31 400	22.6	31.1	33.8	14.7	8.0
5.1 — 10 »	16 900	21 100	11 100	16 400	7.9	9.9	5.2	7.7	1.2
10.1 — 20 »	5 100	5 800	2 600	10 400	2.4	2.7	1.2	4.9	} 0.2
20.1 — 50 »	1 900	800	600	9 600	0.9	0.4	0.3	4.5	
Over 50 »	600	200	100	3 400	0.3	0.1	—	1.6	—
I alt .....	213 400	213 400	213 400	213 400	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0

Denne tabellen syner at det er grupperinga etter avstand frå handelsstad og folkeskule som fell best saman. Rekna etter brukstalet, kjem gruppene i same rekjkjefylge i begge høve, men ein større del av bruka er samla i dei to gruppene mellom 1 og 5 km når det gjeld avstand frå folkeskule. Dette gjev seg utslag i ei meir talrik gruppe med 5,1—10 km avstand når det gjeld handelsstad.

Også når det gjeld avstand frå kommunikasjonsmiddel, er gruppa 2,1—5 km den største, men her er det langt fleire bruk med inntil 500 m avstand enn ved grupperinga etter handelsstad og folkeskule.

Grupperinga etter avstand frå meieri, mottakarstasjon eller mjølkerute skil seg heller sterkt ut. For det første fell ein større del av bruka på dei to gruppene med inntil 500 m avstand, og dessutan er resten av bruka jamnare delt på dei høgre avstandsgruppene.

Relativtala for avstand til telefon viser at her er ein sers stor del av bruka samla i dei tre gruppene med inntil 1 km avstand.

Stort sett — når ein ser dei ymse spørsmål om avstand under eitt, kan ein seja at relativ kort avstand (inntil 2 km) er mest vanleg på Vestlandet og i Agder, minst vanleg i Nord-Noreg og Trøndelag. Stor avstand (over 10 km) er relativt mest vanleg i Nord-Noreg.

Dei oppgåvane ein har samla inn ved denne etterrøknaden syner kor lang veg det er frå dei einskilde bruk til kommunikasjonsmiddel, folkeskule osb. Men desse oppgåvane gjev ikkje opplysning om korleis denne vegen er. Sume bruk har god og lett veg. Andre bruk kan vera veglause. Det kan vera bratt og tungvint å koma fram. Sume stader må ein bruka robåt for å koma fram. Dette er slikt som ikkje kjem til syne ved denne etterrøknaden. Ved jordbrukssteljinga i 1949 var det køyreveg til 184 000 av dei vel 213 000 bruka over 5 dekar.

### Driftstilhøve.

Ved etterørknaden pr. 20. juni 1953 hadde ein også med nokre spørsmål, der ein kom inn på driftstilhøva ved bruken. Det gjeld opplysningsar om:

Innmarksteigane ligg godt samla.

Terrengtilhøva på innmarka.

Kva jordart det er mest av.

Kor mykje av innmarka som er uskikka til åker, og årsakene til at jorda er uskikka.

Sjå elles teljingsskjemaet (vedlegg 1 bak i boka).

Om innmarksteigane ligg godt samla.

Talrekjkjene nedanfor syner kva svar ein har fått på dette spørsmålet.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Ja .....	6 062	10 612	1 681	18 355	83.8	78.9	79.3	80.5
Nei .....	826	2 604	408	3 838	11.4	19.3	19.2	16.8
Oppgåve vantar .....	344	239	32	615	4.8	1.8	1.5	2.7
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Dersom ein gjer desse resultata gjeldande for det totale brukstalet over 5 dekar, blir det i alt 176 500 bruk der innmarksteigane er godt samla, medan dei ikkje er godt samla ved 36 900 bruk. Det er rekna med at dei bruken som ikkje har svara på spørsmålet, skifter seg på gruppene «Ja» og «Nei» i høve til brukstalet i desse gruppene.

Relativt sett er det noko fleire bruk med godt samla innmarksareal i bruksklassen 5,1—20 dekar enn ved dei større bruk. Her er det då også etter måten små areal pr. bruk.

Det er ikkje serleg stor skilnad mellom dei ymse fylka og jordbruksområda når det gjeld dette spørsmålet. Mellom fylka skil Vest-Agder seg ut med relativt mange bruk, der innmarksteigane ikkje ligg godt samla. Serleg gjer dette seg gjeldande i kystbygdene i fylket. Dette gjev seg også utslag i tala for jordbruksområdet «kystbygder» i Agder. Etter Vest-Agder følgjer Aust-Agder, Sør-Trøndelag og Finnmark. Relativt flest bruk med godt samla innmarksareal er det i Hedmark, Hordaland og Nord-Trøndelag. Slettelandet på Jæren kjem først av jordbruksområda. I det heile er det noko fleire bruk, relativt sett, med godt samla innmarksteigar i dei beste jordbruksbygdene enn i dei andre områdegruppene. Det er etter måten færrest i dei indre bygder. Ein viser elles til tabell XI bak i boka.

### Terrengtilhøva.

I teljingsskjemaet var det spurt om korleis det meste av innmarka er med omsyn til terrengtilhøve. Når det i ei oppgåve er opplyst at det meste av innmarksarealet er til dømes flatt, er det ikkje dermed sagt at det ikkje er noko småkupert eller bratt lende på innmarka. Svaret fortel berre kva det er mest av. Av tabell 47 ser ein at det også er ein del som har gjevi opp både flatt og småkupert terreng — eller andre kombinasjonar. På desse bruken er dei terrengtypar

Tabell 47. Talet på bruk delt etter terrengetilhøva på innmarka.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Det meste av innmarka er:								
Flat .....	2 950	5 654	1 060	9 664	40.8	42.0	50.0	42.4
Småkupert .....	2 176	3 441	496	6 113	30.1	25.6	23.4	26.8
Brattlendt .....	1 068	2 056	210	3 334	14.8	15.3	9.9	14.6
Flat og småkupert .....	270	878	179	1 327	3.7	6.5	8.4	5.8
Flat og brattlendt .....	92	382	66	540	1.3	2.8	3.1	2.4
Småkupert og brattlendt .....	271	662	53	986	3.7	4.9	2.5	4.3
Flat, småkupert og brattlendt .....	26	102	22	150	0.4	0.8	1.0	0.7
Oppgåve vantar .....	379	280	35	694	5.2	2.1	1.7	3.0
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

som er gjevne opp om lag like sterkt representerte. Oppgåvene fortel ikkje kor stort arealet av dei ymse terrengetypar er.

Dersom ein på grunnlag av oppgåvene til denne etterrøknaden reknar seg fram til totaltal for alle bruk over 5 dekar, får ein denne grupperinga etter terrengetilhøva:

Flat .....	93 300 bruk	Flat og småkupert .....	12 800 bruk
Småkupert .....	58 900 »	Flat og brattlendt .....	5 100 »
Brattlendt .....	32 200 »	Småkupert og brattlendt .....	9 600 »
		Flat, småkupert og brattlendt .....	1 500 »

På noko mindre enn halvparten av brukena er det meste av innmarka flat, på vel fjerdeparten av brukena er det meste småkupert, og framimot sjetteparten av brukena har mest brattlendt innmark. For resten av brukena gjeld oppgåvene ymse kombinasjonar av terrenghformer. Småkupert er sterkest representert her, dernest flatt og brattlendt.

Det er relativt flest bruk med flat innmark innan bruksklassen over 100 dekar, færrest i den lægste bruksklassen. Bruk med småkupert innmark er sterkest representerte innan dei minste brukena, medan det er bruksklassen 20,1–100 dekar som har flest bruk med brattlendt innmarksareal.

Det er tydelege og karakteristiske skilnader mellom dei ymse strøk av landet når det gjeld terrengetilhøve. I dei beste jordbruksbygder er det meste av innmarka flat ved vel halvparten av brukena, men i dei indre bygder berre ved vel tredjeparten av brukena. Det er mellom- eller skogbygdene og kystbygdene som har relativt flest bruk med småkupert innmark. I dei indre bygder er det meste av innmarka brattlendt ved framimot fjerdeparten av brukena. I dei beste jordbruksbygder er det berre tiendeparten av brukena som er rekna som brattlendte.

Av dei einskilde jordbruksområda er det Jæren som har relativt flest bruk med flat innmark ( $\frac{2}{3}$  av brukena), og færrest brattlendte bruk. Også i kystbygdene og dei ytre fjordbygder i Trøndelag er innmarka flat ved framimot  $\frac{2}{3}$  av brukena, men her er etter måten fleire brattlendte bruk enn på Jæren.

Relativt flest brattlendte bruk er det i dal- og fjellbygdene på Austlandet. Her er brattlendte bruk meir vanleg enn flate og småkuperte. Også i dei indre bygdene på Vestlandet er det mange brattlendte bruk.

Tala for dei einskilde fylke syner at det er relativt flest bruk med flat innmark i Finnmark — vel  $\frac{2}{3}$  av brukena. Dernest følgjer Vestfold og Østfold. I Hordaland er berre femteparten av brukena rekna som flate. Relativt flest brattlendte

bruk er det i Oppland, Sogn og Fjordane og Telemark. Hordaland er det fylket som har relativt flest bruk med småkupert innmark.

Sjá elles tabell XI bak i boka.

### Jordart.

Tabell 48. Talet på bruk delt etter jordart.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Sand .....	2 672	4 302	494	7 468	37.0	32.0	23.3	32.7
Leir .....	932	2 234	843	4 009	12.9	16.6	39.7	17.6
Myr .....	996	1 415	51	2 462	13.8	10.5	2.4	10.8
Anna moldjord .....	198	503	92	793	2.7	3.7	4.3	3.5
Sand og { leir .....	682	1 422	241	2 345	9.4	10.6	11.4	10.3
Sand og { myr .....	718	1 616	127	2 461	9.9	12.0	6.0	10.8
Sand og { anna moldjord .....	38	132	20	190	0.5	1.0	1.0	0.8
Leir og { myr .....	254	619	94	967	3.5	4.6	4.4	4.2
Leir og { anna moldjord .....	14	45	14	73	0.2	0.3	0.7	0.3
Myr og anna moldjord .....	13	80	12	105	0.2	0.6	0.6	0.5
Sand, leir og myr .....	153	484	66	703	2.1	3.6	3.1	3.1
Andre jordarter .....	36	98	7	141	0.5	0.7	0.3	0.6
Oppgåvæ vantær .....	526	505	60	1 091	7.3	3.8	2.8	4.8
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Oppgåvæ over jordart skal, på same måte som når det gjeld terrengtilhøva, gjeva opplysning om kva det er mest av på bruket. Som ein ser av tabell 48, er det ein del bruk som har gjevi opp kombinasjonar av ymse jordarter. Dette er bruk der det er så mykje av to eller fleire jordarter, at det er vanskeleg å seia kva for ei jordart det er mest av. Oppgåvæ gjev ikkje opplysningar om kor stort areal som fell på dei ymse jordarter.

På grunnlag av oppgåvæne til denne etterrøknaden kjem ein fram til ei gruppering etter jordart for alle bruk over 5 dekar (213 441 i 1949). Ein får då desse brukstala (som avrunda tal):

Sand .....	73 400 bruk	Leir og { myr .....	9 600 bruk
Leir .....	39 500 »	Leir og { anna moldjord ...	600 »
Myr .....	24 100 »	Myr og anna moldjord....	1 100 »
Anna moldjord .....	7 900 »	Sand, leir og myr .....	6 800 »
Sand og { leir .....	23 100 »	Andre jordarter .....	1 300 »
Sand og { myr .....	24 100 »		
Sand og { anna moldjord ...	1 900 »		

Ved vel tredjeparten av brukena er det sand som er den mest vanlege jordarta. Dette er den talrikaste gruppa. Til dette kjem at sandjorda er sterkest representert innan dei grupper som gjeld ymse kombinasjonar av jordarter.

Ved bortimot femteparten av brukena er det mest leirjord, og ved vel niande-kvart bruk er myrjord det mest vanlege. Elles ser ein av tala at der det er gjevi opp fleire jordarter på same bruket, råkar ein oftare på myr enn på leir.

Det er mellom dei minste brukena det er relativt flest bruk med sandjord. Her er det også relativt flest bruk med myrjord. Desse jordartene er etter måten dårlegast representerte mellom brukena over 100 dekar. Denne bruksklassen har til vederlag relativt fleire bruk med leirjord enn dei lægre bruksklassar.

Sandjorda er heller vanleg over alt i landet, men visse strøk skil seg noko ut. Denne jordarta er minst vanleg i Østfold. Relativt mest vanleg er sandjorda i Nord-Noreg, men også i visse andre strøk — til dømes dei indre bygder på Vestlandet — er det relativt mange bruk der det meste av jorda er sand.

Bruk med leir som hovudjordart er mest vanleg på Austlandet. Relativt flest slike bruk er det i Østfold, Akershus og Vestfold. Elles er det mange slike bruk også i bygdene ved Trondheimsfjorden, i «andre indre bygder» og i ytre fjordbygder i Trøndelag. På Vestlandet og i Nord-Noreg — først og framst i kyststrøka — er det få bruk der leirjorda spelar hovudrolla. Leirjorda er i det heile mest vanleg i dei beste jordbruksbygder, minst vanleg i kystbygdene.

Myrjorda gjer seg sterkest gjeldande i Agder og på Vestlandet. Relativt flest bruk med myr som hovudjordart er det i Vest-Agder og Hordaland. Elles er det etter måten mange slike bruk også innan dei ytre bygdene i dei andre fylka i desse landsdelane. Sameleis er det i kystbygdene i Trøndelag og øybygdene i Nord-Noreg. Myrjorda gjer seg i det heile sterkt gjeldande i kystbygdene, medan ho spelar heller lita rolle i dei andre områdegruppene, og aller minst i dei beste jordbruksbygder.

Nemninga «anna moldjord» femner over bruk der det meste av jorda er moldjord, men ikkje myr. I dei fleste av desse oppgåvene er jorda kalla opplendt moldjord. Det er relativt flest av desse brukna i dei indre bygder.

Elles viser ein til tabell XI bak i boka.

#### Innmark som er uskikka til åkerjord.

Fylgjande tal gjev eit oversyn over kor mykje av innmarksarealet som er rekna som uskikka til åker. Tala syner også kor mange bruk det er som har meir eller mindre innmark som er uskikka til åker.

	Bruksklassar			I alt
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	
Innmarksareal i alt .....	91 699	597 539	374 846	1 064 084
Av dette uskikka til åker.....{ Dekar ...	11 131	65 898	15 864	92 893
	12.1	11.0	4.2	8.7
Talet på bruk med uskikka areal { I alt ....	1 900	4 514	528	6 942
I prosent ..	26.3	33.5	24.9	30.4

Samla innmarksareal i 1953 er utrekna til 10 139 000 dekar. Bruka inntil 5 dekar er også med i dette arealet. Dersom ein reknar at samhøvet mellom bruka over og inntil 5 dekar var det same i 1953 som i 1949, ville innmarksarealet ved bruka over 5 dekar svara til 9 947 000 dekar.

På grunnlag av oppgåvene ovanfor har ein reknar seg fram til totaltal for bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Etter denne utrekninga er noko over 865 000 dekar av innmarksarealet uskikka til åker, og det er innmarksarealet som er uskikka til åker ved knapt 65 000 av dei vel 213 000 bruka med over 5 dekar.

I mange høve vil det bli eit vurderingsspørsmål om ein skal reknar jorda som skikka eller uskikka til åker. Dei oppgåvene ein har fått inn syner tydeleg at ikkje alle ser dette på same måten. På høgtliggjande bruk i Sør-Noreg blir ofte heile innmarksarealet gjevi opp som uskikka til åker, dersom det ikkje er vilkår for potet- og korndyrking (i sume høve dersom ikkje korndyrking er årsikker). I til dømes Finnmark blir derimot ofte heile innmarksarealet reknar som skikka til åker, trass i at det ikkje blir dyrka korn, og i mange høve heller ikkje poteter. Berre når jorda er slik at ein vanskeleg kan plog- eller spadenvenda ho, eller det er altfor bratt til åker, reknar ein jorda som uskikka. I det første dømet er det dei klimatiske tilhøva som — saman med terrengetilhøva osb. —

ligg til grunn for vurderinga. I det andre dømet er det serleg sjølve jorda og terrenget som blir lagt til grunn.

Bruka over 100 dekar har relativt minst innmarksareal som er uskikka til åker. Det er ikkje serleg stor skilnad mellom bruk med 5,1—20 dekar og bruk med 20,1—100 dekar. Tredjeparten av bruka mellom 20 og 100 dekar har areal som er uskikka til åker, om lag fjerdeparten av bruka i dei andre bruksklassane.

Det er relativt størst innmarksareal som er uskikka til åker på Vestlandet, men det er stor skilnad mellom dei fire fylka her. Hordaland og Sogn og Fjordane står i ein klasse for seg. I desse fylka er mellom  $\frac{1}{4}$  og  $\frac{1}{3}$  av innmarka rekna som uskikka til åker.  $\frac{2}{3}$  av alle bruk over 5 dekar har større eller mindre areal som er uskikka. I Rogaland er det lite av innmarka som ikkje kan nyttast til åker. Serleg lite er det på Jæren og i skiferlandskapet ved Boknfjorden. Også på Austlandet og i Trøndelag (serleg i Østfold, Akershus, Vestfold og Nord-Trøndelag) er det lite som ikkje er skikka til åker, berre 3—4 prosent av innmarksarealet. Men sjølv i desse landslutene er det ipnmarksareal som er uskikka til åker ved meir enn femteparten av bruka.

I det store og heile er det lite jord som er uskikka til åker i dei beste jordbruksbygder og mellom- eller skogbygdene, medan det er relativt mykje i dei indre bygder og kystbygdene.

Dei bruka som har innmarksareal som er uskikka til åker, skulle også gjeva opp årsaka til at jorda er uskikka. Resultatet av desse opplysningane finn ein i tabellane 49 og 50.

Tabell 49. Innmark som er uskikka til åkerjord.

	Absolutte tal. Dekar				Relative tal			
	Bruksklassar				Bruksklassar			
	5.1—20 dekar	20.1—100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1—20 dekar	20.1—100 dekar	over 100 dekar	i alt
Årsakene til at jorda er uskikka:								
Terrengtilhøve .....	5 085	36 295	8 949	50 329	45.7	55.1	56.4	54.2
Jordtilhøve.....	4 437	20 038	4 796	29 271	39.9	30.4	30.2	31.5
Klimatilhøve .....	792	6 388	1 316	8 496	7.1	9.7	8.3	9.1
Oppgåve vantar .....	817	3 177	803	4 797	7.3	4.8	5.1	5.2
I alt .....	11 131	65 898	15 864	92 893	100.0	100.0	100.0	100.0

Tabell 50. Tal bruk med innmarksareal som er uskikka til åker.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1—20 dekar	20.1—100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1—20 dekar	20.1—100 dekar	over 100 dekar	i alt
Årsakene til at jorda er uskikka:								
Terrengtilhøve .....	867	2 438	309	3 614	45.6	54.0	58.5	52.0
Jordtilhøve.....	818	1 612	172	2 602	43.1	35.7	32.6	37.5
Klimatilhøve .....	75	241	22	338	3.9	5.3	4.2	4.9
Oppgåve vantar .....	140	223	25	388	7.4	5.0	4.7	5.6
I alt .....	1 900	4 514	528	6 942	100.0	100.0	100.0	100.0

Dersom ein frå desse tala reknar seg fram til totaltal for heile landet (for bruk over 5 dekar), kjem ein fram til desse tala for innmarksareal som er uskikka til åker, og bruk med uskikka areal:

Årsakene til at jorda er uskikka	Innmark som er uskikka til åker	Talet på bruk med uskikka areal
	Dekar	
Terrengtilhøve .....	494 000	35 700
Jordtilhøve .....	287 000	25 800
Klimatilhøve .....	84 000	3 400
I alt .....	865 000	64 900

Meir enn halvdelen av det innmarksarealet som ikkje høver til åker er uskikka på grunn av terrengtilhøva, tredjeparten på grunn av jordtilhøva og tiandeparten for di klimaet ikkje høver for åkervokstrar.

Årsakene til at jorda er uskikka til åker, er her samla i tre grupper. I mange høve må det bli eit skjønnsspørsmål å avgjera kva gruppe dei einskilde brukna skal koma i.

Under gruppa terrengtilhøve kjem slikt som bratt, bakkut, ulendt o. l. Her har ein også teki med areal som ligg slik til at det ikkje kan nyttast til open åker, for di elv eller vatt floymar innover til visse tider av året. Under gruppa jordtilhøve er teki med nemningar som: vass-sjuk, stiv jord, laus jord, grunt, steinut o. l. Under gruppa klimatilhøve kjem slikt som frostlendt, ligg for høgt o. l.

Terrengtilhøva er den vanlegaste årsaka til at innmarka er uskikka til åker.

På Vestlandet er bortimot  $\frac{3}{4}$  av det innmarksarealet som ikkje er høvande til åker uskikka på grunn av terrengtilhøva. I Nord-Noreg er jordtilhøva den vanlegaste årsaka til at arealet er uskikka til åker. Det er i områdegruppa dei indre bygder det er relativt mest jord som ikkje kan nyttast til åker på grunn av klimatilhøva.

### Reiskap og trekk-kraft til ymse jordbruksarbeid.

Det var spørsmål om kva som er det vanlegaste til jordarbeidingsa, slåtten, skuronna og potetopptakinga. Oppgåvane fortel berre kva som er vanlegast på dei einskilde brukna. Dei gjev ikkje opplysning om kor store areal dei ymse reiskapar og maskinar blir nytta til. Alle taloppgåvane gjeld brukstalet.

#### Kva reiskap som er mest vanleg til jordarbeidingsa.

Det var spørsmål om handreiskap, hestereiskap eller traktor til jordarbeidingsa. Tabell 51 gjev resultata for bruk av ymse storleik.

Tabell 51. Talet på bruk delt etter kva reiskap som er mest vanleg til jordarbeidingsa.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Handreiskap .....	2 092	812	2	2 906	28.9	6.0	0.1	12.8
Hestereiskap .....	2 071	6 545	453	9 069	28.6	48.6	21.3	39.8
Traktor .....	1 147	2 177	1 083	4 407	15.9	16.2	51.1	19.3
Hand- og hestereiskap .....	646	1 285	39	1 970	9.0	9.6	1.8	8.6
Handreiskap og traktor .....	147	112	2	261	2.0	0.8	0.1	1.1
Hestereiskap og traktor .....	355	1 898	498	2 751	4.9	14.1	23.5	12.1
Hand- og hestereiskap og traktor .....	72	184	16	272	1.0	1.4	0.8	1.2
Oppgåvæ vantar .....	702	442	28	1 172	9.7	3.3	1.3	5.1
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Når ein på grunnlag av desse tala rekna ut totaltal for alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal, kjem ein fram til dei resultat som tabell 52 viser. Tala er runda av til nærmeste hundre. Då grupperinga etter reiskap syner stor skilnad mellom dei tre bruksklassane, har ein her rekna ut totaltal for kvar einskild bruksklasse.

*Tabell 52. Det totale brukstal delt etter kva reiskap som er mest vanleg til jordarbeidingsa.*

	Bruk med jordbruksareal			
	5.1-20 dekar	20.1-100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Handreiskap .....	22 400	7 600	-	30 000
Hestereiskap .....	22 200	61 700	4 500	88 400
Traktor .....	12 300	20 400	10 800	43 500
Hand- og hestereiskap .....	6 900	12 200	400	19 500
Handreiskap og traktor .....	1 600	1 100	-	2 700
Hestereiskap og traktor .....	3 800	17 900	4 900	26 600
Hand- og hestereiskap og traktor .....	800	1 700	200	2 700
I alt .....	70 000	122 600	20 800	213 400

Det er rekna med at dei brukta det vantar oppgåve for, deler seg på dei ymse grupper i høve til brukstalet der. Som ein ser av tabellane, er det ikkje så reint få som har gjevi opp ymse kombinasjonar av reiskap. Dette gjeld bruk der det ikkje let seg gjera å seia kva som er mest vanleg av til dømes handreiskap og hestereiskap. Dermed er det ikkje sagt at det ikkje blir nytta handreiskap ved dei bruk som berre har gjevi opp hestereiskap, men handreiskapen blir her nytta berre som eit hjelpemiddel ved sida av hestereiskapen.

Det er hestereiskap som er det vanlegaste til jordarbeidingsa, når ein ser heile landet og alle bruksklassar under eitt, men av tabellane ser ein at det er stor skilnad mellom bruk av ymse storleik.

Ved brukta mellom 5 og 20 dekar er handreiskap og hestereiskap om lag like vanleg. Det kan vera grunn til å merka seg at av dei i alt 30 000 brukta der handreiskap er det mest vanlege til jordarbeidingsa, fell over 22 000 på bruksklassen 5,1—20 dekar. I bruksklassen 20,1—100 dekar er hestereiskap langt vanlegare enn ved såvel større som mindre bruk. Handreiskap er langt mindre vanleg enn ved brukta mellom 5 og 20 dekar. Ved brukta over 100 dekar er det traktoren som dominerer. Handreiskap spelar svært lita rolle ved jordarbeidingsa i denne bruksklassen.

Tabell XII bak i boka gjev oppgåvene for dei ymse delar av landet. Det er stor skilnad frå strøk til strøk. Handreiskap er mykje meir vanleg i kystbygdene enn i dei andre områdegruppene. Kystbygdene har då også dei minste brukta. Her er relativt lite open åker, og terrengtilhøva ligg heller ikkje så godt til rette for pløyning med hest eller traktor som mange andre stader. I Nord-Noreg og på Vestlandet er handreiskap langt meir vanleg enn i dei andre landsluttene. På Vestlandet skil elles Jæren og skiferlandskapet ved Boknafjorden seg ut. I desse områda er det berre få bruk, der det er handreiskap som er mest nytta til jordarbeidingsa. På den andre siden skil Hordaland og Sogn og Fjordane seg ut med sers mange bruk som nyttar handreiskap.

Hestereiskap er vanleg over alt, men relativt meir vanleg i mellom- eller skogbygdene og dei indre bygder enn i dei beste jordbruksbygder og kystbygdene.

Traktor til jordarbeidingsa er mest vanleg i dei beste jordbruksbygder der det er relativt flest av dei større bruk, stort openåkerareal og terrengtilhøve som

høver bra for traktordrift. Noko mindre vanleg er traktoren i mellom- eller skogbygdene, og minst vanleg i kystbygdene og dei indre bygder. Traktor er serleg vanleg i Østfold og Vestfold, og dernest i Akershus, Hedmark, Buskerud og Nord-Trøndelag.

#### Kva reiskap som er mest vanleg til slåtten.

Det var spørsmål om ljå, slåmaskin for hest eller slåmaskin for traktor til slåtten.

*Tabell 53. Talet på bruk delt etter kva reiskap som er mest vanleg til slåtten.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Ljå .....	3 162	1 706	3	4 871	43.7	12.7	0.1	21.4
Slåmaskin for hest .....	1 544	6 096	1 134	8 774	21.3	45.3	53.4	38.5
Slåmaskin for traktor .....	926	1 784	676	3 386	12.8	13.2	31.9	14.8
Ljå og slåmaskin for hest .....	659	2 497	93	3 249	9.1	18.6	4.4	14.2
Ljå og slåmaskin for traktor .....	211	307	10	528	2.9	2.3	0.5	2.3
Ljå og slåmaskin for hest og traktor .....	27	168	14	209	0.4	1.2	0.7	0.9
Slåmaskin for hest og traktor .....	63	548	160	771	0.9	4.1	7.5	3.4
Oppgåve vantar .....	640	349	31	1 020	8.9	2.6	1.5	4.5
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

På grunnlag av tala i tabell 53, kjem ein fram til dei totaltala som er tekne inn i tabell 54 — klassevis for bruk med meir enn 5 dekar jordbruksareal.

*Tabell 54. Det totale brukstal delt etter kva reiskap som er mest vanleg til slåtten.*

	Bruk med jordbruksareal			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Ljå .....	33 600	15 900	—	49 500
Slåmaskin for hest .....	16 400	57 000	11 300	84 700
Slåmaskin for traktor .....	9 800	16 700	6 700	33 200
Ljå og slåmaskin for hest .....	7 000	23 400	900	31 300
Ljå og slåmaskin for traktor .....	2 200	2 800	100	5 100
Ljå og slåmaskin for hest og traktor .....	300	1 600	200	2 100
Slåmaskin for hest og traktor .....	700	5 200	1 600	7 500
I alt .....	70 000	122 600	20 800	213 400

Også når det gjeld slåtten, er det ein del oppgåver som har med meir enn eitt reiskap. Slåmaskin for hest er det vanlegaste når ein ser alle bruk under eitt, men tabellane 53 og 54 viser at det er stor skilnad mellom bruk av ymse storleik.

Ved brukta mellom 5 og 20 dekar er ljå det vanlegaste. I bruksklassen 20,1–100 dekar er det slåmaskin for hest som er mest vanleg, men ljåen spelar ikkje så reint lita rolle ved desse brukta heller — sjølv om han er langt mindre vanleg enn ved dei minste brukta. Slåmaskin for traktor er ikkje stort vanlegare, relativt sett, ved brukta mellom 20 og 100 dekar enn ved brukta mellom 5 og 20

dekar. Ved bruk over 100 dekar spelar ljåen lita rolle. Slåmaskin for hest er det vanlegaste, men slåmaskin for traktor er her mykje meir vanleg enn ved dei mindre brukna.

Tabell XII bak i boka gjev tal for dei einskilde fylke og jordbruksområde. Desse tala syner at i Nord-Noreg er det framleis ljåen som er det mest vanlege slåtttereiskap. Også på Vestlandet er ljåen heller vanleg. Det er han elles i visse andre strøk òg, til dømes i dal- og fjellbygdene på Austlandet og i kystbygdene i Agder og Trøndelag. På Vestlandet skil Jæren og skiferlandskapet ved Bokn-fjorden seg ut med relativt få bruk, der ljåen er det mest vanlege slåtttereiskap. På Jæren er ljå mindre vanleg enn i noko anna område. I Hordaland og Sogn og Fjordane er kombinasjonen ljå — slåmaskin for hest serleg vanleg.

Slåmaskin for traktor er relativt vanlegast i Trøndelag, og dernest på Austlandet. I Vestfold, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag er slåmaskin for traktor ein god del vanlegare enn i dei andre fylke. Slått med traktor er det svært lite av i Hordaland, Sogn og Fjordane og Finnmark.

Stort sett kan ein seia at ljå framleis spelar ei sers stor rolle under slåttonna i kystbygdene og dei indre bygder. I dei beste jordbruksbygder og mellom- eller skogbygdene dominerer slåmaskinen, og i desse områdegruppene gjer slåmaskin for traktor seg ikkje så lite gjeldande.

#### Kva reiskap som er mest vanleg til skurdonna.

Det var spørsmål om ljå eller sigd, slåmaskin, sjølvbindar eller skurdtreskjær til skurdonna.

*Tabell 55. Talet på bruk delt etter kva reiskap som er mest vanleg til skurdonna.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Ljå eller sigd .....	2 073	2 334	45	4 452	28.7	17.3	2.1	19.5
Slåmaskin .....	731	3 565	303	4 599	10.1	26.5	14.3	20.2
Sjølvbindar .....	237	1 434	1 170	2 841	3.3	10.7	55.2	12.5
Skurdtreskjær .....	17	79	162	258	0.2	0.6	7.6	1.1
Ljå eller sigd og slåmaskin....	160	898	40	1 098	2.2	6.7	1.9	4.8
Slåmaskin og sjølvbindar....	18	314	152	484	0.2	2.3	7.2	2.1
Sjølvbindar og skurdtreskjær ..	4	37	125	166	0.1	0.3	5.9	0.7
Oppgåve vantar .....	3 992	4 794	124	8 910	55.2	35.6	5.8	39.1
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Tabell 55 syner at det er svært mange som ikkje har svara på dette spørsmålet. Av dei vel 22 800 brukna som var med i etterøknaden, var det vel 8 900 eller 39 prosent som ikkje hadde gjevi svar. Mellom dei små brukna er det serleg mange som ikkje har svara — meir enn halvparten av brukna. Av brukna med over 100 dekar jordbruksareal er det berre knapt 6 prosent som ikkje har svara. Av tabell XII bak i boka vil ein sjå at av dei 8 900 brukna som ikkje har svara, er vel 7 900 i områdegruppene kystbygder og indre bygder. Ein ser også at dei aller fleste fell på Nord-Noreg og Vestlandet. Det er altså flest bruk som ikkje har gjevi svar i dei landsdelar og ved dei brukstyper der korndyrkinga er minst vanleg. Det er rimeleg nok at dei som ikkje plar dyrka korn, heller ikkje har noko svar å gjeva på spørsmålet om reiskap til skurdonna. Men ein har fått

svar frå mange som ikkje dyrka korn i 1953. Dette er bruk som ikkje har hatt kornareal eitt eller fleire av dei siste åra, men det har elles vori vanleg med korn-dyrking på bruket.

Dersom ein skal rekna seg fram til totaltal for heile riket slik det er gjort i tabell 54 for slåtten og tabell 52 for jordarbeidninga, må ein freista halda utanfor dei bruka der det til vanleg ikkje blir dyrka korn. Ved jordbrukssteljinga i 1949 vart det talt opp kor mange bruk det var som dyrka korn det året. Etter desse oppgåvane var det i alt 116 160 korndyrkarar i landet. Av desse var det ca. 112 300 som hadde over 5 dekar jordbruksareal.

I tabell 56 er det dette brukstalet som er gruppert på grunnlag av dei oppgåvane ein har i tabell 55. Dei oppgåvane som vantar opplysning om reiskap til skurdonna er haldne utanfor.

*Tabell 56. Talet på korndyrkarar delt etter kva reiskap som er mest vanleg til skurdonna.*

	Bruk med jordbruksareal			
	5,1—20 dekar	20,1—100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Ljå eller sigd .....	13 500	19 400	400	33 300
Slåmaskin .....	4 800	29 600	2 900	37 300
Sjølvbindar .....	1 600	11 900	11 300	24 800
Skurdtreskjær .....	100	600	1 600	2 300
Ljå eller sigd og slåmaskin .....	1 000	7 500	400	8 900
Slåmaskin og sjølvbindar .....	100	2 600	1 500	4 200
Sjølvbindar og skurdtreskjær .....	—	300	1 200	1 500
I alt .....	21 100	71 900	19 300	112 300

Av dei 112 000 korndyrkarane i 1949 fall vel 21 000 på bruksklassen 5,1—20 dekar, knapt 72 000 på bruk med 20,1—100 dekar og vel 19 000 på bruk med over 100 dekar jordbruksareal.

Ein ser av tabell 56 at ljå eller sigd er den vanlegaste skurdonnreiskapen ved bruka mellom 5 og 20 dekar — hjå om lag  $\frac{2}{3}$  av korndyrkarane. Slåmaskin blir nytta ved om lag fjerdeparten av brukta.

Også ved bruka mellom 20 og 100 dekar er ljå eller sigd relativt vanleg, men innan denne bruksklassen er det slåmaskin som er vanlegaste reiskapen til skurdonna. Vel halvparten av korndyrkarane i denne bruksklassen nyttar slåmaskin til skurdonna. Sjølvbindar er mindre vanleg enn ljå eller sigd.

Ved bruka over 100 dekar er det sjølvbindaren som er den vanlegaste skurd-onnreiskapen. Over  $\frac{2}{3}$  av bruka i denne klassen nyttar sjølvbindar til skurden. Det er få bruk i denne klassen som nyttar ljå eller sigd, men slåmaskin er ikkje så lite brukt. Skurdtreskjær er langt meir vanleg ved bruka over 100 dekar enn ved dei mindre bruk. Av i alt 3 800 bruk som har gjevi opp skurdtreskjær, fell 2 800 på bruka over 100 dekar. Men sjølv i denne bruksklassen er det berre om lag sjuandekvar korndyrkar som nyttar skurdtreskjær.

Det er stor skilnad mellom dei ymse distrikta når det gjeld reiskap til skurdonna. Det er i stor mòn bruksstorleiken og dei naturgjevne tilhøva som er årsak til skilnaden. Ljå eller sigd er mest vanleg i kystbygdene og dei indre bygder, relativt minst vanleg i dei beste jordbruksbygder. I Nord-Noreg og i Hordaland og Sogn og Fjordane er det ein serleg stor del av kørndyrkarane som nyttar handreiskap. Slåmaskin er bra vanleg i alle landsluter, når ein ser bort frå Nord-Noreg. Sjølvbindar er relativt vanlegast i dei beste jordbruksbygder, og serleg

vanleg på Jæren og i dei søraustlege slettebygder på Austlandet. I kystbygdene og dei indre bygder er det relativt få som nyttar sjølvbindar. Dei fleste av dei brukar som nyttar skurdtreskjær ligg på Austlandet.

Kva reiskap som er mest vanleg til potetopptakinga.

Det var spørsmål om handreiskap, plog eller potetopptakar.

*Tabell 57. Talet på bruk delt etter kva reiskap som er mest vanleg til potetopptakinga.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Handreiskap .....	4 403	4 216	35	8 654	60.9	31.3	1.7	37.9
Plog .....	577	2 247	64	2 888	8.0	16.7	3.0	12.7
Potetopptakar .....	843	4 897	1 927	7 667	11.7	36.4	90.9	33.6
Handreiskap og plog .....	235	994	26	1 255	3.2	7.4	1.2	5.5
Handreiskap og potetopptakar.	34	93	7	134	0.5	0.7	0.3	0.6
Plog og potetopptakar .....	10	74	11	95	0.1	0.6	0.5	0.4
Handreiskap, plog og potetoppt.	1	14	2	17	—	0.1	0.1	0.1
Oppgåve vantar .....	1 129	920	49	2 098	15.6	6.8	2.3	9.2
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Om lag 2 100 av dei brukar som var med i etterøknaden, har ikkje gjevi svar på spørsmålet. Dette er noko meir enn når det gjeld jordarbeid og slått, men langt mindre enn når det gjeld skurdonna. Ein stor del av desse vel 2 000 brukar er slike som ikkje dyrkar poteter til vanleg. Meir enn halvparten er bruk mellom 5 og 20 dekar. Bruk utan potetareal finn ein serleg i kystbygdene og dei indre bygder.

Ved jordbrukssteljinga i 1949 vart det talt opp kor mange bruk det var som hadde potetareal. Det var poteter ved i alt vel 244 000 bruk. Knapt 48 000 av desse var bruk med inntil 5 dekar jordbruksareal. Det var såleis i alt noko over 196 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal som hadde poteter i 1949.

I tabell 58 er dette brukstalet gruppert på grunnlag av dei oppgåvane ein har i tabell 57.

*Tabell 58. Talet på potetdyrkjarar delt etter kva reiskap som er mest vanleg til potetopptakinga.*

	Bruk med jordbruksareal			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Handreiskap .....	43 000	39 100	300	82 400
Plog .....	5 600	20 900	600	27 100
Potetopptakar .....	8 200	45 600	19 100	72 900
Handreiskap og plog .....	2 300	9 200	300	11 800
Handreiskap og potetopptakar .....	400	900	100	1 400
Plog og potetopptakar .....	100	700	100	900
Handreiskap, plog og potetopptakar .....	—	100	—	100
I alt .....	59 600	116 500	20 500	196 600

Det er flest bruk som nyttar handreiskap (grev, greip, spade osb.) ved potetopptakinga. Ved dei små brukna mellom 5 og 20 dekar er det serleg vanleg med handreiskap. Det blir nytt handreiskap hjå om lag  $\frac{3}{4}$  av potetdyrkarane i denne klassen. Også i bruksklassen 20,1—100 dekar er handreiskap vanleg, men ikkje på langt nær så vanleg som ved brukna i klassen 5,1—20 dekar. Det er heller få bruk med over 100 dekar jordbruksareal som nyttar handreiskap til potetopptakinga. Over 90 prosent av potetdyrkarane i denne bruksklassen nyttar potetopptakar. Også ved brukna mellom 20 og 100 dekar er potetopptakar heller vanleg. Potetopptaking med plog (vanleg plog eller potetplog) er langt mindre vanleg enn handreiskap og potetopptakar. Relativt mest vanleg er plogen ved brukna mellom 20 og 100 dekar. Sjølv ved brukna mellom 5 og 20 dekar er plog mindre vanleg enn potetopptakar.

Handreiskap er mest vanleg i kystbygdene, dernest i dei indre bygder. Dette er strøk der potetarealet på dei einskilde bruk jamt over er lite. Terrengtilhøva gjer også sitt til at handreiskapen er mykje nytt i desse strøka. I Nord-Noreg er handreiskapen så å seia einderådande når det gjeld potetopptakinga. Den blir nytt hjå 9 av 10 potetdyrkarar. Elles er handreiskap mykje vanleg også i Aust-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. På Jæren blir det mest ikkje nytt handreiskap.

Potetopptakar er mest vanleg i dei beste jordbruksbygder — hjå framimot  $\frac{4}{5}$  av potetdyrkarane. Minst vanleg er potetopptakar i kystbygdene. I Østfold og Vestfold blir det nytt potetopptakar hjå 80—90 prosent av potetdyrkarane, i Vest-Agder, Troms og Finnmark ved mindre enn 10 prosent.

Potetopptaking med plog er meir vanleg i Agder og på Vestlandet enn i dei andre landsdelane. Relativt mest vanleg er opptaking med plog i Vest-Agder og Rogaland. Sjå elles tabell XII bak i boka.

På grunnlag av dei svara som er gjevne på spørsmåla om kva reiskap eller trekk-kraft som er mest vanleg til jordarbeidina, slåtten, skuronna og potetopptakinga, har ein rekna ut talet på bruk som berre har gjevi opp handreiskap (bruk der det ikkje er gjevi opp anna enn handreiskap til noko av dei nemnde arbeid). På same måten har ein rekna ut kor mange bruk det er som har gjevi opp traktor (bruk der det er gjevi opp traktor til eitt eller fleire av dei nemnde arbeid).

Tala frå etterrøknaden for dei einskilde fylke og jordbruksområde finn ein i tabell XII bak i boka. Talrekjkjene nedanfor gjev dei same oppgåvene utrekna som totaltal på grunnlag av brukstalet ved jordbruksteljinga i 1949 — for bruk av ymse storleik.

	Bruk med jordbruksareal			
	5,1—20 dekar	20,1—100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Bruk som berre har gjevi opp handreiskap:				
Talet på bruk .....	19 700	6 300	—	26 000
I prosent .....	28.2	5.1	—	12.0
Bruk som har gjevi opp traktor:				
Talet på bruk .....	18 700	43 500	15 800	78 000
I prosent .....	26.8	35.4	76.1	36.5

Det er gjevi opp berre handreiskap ved 26 000 eller 12,0 prosent av brukna over 5 dekar. Storparten av desse brukna (19 700) fell på bruksklassen 5,1—20 dekar, der dei svarar til 28 prosent av alle brukna. Det er berre nokre få av brukna over 100 dekar som berre nyttar handreiskap.

I Finnmark og Hordaland er det gjevi opp berre handreiskap ved bortimot tredjeparten av alle bruka over 5 dekar, i Nordland og Sogn og Fjordane ved vel fjerdeparten av bruka og i Troms ved mellom fjerdeparten og femteparten av bruka. På Austlandet er det få bruk som har gjevi opp berre handreiskap — i Vestfold mindre enn 1 prosent og i Østfold, Akershus og Hedmark 1—2 prosent av bruka. Berre handreiskap er relativt sett langt meir vanleg i kystbygdene enn i dei andre områdegruppene.

Det er gjevi opp traktor ved 78 000 eller 36,5 prosent av alle bruka over 5 dekar. Traktor er mest vanleg ved bruka over 100 dekar. Vel  $\frac{3}{4}$  av desse har gjevi opp traktor. I bruksklassen 20,1—100 dekar er det gjevi opp traktor ved noko over tredjeparten av bruka, i klassen 5,1—20 dekar ved vel fjerdeparten.

På Austlandet og i Trøndelag er det gjevi opp traktor ved vel 45 prosent av alle bruka over 5 dekar, i dei andre landsdelane ved 26—30 prosent. Mest vanleg er traktor i Vestfold. Her er det gjevi opp traktor ved 65 prosent av bruka. Over 50 prosent er det elles i Østfold, Akershus, Hedmark og Nord-Trøndelag. Traktor er relativt minst vanleg i Hordaland og Sogn og Fjordane (ved 12—13 prosent av bruka).

### Driftsbygningane.

Det vart spurt om driftsbygningane (uthusa) på bruket er tilfredsstillande. Dei som svara nei på dette spørsmålet, skulle så gjeva opplysning om kva som vanta bygningane. Dei skulle også opplysa om det med rimelege kostnader let seg gjera å setja bygningane i tilfredsstillande stand.

Om driftsbygningane er tilfredsstillande eller kan bli det med rimelege kostnader.

Fylgjande tal syner bruka delt etter svaret på spørsmålet om driftsbygningane er tilfredsstillande.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1— 20 dekar	20.1— 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Om bygningane er tilfredsstillande:								
Ja .....	4 050	7 057	1 286	12 393	56.0	52.5	60.7	54.3
Nei .....	2 825	6 194	813	9 832	39.1	46.0	38.3	43.1
Oppgåve vantar .....	357	204	22	583	4.9	1.5	1.0	2.6
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

Av talrekjkjene på neste side ser ein brukstalet delt etter dei svara som er gjevne på spørsmålet om bygningane kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader. Dette gjeld altså dei som har svara at bygningane ikkje er tilfredsstilande som dei no er.

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Om bygningane kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader:								
Ja .....	795	2 064	232	3 091	28.1	33.3	28.5	31.4
Nei .....	1 712	3 644	505	5 861	60.6	58.8	62.1	59.6
Oppgåve vantar .....	318	486	76	880	11.3	7.9	9.4	9.0
I alt .....	2 825	6 194	813	9 832	100.0	100.0	100.0	100.0

Dersom ein gjer desse resultata gjeldande for alle dei vel 213 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal, kjem ein fram til desse tala:

	Bruksklassar			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Tal bruk med tilfredsstillande driftsbygningar	41 200	65 400	12 700	119 300
Tal bruk med driftsbygningar som kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader.....	9 100	20 700	2 600	32 400
Til saman .....	50 300	86 100	15 300	151 700
Tal bruk med driftsbygningar som ikkje kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader....	19 700	36 500	5 500	61 700
Alle bruk .....	70 000	122 600	20 800	213 400
Prosent bruk med driftsbygningar som er, eller med rimelege kostnader kan bli tilfredsstillande	71.9	70.2	73.6	71.1
Prosent bruk med driftsbygningar som ikkje kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader	28.1	29.8	26.4	28.9

Det er liten skilnad mellom bruk av ymse storleik. Det er tilfredsstillande driftsbygningar på vel 119 000 eller knapt 56 prosent av brukta over 5 dekar. 94 000 bruk har ikkje tilfredsstillande bygningar, men vel 32 000 eller om lag tredjeparten av desse kan få driftsbygningane i tilfredsstillande stand med rimelege kostnader. Det blir såleis i alt bortimot 152 000 bruk eller 71 prosent av alle brukta over 5 dekar som har bygningar som er eller med rimelege kostnader kan bli i tilfredsstillande stand. Oppgåvane for dei einskilde fylke og jordbruksområde ser ein av tabell XIII bak i boka.

Det er relativt fleire bruk med driftsbygningane i tilfredsstillande stand i dei beste jordbruksbygder enn i dei andre områdeguppene. Jæren kjem først med tilfredsstillande bygningar ved bortimot  $\frac{3}{4}$  av brukta over 5 dekar. Fylkestala viser at det er etter måten flest bruk med tilfredsstillande bygningar i Rogaland og Akershus, relativt færrest i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Finnmark.

Vel tredjeparten av dei brukta som ikkje hadde tilfredsstillande bygningar, opplyste at bygningane kan bli tilfredsstillande med rimelege kostnader. Det er relativt flest som har gjevi dette svaret i Hordaland og Sogn og Fjordane. Relativt færrest er det i Finnmark, men her er tilhøva noko annleis enn i dei andre

fylka. Ein stor del av dei bruka i Finnmark som ikkje har tilfredsstillande bygningar, vantar heilt driftsbygning, eller det er berre provisoriske bygningar. Det er Finnmark som har relativt flest bruk med bygningar som ikkje er tilfredsstillande og som heller ikkje kan bli det med rimelege kostnader. Om lag 43 prosent av bruken i fylket er i den stoda. Dernest følgjer Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med 31—33 prosent. Rogaland står best. Her kjem 22 prosent av bruken i denne gruppa.

Ein lyt vera merksam på at i mange høve vil det bli eit vurderingsspørsmål om ein skal rekna driftsbygningane som tilfredsstillande eller ikkje. I enno større grad gjer dette seg gjeldande når det er spørsmål om bygningane kan bli i tilfredsstillande stand med rimelege kostnader.

#### Årsakene til at driftsbygningane ikkje er tilfredsstillande.

For dei bruka der driftsbygningane ikkje er tilfredsstillande, skulle ein også gjeva opplysning om kva som er i vegen med bygningane. Resultatet av desse opplysningane ser ein av tabell 59.

*Tabell 59. Talet på bruk delt etter årsakene til at driftsbygningane ikkje er tilfredsstillande.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	over 100 dekar	i alt
Gamle .....	1 032	2 489	348	3 869	36.5	40.2	42.8	39.3
Upraktiske .....	158	480	77	715	5.6	7.8	9.5	7.3
Små .....	415	1 333	166	1 914	14.7	21.5	20.4	19.5
Dårleg vedlikehald .....	427	694	104	1 225	15.1	11.2	12.8	12.5
Ymse som vantar (silo, urinkum o. a.) .....	228	579	73	880	8.1	9.3	9.0	9.0
Driftsbygning vantar .....	180	84	3	267	6.4	1.4	0.4	2.7
Provisorisk bygning .....	46	27	—	73	1.6	0.4	—	0.7
Opgåve vantar .....	339	508	42	889	12.0	8.2	5.1	9.0
I alt .....	2 825	6 194	813	9 832	100.0	100.0	100.0	100.0

I talrekjene nedanfor har ein gjort desse resultata gjeldande for alle dei 94 100 bruka med over 5 dekar jordbruksareal som ikkje har tilfredsstillande driftsbygning.

	Bruk med jordbruksareal			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Årsakene til ikkje tilfredsstillande bygningars:				
Gamle .....	12 000	25 000	3 700	40 700
Upraktiske .....	1 800	4 800	800	7 400
Små .....	4 800	13 400	1 700	19 900
Dårleg vedlikehald .....	5 000	7 000	1 100	13 100
Ymse som vantar .....	2 600	5 800	800	9 200
Driftsbygning vantar .....	2 100	900	—	3 000
Provisorisk bygning .....	500	300	—	800
I alt .....	28 800	57 200	8 100	94 100

Det er alderen som er den vanlegaste årsaka til at bygningane ikkje er tilfredsstillande. Det at bygningane er gamle, er i seg sjølv ikkje noko årsak til at dei ikkje er tilfredsstillande, men med alderen fylgjer gjerne visse ulemper. Det kan vera at bygningane har vorti for små, dei er ikkje lenger tidhøvelege, därleg vedlikehald har gjort at dei er til nedfalls osb. Gruppa «gamle» femner såleis over ymse årsaker, men det er sams for alle desse brukta at det som vantar bygningane, er rekna å ha samanheng med høg alder. Meir enn  $\frac{2}{5}$  av brukta med bygningar som ikkje er tilfredsstillande kjem i gruppa gamle. Det er relativt flest bruk i gruppa gamle i bruksklassen over 100 dekar, færrast i klassen 5,1—20 dekar, men skilnaden er liten. Bruk med bygningar som er for små, er den nest største gruppa. Denne gruppa er relativt talrikast ved brukta mellom 20 og 100 dekar. Deretter kjem brukta over 100 dekar. Det er så eit noko større sprang til brukta mellom 5 og 20 dekar, der det er etter måten færrast bruk som har gjevi opp at bygningane er for små. I denne bruksklassen er det relativt fleire som har gjevi opp därleg vedlikehald som årsak til at bygningane ikkje er tilfredsstillande.

Om lag kvart tiande bruk med bygningar som ikkje er tilfredsstillande, har gjevi opp at det er ymse ting som vantar driftsbygningane — ymse som må byggjast til dersom dei skal bli tilfredsstillande. Det kan vera silo, urinkum, mjølkerom, hønsehus eller anna. På dette omkvervet spelar vurderinga ei stor rolle. På Vestlandet til dømes blir driftsbygningar utan urinkum ofte rekna som ikkje tilfredsstillande, medan slike bygningar oftare blir rekna å vera i orden, til dømes på Austlandet. Driftsmåten har mykje å seia når det gjeld synet på dette. Det er ingen nemnande skilnad mellom bruk av ymse storleik.

I bruksklassen over 100 dekar har kvart tiande bruk utan tilfredsstillande driftsbygningar gjevi opp som årsak at dei er upraktiske. Med minkande bruksstorleik er det relativt færre som har gjevi opp dette som årsak. Desse oppgåvene har nøye samanheng med kravet til tidhøvelege bygningars.

Det er i alt 3 800 bruk som vantar driftsbygningar eller berre har provisoriske uthus. 2 600 av desse er bruk med 5,1—20 dekar. Resten er bruk mellom 20 og 100 dekar.

Tala for dei ymse strøk av landet syner at av dei brukta som ikkje har tilfredsstillande driftsbygningar, er det relativt flest som har gjevi opp alderen som årsak på Austlandet, i Agder og på Vestlandet. I Trøndelag er det serleg mange som har opplyst at bygningane er for små. Dette gjer seg gjeldande for alle jordbruksområde i Trøndelag, men i størst mòn i dei ytre fjordbygder og i kystbygdene. Også i Nord-Noreg er det relativt mange som har gjevi opp som årsak at uthusa er for små. Det same gjeld Jæren.

At bygningane ikkje er tilfredsstillande på grunn av därleg vedlikehald, er relativt mest vanleg på Austlandet og i Nord-Noreg, og meir vanleg i dei beste jordbruksbygder og mellom- eller skogbygdene enn i kystbygdene og dei indre bygder.

Bygningar som ikkje er tilfredsstillande for di det vantar slikt som silokum, urinkum o. l., er relativt mest vanleg på Vestlandet, og serleg i kystbygdene her. Dette er strøk der dei no ser det som heilt turvande å ha silokum og urinkum.

Bruk med provisorisk driftsbygning og bruk utan uthus er relativt mest vanleg i Nord-Noreg.

Ein viser elles til tabell XIII bak i boka.

Ved jordbrukstellinga i 1949 vart det henta inn opplysningar om storleiken på driftsbygningane (grunnflata) og alderen. Sjå publikasjonane frå «Jordbruks-tellingen 1949».

### Vassforsyninga.

Det vart henta inn opplysningar om korleis bruken blir forsynt med vatn — om det er trykkvatn frå kommunalt eller anna sams vassverk, frå brunn, vatn eller elv som ligg høgre enn husa, frå maskindrivi pumpe, om det blir nyitta handpumpe eller om vatnet blir bori eller køyrt.

*Tabell 60. Talet på bruk delt etter måten dei blir forsynt med vatn på.*

	Absolutte tal				Relative tal			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Trykkvatn frå:								
Kommunalt eller anna sams vassverk .....	541	1 026	294	1 861	7.5	7.6	13.9	8.2
Brunn, vatn eller elv som ligg høgre enn husa .....	2 323	6 618	1 034	9 975	32.1	49.2	48.8	43.7
Maskindrivi pumpe .....	354	1 270	579	2 203	4.9	9.4	27.3	9.7
Med handpumpe .....	897	1 745	149	2 791	12.4	13.0	7.0	12.2
Vatnet blir bori eller køyrt....	2 734	2 569	45	5 348	37.8	19.1	2.1	23.4
Oppgåve vantar .....	383	227	20	630	5.3	1.7	0.9	2.8
I alt .....	7 232	13 455	2 121	22 808	100.0	100.0	100.0	100.0

På grunnlag av dei resultata som er gjevne i tabell 60, har ein rekna seg fram til tal for alle bruk over 5 dekar. Desse tala ser ein av følgjande talrekker.

	Bruk med jordbruksareal			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Trykkvatn frå:				
Kommunalt eller anna sams vassverk .....	5 500	9 600	2 900	18 000
Brunn, vatn eller elv som ligg høgre enn husa	23 800	61 300	10 200	95 300
Maskindrivi pumpe .....	3 600	11 800	5 700	21 100
Med handpumpe .....	9 200	16 100	1 500	26 800
Vatnet blir bori eller køyrt .....	27 900	23 800	500	52 200
I alt .....	70 000	122 600	20 800	213 400

Tala syner at det er heller stor skilnad mellom bruk av ymse storleik.

Trykkvatn frå brunn, vatn eller elv som ligg høgre enn husa er det vanlegaste. Om lag halvparten av bruken over 20 dekar får vatn på denne måten, men berre tredjeparten av bruken mellom 5 og 20 dekar.

Trykkvatn frå kommunalt eller anna sams vassverk er relativt mest vanleg ved bruken over 100 dekar. Det er ein god del mindre vanleg ved dei mindre bruken.

Når det gjeld trykkvatn frå maskindrivi pumpe, er skilnaden mellom bruksklassane serleg stor. Vel fjerdeparten av bruken over 100 dekar får vatn på denne måten, men berre kvart tiande bruk mellom 20 og 100 dekar og kvart tjuande mellom 5 og 20 dekar. Handpumpe, derimot, er relativt sett mykje meir vanleg ved bruken under 100 dekar enn ved dei større bruken.

Ved 52 200 eller fjerdeparten av bruka over 5 dekar er det ikkje innlagt vatn. Ved desse bruka må ein bera eller køyra vatnet. Knapt 28 000 av dei vel 52 000 bruka er bruk med 5,1—20 dekar jordbruksareal, og framimot 24 000 er bruk mellom 20 og 100 dekar. I bruksklassen 5,1—20 dekar svarar desse bruka til 40 prosent av alle, i bruksklassen 20,1—100 dekar til 19 prosent, men ved bruka over 100 dekar berre til 2 prosent.

Ved dei fullstendige jordbrukssteljingane — seinast i 1949 — har ein hatt med spørsmål om bruka hadde innlagt vatn i kjøken eller fjøs.

Oppgåvene frå 1953 kan ikkje utan vidare samanliknast med dei frå 1949. I 1953 ville ein i første rekke ha opplysninger om kva måte bruka blir forsynt med vatn på — i 1949 var det om bruka i det heile hadde innlagt vatn i kjøken eller fjøs, eller både stader. Det er likevel så mykje sams i desse oppgåvene at ein finn grunn til å jamføra dei for å få eit bilet av den utviklinga som har vori på dette omkvævet i tida etter 1949. Dersom ein handsamar teljingsmaterialelet frå 1949 og 1953 på same måten — ein reknar med at tilhøva er dei same ved dei bruk som ikkje har svara, som ved dei som har gjevi oppgåver — kjem ein fram til desse tala:

	1949	1953
Talet på bruk med innlagt vatn.....	134 000	161 200
Talet på bruk utan innlagt vant.....	79 400	52 200
I alt .....	213 400	213 400

Etter dette skulle det vera innlagt vatn ved framimot 76 prosent av alle bruk over 5 dekar i 1953, mot knapt 63 prosent i 1949. Det er då rekna med at det totale brukstal var det same i 1953 som i 1949.

No er det elles ikkje slik at ein slepp å bera eller køyra vatn ved alle dei bruka der det er lagt inn vassleidning. Ved sume bruk er det innlagt vatn berre i kjøkenet eller berre i fjøset. Ved andre bruk kan det vera slik at ein må bera eller køyra vatn til visse tider av året. Ved etterrøknaden i 1953 har ein fått opplysningar som syner at det blir bori eller køyrt vatn, ved sida av innlagt vatn, ved 2 322 av dei 22 808 bruka det er talt ved. Dette svarar til vel tiandeparten av bruka. Utrekna på grunnlag av det totale brukstalet over 5 dekar, skulle dette bli 22 200 bruk. Det skulle altså vera innlagt vatn ved 161 200 av alle bruka over 5 dekar (75,5 prosent). Men av desse er det så 22 200 der det blir bori eller køyrt vatn ved sida av innlagt vatn. Desse bruka svarar til 10,4 prosent av alle bruk over 5 dekar. Ved 52 200 eller 24,5 prosent av bruka over 5 dekar blir alt vatn bori eller køyrt.

Trykkvatn frå brunn, elv eller vatn som ligg høgre enn husa er det vanlegaste i alle landsluter. Serleg vanleg er det i Trøndelag og på Vestlandet. Det er relativt meir vanleg i dei indre bygdene og kystbygdene enn i dei beste jordbruksbygder og mellom- eller skogbygdene.

Trykkvatn frå kommunalt eller anna sams vassverk er serleg vanleg i Akershus. Her får meir enn fjerdeparten av bruka vatn på denne måten. I dette fylket er det den vanlegaste måten for vassforsyninga. Akershus skil seg sterkt ut frå dei andre fylka. Dei som kjem nærmest er Vestfold og Sør-Trøndelag, men her er det berre 12—15 prosent av bruka som får vatn på denne måten.

Trykkvatn frå maskindrivi pumpe er relativt mest vanleg i dei beste jordbruksbygder — ved vel femteparten av bruka. På Jæren får halvdelen av bruka vatn frå maskindrivi pumpe. I Nord-Noreg er maskindrivi pumpe lite nytta, og er elles i det heile lite nytta i kystbygdene og dei indre bygder.

Handpumpe er serleg vanleg i Østfold — ved fjerdeparten av bruka; dernest i Nordland, Aust-Agder, Vestfold og Hedmark.

A bera eller køyra vatn (bruk som ikkje har innlagt vatn) er relativt mest vanleg i Nord-Noreg — ved framimot tredjeparten av bruken. I Finnmark er meir enn halvparten av bruken utan innlagt vatn. Også i Hedmark, Oppland, Telemark, både Agder-fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane er minst fjerdeparten av bruken utan innlagt vatn. På Jæren og i dal- og fjellbygdene og andre indre bygder i Trøndelag er vassbering eller -køyring lite vanleg.

I Østfold, Aust-Agder og Finnmark må vel fjerdeparten av dei brukna som har innlagt vatn, også køyra eller bera vatn. Elles viser ein til tabell XIII bak i boka.

### Omsetnadstilhøve.

Ved etterrøknaden vart det spurt om det er vanleg at det frå bruket blir selt: korn, poteter, høy, grønsaker, frukt, hagebær, mjølk, smør, storfekjøt, saupekjøt, flesk, egg eller ull. Det vart også spurt etter kva omsetnadsmåte som blir nytta — om det er sal direkte til forbrukar, gjennom salslag eller på annan måte.

Tabell XIV bak i boka syner kor mange det er av dei vel 22 800 brukna i etterrøknaden som sel dei ymse produkt det her er spørsmål om. Denne tabellen syner også kor mange bruk det er som ikkje har noko sal. Talet på bruk utan sal finn ein som absolutte tal for alle bruk som er med i etterrøknaden, og som relativtal også for bruk av ymse storleik. Nemninga «utan sal» tyder her at brukna til vanleg ikkje har noko sal av dei produkt som ein spør etter ved denne etterrøknaden. Det kan godt vera at det er sal av andre produkt som det ikkje er spørsmål om her.

*Tabell 61. Talet på bruk som til vanleg sel dei ymse produkt.*

	Absolutte tal				Relative tal Bruk i alt, klassevis = 100			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Korn .....	156	1 254	1 350	2 760	2.2	9.3	63.6	12.1
Poteter .....	849	4 198	1 214	6 261	11.7	31.2	57.2	27.5
Høy .....	639	715	307	1 661	8.8	5.3	14.5	7.3
Grønsaker .....	221	842	214	1 277	3.1	6.3	10.1	5.6
Frukt .....	340	696	140	1 176	4.7	5.2	6.6	5.2
Hagebær .....	435	874	143	1 452	6.0	6.5	6.7	6.4
Mjølk .....	2 262	9 283	1 922	13 467	31.3	69.0	90.6	59.0
Smør .....	647	1 903	113	2 663	8.9	14.1	5.3	11.7
Storfekjøt .....	1 966	9 077	1 859	12 902	27.2	67.5	87.6	56.6
Saupekjøt .....	1 520	5 986	790	8 296	21.0	44.5	37.2	36.4
Flesk .....	620	3 928	1 384	5 932	8.6	29.2	65.3	26.0
Egg .....	1 001	3 206	935	5 142	13.8	23.8	44.1	22.5
Ull .....	806	3 696	603	5 105	11.1	27.5	28.4	22.4
Bruk utan sal .....	2 464	1 053	2	3 519	34.1	7.8	0.1	15.4

Oppgåvene gjeld berre talet på bruk der det til vanleg er sal. Her kjem ein ikkje inn på spørsmålet om kor stort salet er. Gjer ein desse resultata gjeldande for alle bruk over 5 dekar (dei 213 400 brukna i 1949), kjem ein fram til dei bruks-tala ein ser av fylgjande talrekker.

	Talet på bruk med sal			
	Bruksklassar			
	5.1–20 dekar	20.1–100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Korn .....	1 500	11 400	13 200	26 100
Poteter .....	8 200	38 300	11 900	58 400
Høy .....	6 200	6 500	3 000	15 700
Grønsaker .....	2 200	7 700	2 100	12 000
Frukt .....	3 300	6 400	1 400	11 100
Hagebær .....	4 200	8 000	1 400	13 600
Mjølk .....	21 900	84 600	18 800	125 300
Smør .....	6 200	17 300	1 100	24 600
Storfekjøt .....	19 000	82 800	18 200	120 000
Sauerkjøt .....	14 700	54 600	7 700	77 000
Flesk .....	6 000	35 800	13 600	55 400
Egg .....	9 600	29 200	9 200	48 000
Ull .....	7 800	33 700	5 900	47 400
Bruk utan sal .....	23 900	9 600	—	33 500

Rimeleg nok er det relativt flest bruk utan sal i dei lægste klassane. Vel tredjeparten av bruken mellom 5 og 20 dekar har ikkje sal. I bruksklassen 20,1—100 dekar er det mindre enn tiandeparten av bruken som er utan sal, medan det er sal frå så å seia alle bruk over 100 dekar. Elles er det relativt flest bruk utan sal i Nord-Noreg (vel fjerdeparten av bruken). I Finnmark er nærmare  $\frac{2}{5}$  av bruken utan sal. Det er relativt fleire bruk utan sal i kystbygdene og mellom- eller skogbygdene enn i dei beste jordbruksbygder og dei indre bygder. I skiferlandskapa ved Boknfjorden og på Jæren er det berre 2—3 prosent av bruken over 5 dekar som er utan sal.

I alle bruksklassar er sal av produkt frå storfehaldet det vanlegaste. Det er i alt vel 125 000 bruk som sel mjølk, knapt 25 000 bruk sel smør og 120 000 sel storfekjøt. Det er sjølv sagt stort sett dei same bruken som sel mjølk og storfekjøt. Suma av dei som sel smør, sel også mjølk. Det kan til dømes vera bruk som sel mjølk om vinteren, medan dei sel smør i sumartida, når dei har kyrne på sætra. Det kan også vera bruk der det blir selt mjølk direkte til forbrukar, medan dei sel smør til smørlag eller meieri. I bruksklassen 5,1—20 dekar er det mjølkesal frå bortimot tredjeparten av bruken, og sal av storfekjøt frå knapt så mange bruk. I bruksklassen 20,1—100 dekar er det mjølkesal frå vel  $\frac{2}{3}$  av bruken. Det er også  $\frac{2}{3}$  av bruken som sel storfekjøt. 90 prosent av bruken over 100 dekar sel mjølk, og mest like mange sel storfekjøt. Sal av smør er relativt vanlegast ved bruken mellom 20 og 100 dekar, og minst vanleg ved bruken over 100 dekar. Ved bruken over 100 dekar er smøret det minst vanlege salsprodukt av dei produkta ein spør etter ved denne etterrøknaden.

Det er stor skilnad distriktsvis når det gjeld sal av dei ymse produkt, men så å seia overalt er det sal av storfeprodukt som er det mest vanlege. På Vestlandet er det mjølkesal frå  $\frac{2}{3}$  av alle bruken over 5 dekar — på Jæren og i skiferlandskapa ved Boknfjorden frå over  $\frac{4}{5}$  av bruken. Det er relativt færrest med mjølkesal i Nord-Noreg — vel  $\frac{2}{5}$  av bruken. I Trøndelag blir det selt storfekjøt frå noko over  $\frac{2}{3}$  av bruken, men frå knapt halvparten av bruken i Agder og vel halvparten på Austlandet og i Nord-Noreg. Stort sett er det relativt flest som sel storfekjøt i dei indre bygdene, relativt færrest i mellom- eller skogbygdene. Skilnaden mellom dei ymse strøk er serleg stor når det gjeld smørsal. Sal av smør er relativt vanlegast i dei indre bygder, medan det er minst vanleg i dei beste jordbruksbygder.

I Trøndelag blir det selt smør frå meir enn femteparten av bruka. I dal- og fjellbygdene og kystbygdene i Trøndelag er det smørsal frå over 40 prosent av bruka. I desse områda er det etter måten få som sel mjølk. Også i dal- og fjellbygdene i Agder blir det selt smør frå meir enn tredjeparten av bruka over 5 dekar. I dei sør austlege slettebygder og silurbygdene på Austlandet, og i skiferlandskapet ved Boknfjorden og på Jæren, er det etter måten svært få som sel smør.

Noko over tredjeparten (77 000) av bruka over 5 dekar sel *sauekjøt*, og noko meir enn femteparten av bruka (vel 47 000) sel *ull*. Sal av desse produkta frå sauehaldet er mest vanleg ved bruka mellom 20 og 100 dekar. Det er elles ikkje stor skilnad på relativtala for denne bruksklassen og bruka over 100 dekar (sjå tabell 61). Relativtala for bruka mellom 5 og 20 dekar er mykje lægre.

Sal av produkt frå sauehaldet er mest vanleg i dei indre bygder, der meir enn halvdelen av bruka sel sauekjøt og framimot  $\frac{2}{5}$  sel ull. Sal av sauekjøt og ull er minst vanleg i dei beste jordbruksbygder og mellom- eller skogbygdene. På Vestlandet og i Trøndelag er det sal av sauekjøt frå halvparten av bruka. På Austlandet og i Agder er det berre vel femteparten av bruka som sel sauekjøt. Innan desse landslutene skil dal- og fjellbygdene seg ut med sal frå vel halvparten av bruka. I dei indre bygder på Vestlandet er det sal av sauekjøt frå  $\frac{2}{3}$  av bruka. Fylkesvis skil Sogn og Fjordane seg ut med sal frå vel  $\frac{2}{3}$  av bruka. I dei sør austlege slettebygder på Austlandet er det sers få som sel sauekjøt, berre 4 prosent av bruka.

Tala for sal av ull syner stort sett same biletet som det ein får for sauekjøtet. Det er relativt flest som sel ull på Vestlandet — serleg i dei indre bygder — og elles i dal- og fjellbygdene og andre indre bygder på Austlandet, i Agder og i Trøndelag.

Det er i alt vel 55 000 bruk (vel fjerdeparten av alle bruka over 5 dekar) som sel *flesk*. Det er fleskesal frå innpå  $\frac{2}{3}$  av bruka over 100 dekar, frå noko under tredjeparten av bruka mellom 20 og 100 dekar, men frå mindre enn tiande-kvart bruk mellom 5 og 20 dekar.

Framimot halvparten av bruka i dei beste jordbruksbygder sel flesk, mot om lag sjetteparten av bruka i kystbygdene og dei indre bygder. I Trøndelag er det sal av flesk frå vel  $\frac{2}{5}$  av bruka, men i Nord-Noreg er det ikkje meir enn kvart femtiande bruk som sel flesk. Fylkesvis skifter det mellom over 50 prosent i Østfold og Vestfold og 0,2 prosent i Finnmark. I bygdene ved Trondheimsfjorden er det serleg mange som sel flesk — framimot  $\frac{3}{5}$  av bruka over 5 dekar.

48 000 bruk (mellan  $\frac{1}{4}$  og  $\frac{1}{5}$  av bruka over 5 dekar) sel *egg*. Det er eggsal frå vel  $\frac{2}{5}$  av bruka over 100 dekar, frå knapt fjerdeparten av bruka mellom 20 og 100 dekar og frå om lag sjuandeparten av bruka mellom 5 og 20 dekar.

I dei beste jordbruksbygder blir det selt egg frå vel  $\frac{2}{5}$  av bruka over 5 dekar, i mellom- og skogbygdene og kystbygdene frå  $\frac{1}{5}$  og i dei indre bygder frå om lag kvart åttande bruk. I skiferlandskapet ved Boknfjorden og på Jæren blir det selt egg frå  $\frac{3}{4}$  av bruka. Dei to områda står i ei stode for seg. Etter desse følgjer dei ytre fjordbygder og bygdene ved Trondheimsfjorden i Trøndelag, og dei sør austlege slettebygder på Austlandet. Her er det vel  $\frac{2}{5}$  av bruka som sel egg. I Nord-Noreg er det berre 6 prosent av bruka som til vanleg har eggsal.

Det mest vanlege planteprodukt til sal er *poteter*. For vel 58 000 bruk — noko over fjerdeparten av alle bruka over 5 dekar — er det gjevi opp at det er vanleg å selja poteter. Framimot  $\frac{3}{5}$  av bruka over 100 dekar sel poteter, knapt tredjeparten av bruka mellom 20 og 100 dekar, og om lag åttandeparten av bruka mellom 5 og 20 dekar.

I dei beste jordbruksbygder er det noko under halvparten av bruka som sel poteter. Det er relativt færrest som sel poteter i dei indre bygder — knapt femteparten av bruka. Det er noko mindre vanleg med potetsal i Nord-Noreg

enn i dei andre landsdelar, men det er elles ikkje så stor skilnad landsdelsvis. Skilnaden kjem meir tydeleg fram når ein ser på tala for dei einskilde jordbruksområde. På Jæren er det såleis potetsal frå  $\frac{3}{5}$  av bruken, i innlandsbygdene i Nord-Noreg frå mindre enn tiandekvart bruk.

Det er i alt vel 26 000 bruk som sel korn. Dette svarar til 12 prosent av alle bruken over 5 dekar. Halvparten av desse bruken har over 100 dekar jordbruksareal. I denne bruksklassen er det kornsal frå bortimot  $\frac{2}{3}$  av bruken, medan det i klassen 20,1—100 dekar berre er vel 9 prosent som sel korn, og berre vel 2 prosent i klassen 5,1—20 dekar.

Austlandet og Trøndelag står i ei gruppe for seg når det gjeld sal av korn. Her er det sal frå  $\frac{1}{5}$ — $\frac{1}{4}$  av bruken. Så fylgjer Agder, der det berre er 4 prosent som sel korn. Det er først og framst i dei beste jordbruksbygder ein finn bruk som sel korn. I dei sør austlege slettebygder er det kornsal frå  $\frac{2}{5}$  av bruken, og i silurbygdene på Austlandet og i bygdene ved Trondheimsfjorden er det om lag tredjeparten av bruken som sel korn.

Det er i alt framimot 16 000 bruk over 5 dekar som sel høy. Dette svarar til vel 7 prosent av bruken. Det er relativt flest som sel høy ved dei største bruken. Dernest fylgjer bruken mellom 5 og 20 dekar. Ein stor del av dei bruken som har høysal i denne klassen sel graset på rot. Mange av dei er bruk der det for tida ikkje blir drivi vanleg jordbruk. Det er bruk med berre eng, og denne enga blir hausta av grannar som kjøper graset på rot. Sal av høy er relativt vanlegast i bygdene ved Trondheimsfjorden. På Vestlandet er det få bruk som sel høy.

Det er sal av hagebær frå noko under 14 000 bruk — vel 6 prosent av alle bruken over 5 dekar. Relativt sett er det liten skilnad på bruk av ymse storleik.

Relativt flest bruk som sel hagebær er det i Agder og på Vestlandet. I skiferlandskapa ved Boknfjorden er det bærsal frå tredjeparten av bruken. Det kan elles vera grunn til å nemna at sal av hagebær er serleg vanleg i dei sør austlege slettebygder i Buskerud. Her er det bærsal frå over 45 prosent av bruken. Innan dette området er bærsal meir vanleg enn sal av noko anna av dei produkt som er tekne med i denne etterrøknaden.

Det er sal av grønsaker frå 12 000 bruk. Det svarar til framimot 6 prosent av alle bruken over 5 dekar. Det er relativt flest som sel grønsaker mellom dei største bruken, færrest mellom dei minste bruken. Relativt sett er det langt fleire

*Tabell 62. Talet på bruk med sal, prosentvis delt på bruksklassar.*

	Bruksklassar			I alt
	5,1–20 dekar	20,1–100 dekar	Over 100 dekar	
Korn .....	5.7	45.4	48.9	100.0
Poteter .....	13.6	67.0	19.4	100.0
Høy .....	38.5	43.0	18.5	100.0
Grønsaker .....	17.3	65.9	16.8	100.0
Frukt .....	28.9	59.2	11.9	100.0
Hagebær .....	30.0	60.2	9.8	100.0
Mjølk .....	16.8	68.9	14.3	100.0
Smør .....	24.3	71.5	4.2	100.0
Storfekjøt .....	15.2	70.4	14.4	100.0
Saukjøt .....	18.3	72.2	9.5	100.0
Flesk .....	10.5	66.2	23.3	100.0
Egg .....	19.5	62.3	18.2	100.0
Ull .....	15.8	72.4	11.8	100.0
Bruk utan sal .....	70.0	29.9	0.1	100.0

som sel grønsaker i dei beste jordbruksbygder enn i dei andre områdegrupper. I skiferlandsaka ved Boknfjorden blir det selt grønsaker frå bortimot halvparten av bruka, og på Jæren frå fjerdeparten av bruka.

Sal av frukt er det frå i alt vel 11 000 bruk. Det er vel 5 prosent av alle bruka over 5 dekar. Det er ikkje serleg stor skilnad på relativtala for dei tre bruksklassane, men tala aukar litt med aukande bruksstorleik (sjå tabell 61).

Det er relativt flest som sel frukt i dei indre bygdene, færrest i kystbygdene. Det er dei indre bygdene på Vestlandet som gjer at områdegruppa indre bygdene kjem høgst. I dei indre bygdene på Vestlandet — dette store området som femner over fleire av dei beste fruktstrøka i landet — er det sal av frukt frå meir enn fjerdeparten av bruka. Det er få som sel frukt i dei indre bygdene i dei andre landsdelane. Det er elles skiferlandsaka ved Boknfjorden som har relativt flest bruk med fruktsal — meir enn  $\frac{2}{5}$  av bruka.

Relativtala i tabell 62 viser kor stor del (i prosent) av bruka med sal av dei ymse produkt det er som fell på dei ymse bruksklassar.

Ein ser der at for så å seia alle produkt, fell storparten av bruka på klassen 20,1—100 dekar. Bruka over 100 dekar gjer seg relativt mest gjeldande for korn, dernest for flesk og poteter, egg og høy. Bruka mellom 5 og 20 dekar gjer seg relativt mest gjeldande for høy, hagebær, frukt, smør og egg.

Ved denne etterrøknaden vart det også spurt om korleis omsetnaden går for seg — om det er sal direkte til forbrukar, til salslag (meieri o. l.), til det offentlege (korn til Statens Kornforretning), eller sal ved annan omsetnadsmåte.

Resultata finn ein klassevis for dei 22 800 bruka som var med i etterrøknaden i tabell 63.

Når ein gjer bruk av denne tabellen, må ein vera merksam på at eitt og same bruket kan omsetja dei einskilde produkt på meir enn ein måte. Det kan til dømes vera at bruket sel egg gjennom egglaget, men samstundes kan det også selja direkte til forbrukar. Eit slikt bruk kjem såleis med både under «salslag» og under «sal til forbrukar». Dette gjer at summen av bruk med ymse omsetnadsmåtar blir større enn talet på bruk i alt med sal av det einskilde produkt. Ein tek eit døme: Av tabell 61 ser ein at det er 6 261 bruk som til vanleg har sal av poteter. Tabell 63 viser at det er 3 699 bruk som har selt poteter direkte til forbrukar, 1 592 har selt gjennom salslag og 1 400 har nytta annan omsetnadsmåte — til saman 6 691. Dette kjem også til syne i relativtala. 59,1 prosent av bruka med potetsal har selt poteter direkte til forbrukar, 25,4 prosent til salslag og 22,4 prosent gjennom annan omsetnad — til saman 106,9 prosent. Dei 6,9 prosent representerar altså dei bruka som har nytta meir enn ein omsetnadsmåte for poteter.

Tabell 61 viser det totale brukstalet over 5 dekar med sal av dei ymse produkt. På grunnlag av relativtala i tabell 63 har ein gruppert desse bruka med sal etter omsetnadsmåte. Sjå tabell 64.

Tabell 63 viser at sal gjennom salslag er langt vanlegare for husdyrprodukta enn for planteprodukta, og mykje meir vanleg ved dei større bruk enn ved mindre bruk. Når det gjeld sal direkte til forbrukar, går rekkjefylgia den andre vegen — relativt vanlegast ved dei minste bruk og minst vanleg ved dei største bruk. Relativtala for sal gjennom annan omsetnad er mindre regelmessige, men stort sett blir relativtala mindre med aukande bruksstorleik.

Ein gjev her eit stutt oversyn over omsetnadsmåte for dei einskilde produkt.

*Korn.* Dei fleste sel kornet gjennom Statens Kornforretning.

*Poteter.* Om lag  $\frac{3}{5}$  av dei som sel poteter omset potetene direkte til forbrukar. Sal til forbrukar er relativt vanlegast ved dei minste bruka, og serleg vanleg er det i Agder og Nord-Noreg, der  $\frac{3}{4}$  av bruka med potetsal leverer til forbrukar. I dei beste jordbruksbygder er det  $\frac{2}{5}$  som sel til forbrukar, på Jæren og i skiferlandsaka ved Boknfjorden er det berre om lag sjuandeparten av bruka.

Tabell 63. Talet på bruk med sal delt etter omsetnadsmåte.

Produkt og omsetnadsmåte	Absolutte tal				Relative tal Bruk med sal klassevis = 100			
	Bruk med jordbruksareal				Bruk med jordbruksareal			
	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt	5.1– 20 dekar	20.1– 100 dekar	over 100 dekar	i alt
Korn:								
Til forbrukar .....	37	100	14	151	23.7	8.0	1.0	5.5
Gjennom salslag .....	20	159	197	376	12.8	12.7	14.6	13.6
Til det offentlege .....	89	942	1 119	2 150	57.1	75.1	82.9	77.9
Annan omsetnadsmåte	10	58	41	109	6.4	4.6	3.0	3.9
Poteter:								
Til forbrukar .....	593	2 638	468	3 699	69.8	62.8	38.6	59.1
Gjennom salslag .....	133	979	480	1 592	15.7	23.3	39.5	25.4
Annan omsetnadsmåte	155	876	369	1 400	18.3	20.9	30.4	22.4
Høy:								
Til forbrukar .....	596	602	163	1 361	93.3	84.2	53.1	81.9
Gjennom salslag .....	14	39	86	139	2.2	5.5	28.0	8.4
Annan omsetnadsmåte	29	84	76	189	4.5	11.7	24.8	11.4
Grønnsaker:								
Til forbrukar .....	106	336	53	495	48.0	39.9	24.8	38.8
Gjennom salslag .....	67	295	83	445	30.3	35.0	38.8	34.8
Annan omsetnadsmåte	75	296	95	466	33.9	35.2	44.4	36.5
Frukt:								
Til forbrukar .....	157	242	57	456	46.2	34.8	40.7	38.8
Gjennom salslag .....	74	211	43	328	21.8	30.3	30.7	27.9
Annan omsetnadsmåte	134	295	46	475	39.4	42.4	32.9	40.4
Hagebær:								
Til forbrukar .....	244	435	84	763	56.1	49.8	58.7	52.5
Gjennom salslag .....	91	244	37	372	20.9	27.9	25.9	25.6
Annan omsetnadsmåte	129	232	28	389	29.7	26.5	19.6	26.8
Mjølk:								
Til forbrukar .....	502	783	46	1 331	22.2	8.4	2.4	9.9
Gjennom salslag .....	1 781	8 626	1 907	12 314	78.7	92.9	99.2	91.4
Annan omsetnadsmåte	30	64	1	95	1.3	0.7	0.1	0.7
Sørø:								
Til forbrukar .....	42	111	1	154	6.5	5.8	0.9	5.8
Gjennom salslag .....	560	1 706	95	2 361	86.6	89.6	84.1	88.7
Annan omsetnadsmåte	53	110	18	181	8.2	5.8	15.9	6.8
Storfekjøt:								
Til forbrukar .....	81	191	25	297	4.1	2.1	1.3	2.3
Gjennom salslag .....	1 185	6 400	1 426	9 011	60.3	70.5	76.7	69.8
Annan omsetnadsmåte	719	2 658	464	3 841	36.6	29.3	25.0	29.8
Saukjøt:								
Til forbrukar .....	164	462	25	651	10.8	7.7	3.2	7.8
Gjennom salslag .....	877	4 210	646	5 733	57.7	70.3	81.8	69.1
Annan omsetnadsmåte	517	1 538	143	2 198	34.0	25.7	18.1	26.5
Flesk:								
Til forbrukar .....	79	242	45	366	12.7	6.2	3.3	6.2
Gjennom salslag .....	331	2 601	1 053	3 985	53.4	66.2	76.1	67.2
Annan omsetnadsmåte	217	1 167	334	1 718	35.0	29.7	24.1	29.0
Egg:								
Til forbrukar .....	251	707	219	1 177	25.1	22.1	23.4	22.9
Gjennom salslag .....	441	1 690	543	2 674	44.1	52.7	58.1	52.0
Annan omsetnadsmåte	344	906	198	1 448	34.4	28.3	21.2	28.2
Ull:								
Til forbrukar .....	82	212	19	313	10.2	5.7	3.2	6.1
Gjennom salslag .....	406	2 234	428	3 068	50.4	60.4	71.0	60.1
Annan omsetnadsmåte	332	1 316	164	1 812	41.2	35.6	27.2	35.5

Tabell 64. Alle bruk med sal delt etter omsetnadsmåte.

	Bruk med sal i alt	Delt etter omsetnadsmåte		
		Til forbrukar	Gjennom salslag	Annan omsetnadsmåte
Korn .....	26 100	1 400	3 600	21 300
Poteter .....	58 400	34 500	14 800	13 100
Høy .....	15 700	12 900	1 300	1 800
Grønsaker .....	12 000	4 600	4 200	4 400
Frukt .....	11 100	4 300	3 100	4 500
Hagebær .....	13 600	7 100	3 500	3 700
Mjølk .....	125 300	12 400	114 500	900
Smør .....	24 600	1 400	21 800	1 700
Storfekkjøt .....	120 000	2 800	83 800	35 700
Saukjøt .....	77 000	6 000	53 200	20 400
Flesk .....	55 400	3 400	37 200	16 100
Egg .....	48 000	11 000	25 000	13 500
Ull .....	47 400	2 900	28 500	16 800

Fjerdeparten av bruken med potetsal sel gjennom salslag. Dette er relativt mindre enn for dei andre produkt — bortsett frå korn og høy. Sal gjennom salslag er mest vanleg i Trøndelag, der meir enn halvparten av bruken sel potetene på denne måten.

Noko over femteparten sel potetene gjennom annan omsetnad (til handelsmann, oppkjøpar o. a.). Denne omsetnadsmåten er relativt mest nyttig i dei sør austlege slettebygder og silurbygdene på Austlandet, i skiferlandskapa ved Boknfjorden og på Jæren.

*Høy.* Meir enn  $\frac{4}{5}$  av bruken med høysal omset høyet direkte til forbrukar. Serleg vanleg er dette ved dei minste bruken, der over 90 prosent sel høyet til forbrukar. I stor mon er det forbrukarane sjølve som haustar høyet som blir selt frå desse små bruken.

Det er berre vel 8 prosent av bruken med høysal som sel gjennom salslag. Sal gjennom salslag er mest vanleg ved dei største bruken. Serleg vanleg er det i bygdene ved Trondheimsfjorden, der meir enn halvparten av dei som sel høy nyttar salslag til omsetnaden. Også i «andre indre bygder» i Trøndelag er det mange ( $\frac{2}{5}$  av bruken) som nyttar denne omsetnadsmåten.

Sal av høy gjennom annan omsetnad er relativt mest vanleg på Jæren, i dei sør austlege slettebygder på Austlandet og i bygdene ved Trondheimsfjorden.

*Grønsaker.* Det er om lag like mange bruk som nyttar dei ymse omsetnadsmåtar for grønsaker. Sal direkte til forbrukar er relativt mest vanleg ved dei minste bruken, minst vanleg ved dei største.

I skiferlandskapa ved Boknfjorden og på Jæren er det få som sel grønsaker til forbrukar. Sal direkte til forbrukar er i det heile relativt mindre vanleg i dei beste jordbruksområde enn i dei andre områdegrupper.

Sal gjennom salslag er relativt sett meir vanleg i Trøndelag enn i dei andre landsdelar. Sal gjennom annan omsetnadsmåte er mest vanleg i dei sør austlege slettebygder, på Jæren og i skiferlandskapa ved Boknfjorden.

*Frukt.* Det er heller liten skilnad mellom bruk av ymse storleik. Knapt  $\frac{2}{5}$  av bruken med fruktsal sel frukta direkte til forbrukar, vel  $\frac{1}{4}$  gjennom salslag og  $\frac{2}{5}$  gjennom annan omsetnad.

Sal direkte til forbrukar er serleg vanleg i Agder, sal gjennom salslag og annan omsetnad på Vestlandet. I skiferlandskapa ved Boknfjorden er det relativt sett serleg mange som nyttar salslag. Kystbygdene skil seg ut med rela-

tivt mange som sel frukt direkte til forbrukar, medan dei indre bygder på den andre sida skil seg ut med relativt mange som sel frukta gjennom salslag.

*Hagebær.* Vel halvparten av bruka med bærsal har sal direkte til forbrukar, vel fjerdeparten gjennom salslag, og det er også vel fjerdeparten som nyttar annan omsetnadsmåte. Skilnaden mellom bruk av ymse storleik er ikkje serleg stor. Sal til forbrukar er relativt mest vanleg i Agder. Sal gjennom salslag er mest vanleg i skiferlandskapet ved Boknfjorden og i bygdene ved Trondheimsfjorden, medan det er Austlandet og Vestlandet som har relativt mest sal gjennom annan omsetnad.

*Mjølk.* Mjølka blir i større mòn enn dei andre produkta selt gjennom salslag (meieri). Meir enn  $\frac{9}{10}$  av bruka med mjølkessel sel mjølka på denne måten. Tiande-kvart bruk sel mjølk til forbrukar, medan det er berre få bruk som nyttar annan omsetnadsmåte. Det er relativt flest som sel mjølk direkte til forbrukar mellom dei minste brukna.

Av bruka med mjølkkesal, er det relativt flest som sel til forbrukar i Agder og Nord-Noreg og elles i kystbygdene og dal- og fjellbygdene i Trøndelag og i «andre ytre bygder» på Vestlandet.

*Smør.* Også når det gjeld omsetnad av smør, er det relativt få bruk som ikkje sel gjennom salslag. Knapt  $\frac{9}{10}$  av bruka med smørsal leverer til salslag. Det er ikkje serleg stor skilnad mellom bruk av ymse storleik i så måte. Mellom bruka over 100 dekar — der det i det heile er få som sel smør — er det relativt færre som sel direkte til forbrukar og fleire gjennom «annan omsetnad» enn ved dei mindre bruk. Relativt sett er sal av smør til forbrukar mest vanleg i Nord-Noreg og på Austlandet. Sal gjennom «annan omsetnad» er relativt mest vanleg i dei beste jordbruksbygder.

*Storfekjøt.* Om lag  $\frac{2}{3}$  av dei bruka som har sal av storfekjøt, sel kjøtet gjennom salslag. Vel fjerdeparten av bruka sel gjennom «annan omsetnad», medan det berre er få bruk med sal direkte til forbrukar. Sal gjennom «annan omsetnad» (til handelsmann, oppkjøpar o.l.) er mest vanleg ved bruka under 100 dekar. I kystbygdene i Agder er sal gjennom «annan omsetnad» den vanlegaste omsetnadsmåten. Elles er slik omsetnad heller vanleg også i fleire andre område i ymse delar av landet. Stort sett er slik omsetnad minst vanleg i dei indre bygder.

*Saukjøt.* Vel  $\frac{2}{3}$  av dei bruka som har sal av saukjøt sel kjøtet gjennom salslag. Berre ca. 8 prosent sel direkte til forbrukar, medan vel fjerdeparten av bruka nyttar annan omsetnad. Det er relativt fleire som nyttar salslag di større bruka er.

Omsetnad direkte til forbrukar er relativt mest vanleg i Nord-Noreg. Men her er det også relativt fleire enn i dei andre landsdelar som sel saukjøt gjennom salslag. Derimot er det relativt få som nyttar annan omsetnadsmåte i Nord-Noreg. Også i Trøndelag er det relativt mange som sel gjennom salslag. I kystbygdene og mellom- eller skogbygdene i Agder sel dei fleste saukjøtet gjennom «annan omsetnad». Elles er det relativt mange som omset saukjøtet på denne måten også i dei fleste områda på Austlandet og Vestlandet, og i kystbygdene og dei ytre fjordbygder i Trøndelag. Det er i dei indre bygder, og dernest i dei beste jordbruksbygder, ein mest ålment gjer bruk av salslag til omsetnaden.

*Flesk.* Dei klassevis tala for omsetnad av flesk syner stort sett same biletet som for saukjøtet. Også når det gjeld flesket er det dei indre bygder som i sterkest grad gjer bruk av salslag. Sal av flesk til forbrukar er relativt mest vanleg i Agder og Nord-Noreg. I kystbygdene og mellom- eller skogbygdene i Agder er elles «annan omsetnad» meir vanleg enn sal gjennom salslag. Det er elles relativt mange som nyttar «annan omsetnad» også på Austlandet (bortsett frå dal- og fjellbygdene), på Vestlandet (bortsett frå skiferlandskapet ved Boknfjorden) og i dei ytre områda i Trøndelag.

*Egg.* Vel halvparten av dei som sel egg nyttar salslag, vel femteparten av brukar sel direkte til forbrukar og vel fjerdeparten gjennom annan omsetnad. Så svært stor skilnad er det ikkje mellom bruk av ymse storleik. Men det er relativt sett noko fleire som sel direkte til forbrukar og gjennom «annan omsetnad» mellom dei minste brukar enn i dei høgre bruksklassar.

Det er relativt flest som sel til forbrukar i Nord-Noreg og på Austlandet. I bygdene ved Trondheimsfjorden er det serleg mange som nyttar salslag. Dette er elles noko som gjer seg gjeldande for dei fleste produkt. Det er i Agder det er relativt flest bruk som nyttar annan omsetnad.

*Ull.* Sal til forbrukar er lite vanleg.  $\frac{3}{5}$  av brukar med sal av ull sel gjennom salslag, og vel tredjeparten av brukar nyttar annan omsetnad. Det er relativt flest som sel direkte til forbrukar og gjennom annan omsetnad ved dei minste brukar. Sal til forbrukar er elles mest vanleg i Nord-Noreg, medan sal gjennom annan omsetnad er mest vanleg i Agder og på Vestlandet.

Når ein tek eit oversyn over oppgåvane over omsetnadsmåte, ser ein at sal gjennom salslag har serleg mykje å seia for omsetnaden av husdyrprodukta. Salslag gjer seg noko mindre gjeldande for omsetnaden av planteprodukt. Sett i høve til talet på bruk som sel dei ymse produkt, spelar salsлага størst rolle i Trøndelag, minst rolle i Agder. Dette gjeld både husdyr- og planteprodukt. Sal gjennom salslag er relativt sett langt meir vanleg i dei indre bygder og dei beste jordbruksbygder enn i mellom- eller skogbygdene og kystbygdene.

Tabell I. Jordbruksareal

	Øst-fold	Akers-hus	Hed-mark	Opp-land	Buske-rud	Vest-fold	Tele-mark	Aust-Agder
Haustkveite .....	4 084	1 050	34	236	1 493	737	269	38
Vårkveite .....	32 509	27 973	18 083	7 199	21 524	31 457	13 951	2 381
Haustrug .....	1 648	154	101	219	131	1 617	255	18
Vårrug .....	164	568	-	134	559	208	144	112
Bygg .....	43 298	64 824	182 451	145 562	36 291	40 064	7 527	3 262
Havre .....	160 254	178 559	89 371	41 756	61 206	74 540	19 420	7 686
Blandkorn .....	1 881	3 898	1 051	14 911	3 234	903	9	19
Erter .....	773	138	1 154	108	159	208	3	174
Korn og erter i alt..	244 611	277 164	292 245	210 125	124 597	149 734	41 578	13 690
Grønfôr .....	1 817	2 150	15 855	12 463	5 794	1 349	3 736	2 300
Poteter .....	40 117	46 874	58 970	58 416	24 518	37 811	20 956	13 700
Fôrnepe .....	1 612	1 553	5 974	2 529	241	351	276	233
Kålrot .....	15 964	12 940	10 267	5 097	7 107	10 899	4 576	1 295
Fôrbete .....	1 196	467	54	289	615	2 373	746	1 150
Fôrmergkål .....	1 914	2 608	3 692	1 218	508	908	520	38
Grønsaker .....	9 118	6 483	2 951	3 543	7 354	6 600	4 545	2 398
Andre vokstrar på åker og i hage <sup>1)</sup> .....	14 336	35 913	12 097	9 966	21 485	16 539	12 171	6 644
Brakk .....	7 744	3 593	6 584	2 847	4 258	3 431	1 049	625
I alt åker og hage..	338 429	389 745	408 689	306 493	196 477	229 995	90 153	42 073
Eng til slått:								
Eng på dyrka jord .....	324 016	349 660	388 438	331 783	226 486	188 687	176 994	98 689
Natureng på innmark.....	2 777	11 512	49 950	72 342	33 370	3 355	29 088	7 539
Sæterlykkjer .....	-	184	19 089	63 138	19 591	-	3 696	716
Utslætter .....	-	2 237	9 360	4 806	1 915	686	2 586	4 856
Eng til { på dyrka jord .....	38 247	42 612	24 477	9 154	13 504	24 474	13 973	8 203
beite { på natureng .....	7 317	22 132	59 143	57 409	9 131	3 843	5 449	2 890
Kultur- { på dyrka jord .....	54 405	46 594	15 932	4 274	16 369	32 783	11 484	3 104
beite { på overfl. dyrka jord	23 440	36 168	62 604	77 741	22 024	9 539	26 142	5 684
I alt jordbruksareal	788 631	900 844	1037 682	927 140	538 867	493 362	359 565	173 754
Av dette: Dyrka jord .....	755 097	828 611	837 536	651 704	452 836	475 939	292 604	152 069
Innmark .....	788 631	898 423	1009 233	859 196	517 361	492 676	353 283	168 182

<sup>1)</sup> Jordbær og bringebær rekna med.

## i 1953. Dekar.

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	Bygdene i alt
65	17	15	-	106	135	100	-	-	-	8 379
871	591	160	88	623	2 033	5 076	22	-	-	164 541
20	-	35	-	-	-	28	-	-	-	4 226
17	32	-	-	-	-	-	4	-	-	1 942
3 715	37 662	2 340	2 127	19 740	85 017	133 066	5 359	370	-	812 675
6 934	23 075	1 416	1 221	5 011	22 974	28 278	1 600	24	-	723 325
-	-	22	28	50	320	58	36	-	-	26 420
15	38	-	-	1	-	82	-	-	-	2 853
11 637	61 415	3 988	3 464	25 531	110 479	166 688	7 021	394	-	1 744 361
2 928	3 794	5 276	3 903	9 336	7 661	4 554	13 817	9 870	2 435	109 038
13 398	47 611	25 516	19 842	30 934	28 957	45 354	30 801	16 406	1 302	561 483
274	2 967	820	762	3 861	7 636	13 505	1 120	146	10	43 870
785	9 789	1 302	1 866	3 001	1 361	4 939	141	-	-	91 329
1 103	9 824	38	40	32	-	52	-	-	-	17 979
341	5 766	847	628	598	195	305	4	-	-	20 090
1 885	7 982	1 677	975	2 564	1 713	2 753	1 192	602	132	64 467
4 711	16 912	26 916	15 853	9 484	4 460	5 415	1 282	420	-	214 604
694	431	843	475	1 775	627	1 266	2 734	435	546	39 957
37 756	166 491	67 223	47 808	87 116	163 089	244 831	58 112	28 273	4 425	2 907 178
144 785	215 828	265 284	220 423	313 586	407 962	333 202	430 205	234 763	57 987	4 708 778
14 141	13 442	126 650	137 726	102 866	34 038	15 037	170 493	96 765	43 558	964 649
495	302	2 021	5 371	3 126	8 639	1 678	120	197	87	128 450
5 398	1 410	13 547	9 499	7 140	6 953	1 438	19 375	20 194	6 936	118 336
12 712	46 219	13 375	4 978	9 999	29 263	42 228	5 663	1 714	878	341 673
5 316	8 910	26 785	26 744	45 911	39 609	12 351	27 284	4 861	2 770	367 855
4 126	10 466	7 221	1 854	8 410	13 404	21 277	5 940	294	50	257 987
13 792	110 463	51 666	37 818	42 457	25 824	21 862	15 744	7 972	112	591 052
238 521	573 531	573 772	492 221	620 611	728 781	693 904	732 936	395 033	116 803	10 385 958
199 379	439 004	353 103	275 063	419 111	613 718	641 538	499 920	265 044	63 340	8 215 616
232 628	571 819	558 204	477 351	610 345	713 189	690 788	713 441	374 642	109 780	10 139 172

Tabell II. Husdyrhaldet

	Øst-fold	Akers-hus	Hed-mark	Opp-land	Buske-rud	Vest-fold	Tele-mark	Aust-Agder
<b>Hestar:</b>								
Under 1 år .....	242	131	183	333	136	87	35	9
1 og 2 år .....	558	428	516	661	465	212	136	51
3 og 4 år .....	654	493	552	1 157	408	213	270	111
5—16 år .....	8 018	9 234	11 236	10 372	6 215	5 587	5 257	2 851
Over 16 år .....	1 753	1 522	2 165	2 319	1 637	1 324	896	367
I alt .....	11 225	11 808	14 652	14 842	8 861	7 423	6 594	3 389
<b>Storfe:</b>								
Under 1 år .....	14 250	13 631	23 549	23 161	12 050	10 315	7 026	2 743
Oksar { 1—2 år .....	2 772	2 803	2 698	3 119	1 285	2 252	504	368
over 2 år .....	719	650	440	325	209	261	342	79
Kviger (som ikke har hatt kalv) .....	9 518	10 758	12 506	11 191	5 829	5 746	4 362	2 083
Kyr (som har hatt kalv)....	41 895	45 214	57 395	64 656	31 003	23 964	22 071	11 442
I alt .....	69 154	73 056	96 588	102 452	50 376	42 538	34 305	16 715
<b>Sauer:</b>								
Under 1 år (lam) .....	1 366	7 146	62 477	75 071	28 479	2 000	20 234	13 437
Over 1 år .....	1 751	7 336	55 791	64 495	24 577	1 863	17 853	13 082
I alt .....	3 117	14 482	118 268	139 566	53 056	3 863	38 087	26 519
<b>Geiter:</b>								
Under 1 år (kje) .....	5	—	2 089	5 341	842	—	506	—
Over 1 år .....	6	—	7 927	20 810	2 570	—	1 700	—
I alt .....	11	—	10 016	26 151	3 412	—	2 206	—
<b>Svin:</b>								
Under 4 månader .....	19 929	29 149	32 795	28 088	10 140	11 373	9 495	4 066
Over { slaktesvin .....	8 235	12 135	10 599	13 512	7 421	6 716	7 209	2 030
4 { ale- { rånar .....	230	172	158	239	43	92	47	41
mndr. { svin { purker .....	5 460	6 516	4 482	7 468	1 075	2 198	1 529	721
I alt .....	33 854	47 972	48 034	49 307	18 679	20 379	18 280	6 858
<b>Høns:</b>								
Vaksne .....	352 273	302 525	213 626	171 819	140 551	245 304	149 514	79 110
Kjuklingar .....	232 123	119 848	119 892	80 799	84 025	137 323	74 970	54 073

pr. 20. juni 1953.

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	Bygdene i alt
53	559	190	766	285	225	137	127	11	10	3 519
110	424	210	928	554	486	311	183	94	54	6 381
212	578	627	1 044	884	838	426	466	229	43	9 205
3 116	9 651	7 431	5 771	7 373	9 935	8 157	7 895	5 010	1 126	124 235
638	1 965	1 493	832	1 446	1 606	1 626	1 592	1 070	157	24 408
4 129	13 177	9 951	9 341	10 542	13 090	10 657	10 263	6 414	1 390	167 748
6 849	21 297	14 576	19 519	18 338	23 730	19 069	27 357	12 838	4 267	274 565
537	4 373	2 068	2 956	2 036	4 235	3 345	2 834	1 012	219	39 416
110	419	243	88	136	354	288	304	113	74	5 154
3 712	12 315	8 131	7 079	9 517	9 273	9 435	7 789	3 965	1 155	134 364
